

**ETNE KONTROLLUTVAL****INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET**

**Dato:** måndag 27. september 2021  
**Tid:** kl. 13.00  
**Sted:** Etne tinghus, formannskapssalen

**Forfall meldes til:** Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977  
eller på e-post: [post@kontrollutvalgene.no](mailto:post@kontrollutvalgene.no)

Ved forfall blir varamedlem innkalla særskilt. Medlem som har lovleg forfall eller meina seg ugild, må gi melding om dette slik at varamedlem kan bli innkalla.

Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no)

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmer/varamedlemmer.

---

**Kommunedirektør/kommunalsjef er invitert i sak 14**

---

**SAKLISTE:**

- 13/21 Godkjenning av protokoll frå møte 10.05.21**
- 14/21 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef utvikling og drift**
- 15/21 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Trygt og godt skulemiljø»**
- 16/21 Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde**
- 17/21 Revisor si eigenerklæring for 2021**
- 18/21 Orientering om revisjonsplan for rekneskapsåret 2021**
- 19/21 Budsjettframlegg 2022 –kontrollarbeidet i kommunen**
- 20/21 Referat- og orienteringssaker 27.09.21**

**Ymse**

Aksdal, 20.09.21

Tollef Rullestad  
Kontrollutvalsleiar (sign.)

Odd Gunnar Høie  
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)  
Revisor (møte- og talerett)  
Kommunedirektør (invitert i sak 14)  
Varamedlem (til orientering)

| SAKSGANG        |          |         |
|-----------------|----------|---------|
| Utval           | Møtedato | Saks nr |
| Kontrollutvalet | 27.09.21 | 13/21   |
|                 |          |         |

| Saksansvarleg:  | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 033        |           |

## GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 10.05.21

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 10.05.21 blir godkjent slik han ligg føre.

**Saksvedlegg:** Protokoll frå møte 10.05.21

### Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 10.05.21 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje komme merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen skal godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 20.09.21

Odd Gunnar Høie  
*Seniorrådgjevar/utvalssekretær*

**ETNE KONTROLLUTVAL****PROTOKOLL**

Måndag **10. mai 2021** blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Tollef Rullestad.

|                                    |                                                                                                                       |
|------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>MØTESTAD:</b>                   | Etne tinghus, formannskapssalen og Teams                                                                              |
| <b>MØTESTART/-SLUTT:</b>           | kl. 13.00 – kl. 14.50                                                                                                 |
| <b>MØTANDE MEDLEMER:</b>           | Tollef Rullestad (Ap), Nina Vierdal Vee (Sp), Øyvind Kaldheim (Krf) og Ragni Sunniva Fett (V)                         |
| <b>FORFALL:</b>                    | Kjetil Winterthun (Frp) – kort varsel                                                                                 |
| <b>MØTANDE VARAMEDLEM:</b>         | Ingen                                                                                                                 |
| <b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>    | Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS                                             |
| <b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>       | Rekneskapsrevisor Else Holst-Larsen – Deloitte. Forvaltningsrevisor Sindre Rødne Dueland – KPMG AS, på Teams i sak 11 |
| <b>FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:</b> | Kommunedirektør Bjørn Tollefsen. Økonomisjef Filippo Ballarin i sak 8 og 9.                                           |
| <b>ANDRE SOM MØTTE:</b>            | Ingen                                                                                                                 |
| <b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>   | Ingen                                                                                                                 |
| <b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>     | Ingen                                                                                                                 |

**FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:****SAK 07/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 08.02.21****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 08.02.21 blir godkjent slik han ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet 10.05.21:**

Protokollen blei godkjent utan merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.05.21:**

*Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 08.02.21 blir godkjent slik han ligg føre.*

## SAK 08/21 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – ØKONOMISJEF

### **Sekretariatet si innstilling:**

Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunaldirektør for utvikling og drift om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 10.05.21:**

På grunn av ei misforståing var ikkje kommunaldirektør for utvikling og drift blitt varsla. Økonomisjef Filippo Ballarin, som etter planen skulle orientera i septembermøtet, tok utfordringa og gav ei orientering direkte i møtet.

Han gjorde greie for sitt ansvarsområde, korleis dei var organisert og at dei var 5 tilsette i avdelinga. Det var tilsett ein ny medarbeidar frå 1. juni. Avdelinga hadde den siste tida endra på interne rutinar, definert rollene til dei tilsette betre og gjort ein del oppryddingsarbeid. Mellom anna så var alle tilsettingskontraktar til alle tilsette i kommunen gjennomgått. Økonomisjefen hadde månadlege møter med kommunedirektøren. I juni vil dei gå over til å lagre all informasjon i sky-løysing.

Økonomisjefen svara på spørsmål om mellom anna sikkerheit for sky-løysing, overskridingar innan pleie og omsorg, dataprogrammet «Framsikt» og personalhandtering.

Leiar takka økonomisjefen for ei interessant orientering, og for at han tok utfordringa med å orientera på så kort varsel.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.05.21:**

*Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå økonomisjefen om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.*

## SAK 09/21 UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2020

### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling:**

Etne kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2020 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegg).

Kontrollutvalet tilrår at Etne kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020.

### **Handsaming i kontrollutvalet 10.05.21:**

Kommunedirektør Bjørn Tollefsen orienterte om årsmeldinga. Året hadde vore krevjande på grunn av korona. Kommunen hadde til tross for dette levert gode tenester, innafor budsjetterte rammer. Økonomisjef Filippo Ballarin viste ein presentasjon og orienterte om rekneskapen. Resultatet var på minus 3,4 %. Mykje av underskotet skyldast ei opprydding/korrigeringsarbeid i økonomiavdelinga hadde føretatt i samanheng med årsoppgjeret. Det hadde vore ein del eldre poster som ikkje var retta opp eller avstemt korrekt. Dette hadde ført til at underskotet blei auka med rundt 10 millionar. Kommunedirektøren og økonomisjefen meinte det var blitt gjennomført ei grundig og nødvendig opprydding.

Rekneskapsrevisor Else Holst-Larsen kommenterte revisor sitt arbeid. Det var ingen merknader i revisjonsmeldinga. Ho meinte det var bra, og nødvendig oppryddingsarbeid som var gjennomført i samheng med årsoppgjeret. Ho meinte det ville gjera revisor sitt arbeid lettare i framtida.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna realistiske budsjett, vikarbruk og bruk av heile stillingar. Utvalet hadde ingen merknader, og slutta seg til uttalen slik den var fremma.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.05.21 og innstilling:**

*Etne kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2020 slik den ligg føre:*

*Etne kommune har i 2020 eit negativt netto driftsresultat med 13 mill. kr, som utgjer minus 3,4 % av driftsinntektene. Det er eit dårlegare resultat enn i 2019, som var på minus 0,3 %. Resultata i 2019 og 2020 er godt under teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2020, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2020 og for kommunen si økonomiske stoda pr. 31.12.20.*

*Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, som er kome fram i dialog med revisor, som kunne hatt noko å seie for utvalet sin uttale, jf. kommuneloven § 11-2.*

*Ut over ovannemnde og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet, samt revisors orientering om årsoppgjeret og revisjonsmeldinga, har ikkje kontrollutvalet merknader til årsrekneskapen til Etne kommune for 2020.*

*Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020.*

## **SAK 10/21 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2020 – REVISOR SI ATTESTASJON OM ØKONOMI- FORVALTNINGA**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Etne kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2020 til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 10.05.21:**

Rekneskapsrevisor Else Holst-Larsen kommenterte den skriftlege attestasjonen. Revisor hadde ikkje funne noko som tyda på at Etne kommune ikkje etterlevde regelverket. Utvalet hadde ingen merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.05.21:**

*Etne kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2020 til orientering.*

## SAK 11/21 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND (FOS)»

### Sekretariatet si innstilling:

1. Etne kommunestyre tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Forum for oppvekst i Sunnhordland» frå KPMG til orientering.
2. Rapporten vert oversendt kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gjev tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

### Handsaming i kontrollutvalet 10.05.21:

Forvaltningsrevisor Sindre Rødne Dueland frå KPMG AS deltok på Teams og presenterte rapporten. Han gjekk i gjennom formål, problemstillingane, metodar som var nytta, og deira vurderingar som hadde nedfelt seg i ein del tilrådingar. Nokre av dei var allereie blitt retta opp innan rapporten var klar. Kommunestyret hadde handsama ny samarbeidsavtale i møte 10.12.20, sak 66/20.

Kommunedirektøren var nøgd med samarbeidet dei hadde med FOS. Utvalet hadde ingen merknader.

### Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.05.21 og innstilling til kommunestyret:

1. *Etne kommunestyre tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Forum for oppvekst i Sunnhordland» frå KPMG til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Kommunedirektøren gjev tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

## SAK 12/21 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 10.05.21

4. Statusoversyn pr. mai 2021
5. KST-vedtak 23.02.21, sak 12/21 – Årsmelding for kontrollutvalet 2020
6. Saksframlegg om opptak av kommunane på Haugalandet i Rogaland Revisjon IKS
7. Representantskapsmøte 23.04.21 – Haugaland brann og redning IKS
8. Representantskapsmøte 23.04.21 – Haugaland Vekst IKS
9. Representantskapsmøte 26.04.21 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
10. Representantskapsmøte 26.05.21 – HIM IKS
11. Invitasjon til digital FKT-konferanse 1. – 2. juni 2021
12. KMD mars 2021 -Veileder til kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften
13. «Har gått bra bunn til topp på ett år» - Kommunal Rapport 29.04.21

**Handsaming i kontrollutvalet 10.05.21:**

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Revisor gav ei løypemelding om arbeidet med prosjektet «Trygt og godt skulemiljø». Rapport blir lagt fram for utvalet i september. Påmelding til sekretariatet på FKT-konferansen innan 18. mai.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.05.21:**

*Referatsakene 4 – 13 vert tatt til orientering.*

**YMSE**

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

**Neste møte: måndag 20.09.21, kl. 13.00**

**Saker:** budsjett for kontrollarbeidet 2022, orientering frå kommunalsjef utvikling og drift, eigenerklæring frå Rogaland Revisjon IKS og forvaltningsrevisjonsrapport «Trygt og godt skulemiljø».

Etne/Aksdal, 11.05.21

Tollef Rullestad  
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie  
Utvalssekretær

| SAKSGANG        |          |        |
|-----------------|----------|--------|
| Utval           | Møtedato | Saksnr |
| Kontrollutvalet | 27.09.21 | 14/21  |
|                 |          |        |

| Saksansvarleg:  | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 033        |           |

## ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – V/KOMMUNALSJEF UTVIKLING OG DRIFT

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunaldirektør for utvikling og drift om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

### Saksorientering

Utvalet vedtok i møtet 18.05.20, sak 11/20 følgjande:

*Etne kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:*

21.09.20      fellestenester v/kommunedirektør  
23.11.20      oppvekst og kultur v/kommunalsjef Sævik

#### 2021

08.02.21      helse og omsorg v/kommunalsjef Selland  
10.05.21      **utvikling og drift v/kommunalsjef Lundberg**  
20.09.21      økonomi v/økonomisjef Ballarin  
08.11.21      personalavd. v/personalsjef Kallestadbakken

*Tidsramma vert sett til 30 - 40 min. inkludert spørsmål. Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.*

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen si drift og dei utfordringane kommunen har. Planen/invitasjonen blei sendt kommunedirektøren 26.05.20.

Kommunalsjef Lundberg var invitert til å orientera i maimøtet. På grunn av ei misforståing var han ikkje blitt varsla. Økonomisjef Ballarin orienterte difor i maimøtet, og Lundberg vil orientera i septembermøtet.



Sekretariatet vil gjere framlegg om følgjande tema (berre rettleiande):

**Tenesteområda og tenestetilbod**

- Korleis tenesteområda er organisert
- Kva tenester som ligg til tenesteområda

**Dei tilsette**

- Fordeling på dei ulike tenestene
- Rekruttering av medarbeidarar
- Eventuelle utfordringar når det gjeld rekruttering

**Budsjett og rekneskap**

- Rammer
- Resultat

**Tankar om framtida**

- Utfordringar
- Planar

Tidsrama er sett til 30-40 minutt inkludert spørsmål. Dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller særskilte ønskjer om emne eller spørsmål, må dei varsle sekretariatet om det før møtet.

Aksdal, 20.09.21

Odd Gunnar Høie  
*Seniorrådgjevar/utvalssekretær*

| SAKSGANG        |          |            |
|-----------------|----------|------------|
| Utval           | Møtedato | Saksnummer |
| Kontrollutvalet | 27.09.21 | 15/21      |
| Kommunestyret   | 26.10.21 |            |

| Saksansvarleg:  | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 216        |           |

## FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «TRYGT OG GODT SKULEMILJØ»

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

1. Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Trygt og godt skulemiljø» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 10 tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

**Saksvedlegg:** «Trygt og godt skulemiljø» - rapport utarbeida av Deloitte AS

### Bakgrunn

I plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 for Etne kommune var revisjon av «Trygt og godt skulemiljø» prioriterte på fyrsteplass.

Kontrollutvalet starta våren 2021 ein prosess med å gjennomføra ein slik revisjon. I møtet den 08.02.21, sak 03/21 gjorde utvalet følgjande vedtak:

*Etne kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Trygt og godt skulemiljø» i samsvar med vedlagte prosjektplan. Oppdraget tingast frå Deloitte AS innanfor ei rame på 250 timar.*

### Føremål:

*Føremålet med prosjektet har vore å undersøke om skuleeigar og den enkelte skule arbeider systematisk for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulane i Etne kommune, samt om skulane har rutinar for å handtere og følgje opp tilfelle der elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø i samsvar med krav i opplæringslova.*

**Problemstillingar:**

Forvaltningsrevisjonen skulle svara på fylgjande problemstillingar:

- 1. I kva grad arbeider skulane i kommunen kontinuerleg for å førebyggje brot på retten til eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulen?**
  - a) I kva grad har skulane formulert mål, utarbeidd planar og sett i verk tiltak for å bidra til eit godt psykososialt skulemiljø og førebygging av mobbing, og i kva grad blir mål, planar og tiltak jamleg evaluerte og oppdaterte?
  - b) I kva grad blir Elevundersøkinga og ev. andre trivselsundersøkingar nytta systematisk for å ha oversikt over utfordringar knytt til mobbing og anna krenkande åtferd ved skulane og vurdere behov for konkrete tiltak?
  - c) Arbeider kommunen og skulane systematisk for å førebyggje digitale krenkingar?
  - d) I kva grad blir elevar og føresette involverte i arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og førebyggje mobbing?
    - i. Er det etablert skulemiljøutval i samsvar med krav i regelverket?
    - ii. I kva grad blir elevane involvert i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø?
    - iii. I kva grad blir føresette informerte og involverte i arbeidet med skulemiljøtiltak?
- 2. I kva grad er det etablert system og rutinar som medverkar til å sikre at konkrete tilfelle der ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø blir handtert i samsvar med krav i opplæringslova?**
  - a) Er det etablert tilfredsstillande rutinar som skildrar korleis den enkelte tilsette og skulen skal følgje opp aktivitetsplikta i opplæringslova § 9 A-4 og dei handlingspliktene som følgjer av denne?
  - b) I kva grad er tilsette på skulane kjend med eventuelle rutinar for å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og handtere saker der dette ikkje er tilfelle?
  - c) I kva grad er det utarbeidd rutinar for skjerpa aktivitetsplikt i saker der ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev, og i kva grad er ev. slike rutinar kjent blant lærarane?
  - d) I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at involverte elevar blir høyrde og at eleven sine meiningar blir vektlagt i arbeidet med å finne eigna tiltak for å sikre at eleven får det trygt og godt på skulen?
  - e) I kva grad blir saker der ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, følgt opp i samsvar med krav i opplæringslova, mellom anna med utarbeiding av aktivitetsplan?
  - f) I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at skulane informerer elevane og foreldra om rettane til eit trygt og godt skulemiljø, om tilsette si aktivitetsplikt og om elevane og foreldra sitt høve til å melde saka til Fylkesmannen<sup>2</sup> dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?
- 3. I kva grad har kommunen som skuleeigar etablert internkontroll som er eigna til å avdekke avvik og risiko for avvik når det gjeld reglane som går fram av opplæringslova kapittel 9 A, og ved behov følgje opp med risikoreduserande tiltak?**

- a) *I kva grad innhentar kommunen tilstrekkeleg og oppdatert informasjon om skulane sin praksis knytt til oppfølging av aktivitetsplikta og andre sentrale krav i opplæringslova kapittel 9 A til å kunne avdekke avvik eller risiko for avvik?*
- b) *I kva grad gjer kommunen ei vurdering av om praksisen til skulane er i samsvar med regelverket, og eventuelt sikrar at det blir satt i gang naudsynte og eigna tiltak for å sikre at praksisen til skulane er i samsvar med regelverket?*

Deloitte AS har med dette som utgangspunkt gjennomført prosjektet. Rapport blei mottatt av sekretariatet 31.08.21. Rapporten følgjer saka som vedlegg.

### **Rapporten**

Rapporten inneheld innleiingsvis eit samandrag av hovudbodskapen av revisor sine funn. Føremål, problemstillingar, metode og revisjonskriteria vert presentert i kapittel 1. Rapportens hovudinnhald vert presentert i kapittel 2 - 6. Konklusjon og tilrådingar følgjer i rapportens kapittel 7. Kommunedirektøren sin uttale er tatt inn i vedlegg 1. Revisjonskriterium, andre sentrale dokument og litteratur i vedlegg 2 - 3.

### **Revisor har følgjande hovudbodskap og tilrådingar:**

- 1) *Sikrar at plan for eit trygt og godt skulemiljø blir implementert på skulane i kommunen. Implementeringa bør sjåast i samanheng med allereie eksisterande planar og andre styringsdokument.*
- 2) *Etablerer system og rutinar for jamleg evaluering av planar, mål og tiltak på skulane i kommunen, samt sikrar at alle relevante aktørar blir involverte i dette arbeidet.*
- 3) *Vurderer å inkludere mål og tiltak for å førebyggje digitale krenkingar i relevante planar i kommunen og ved skulane, for å systematisere og tydeleggjere dette arbeidet ytterlegare.*
- 4) *Sørgjer for at skulane etablerer organ for brukarmedverknad (samarbeidsutval og skulemiljøutval), gjennomfører jamlege møte, samt arbeider for å synleggjere og tydeleggjere kva som skal vere skulemiljøutvalet si rolle ved skulane.*
- 5) *Gjennomgår og vidareutviklar rutinane for ivaretaking av aktivitetsplikta ved begge skulane, mellom anna for å sikre ei felles forståing av delpliktene som inngår i aktivitetsplikta, og sikre at alle tilsette er kjende med krav i regelverket og gjeldande rutinar ved skulane.*
- 6) *Sørgjer for at det føreligg tydelege skriftlege rutinar og føringar knytt til ivaretaking av den skjerpa aktivitetsplikta.*
- 7) *Sikrar at det alltid blir oppretta aktivitetsplan i dei tilfella lova krev det.*
- 8) *Tydeleggjer overfor skulane korleis ein kan sikre eleven sin rett til medverknad i samband med iverksetting av tiltak og utarbeiding av aktivitetsplan, og sikrar at det blir dokumentert i kva grad eleven sine synspunkt blir vektlagde.*

- 9) Sikre at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon til elevane og foreldra om rettar og plikter i samsvar med opplæringslova § 9 A-9.
- 10) Sikrar at planlagde tiltak for å betre internkontrollen knytt til kapittel 9 A i opplæringslova blir evaluerte etter noko tid, for å vurdere om dei fungerer etter intensjonen og om det ev. er behov for fleire eller andre tiltak for å sikre ein tilstrekkeleg internkontroll på området.

**Uttale frå kommunedirektøren**

Kommunedirektøren har hatt rapporten på høyring. Han skriv følgjande:

*Kommunedirektøren takkar for ein grundig og god rapport. Rapporten som er tilsendt for uttale gir oss eit godt bilete på at skulane er i gang, men at det framleis er ein del som må på plass før ein kan seia at dette er noko ein er god på.*

*Noko av det som rapporten viser oss er enkelt å få på plass, noko krev at me jobbar endå meir med forståing av det heile. Det er for få aktivitetsplanar, og det ser ut til at det er ein for høg terskel for å setja i gang ei sak.*

*Kommuneeigar skal i lag med skulane arbeida med sine planar og synleggjera desse, få på plass dokumentasjon etter gjennomgang av ulike undersøkinga, større involvering av FAU/elevråd/SU/SMU, det skal arbeidast meir med innhaldet i planar, rutinar og tiltak og ein skal arbeida meir med trygging av tilsette slik at einer sikker på at alle veit kva dei skal gjera.*

*Kommunalsjef for oppvekst har gått gjennom kommunen sin plan for trygt og godt og har tatt med dei innspela som rapporten etter forvaltningsrevisjon viste. Denne blir presentert igjen for skuleleiinga i haust.*

*Noko av det som er korne fram i rapporten er altså alt retta opp, og einer i gang med arbeidet.*

**Konklusjon**

Sekretariatet har gjort ei vurdering av at rapporten er av god kvalitet i henhold til standardkrava til forvaltningsrevisjonsrapporter (RSK001), og at den er i samsvar med kontrollutvalet si bestilling og vedtatt prosjektplan. Val av revisjonskriterier er relevante sett opp mot problemstillingane. Revisor si vurderingar og tilrådingar er vidare basert på innsamla materiale, revisjonskriteriene og dei metodiske avgrensingane.

Resultatet etter forvaltningsrevisjonen viser at kommunen har forbedringspotensiale i og med at undersøkinga avdekkar nokre forbedringsområde. Sekretariatet vil på den bakgrunn tilrå at kontrollutvalet ber kommunestyret vedta at revisjonen sine tilrådingar blir fylgt opp.

Ein forvaltningsrevisjonsrapport skal systematisk bli fylgt opp for å sikre at forvaltninga set i verk tiltak for å rette opp påviste avvik/manglar og kontrollutvalet må sørgje for at kommunestyret sine vedtekte merknader til rapporten vert fylgt. Det vert tilrådd at slik oppfølging skjer frå 6 til 12 månader etter at rapporten er vedteken av kommunestyret.

Sekretariatet vil tilrå at det blir sett ein frist på ni månader for kommunedirektøren til når kommunestyret via kontrollutvalet får tilbakemelding om status for tilrådingane. Det er kommunestyret som fattar endeleg vedtak i saka. Forskrift om kontrollutval slår fast at kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i saker angående forvaltningsrevisjon.

Aksdal, 20.09.21

Odd Gunnar Høie  
*Seniorrådgjevar/utvalssekretær*



Forvaltningsrevisjon | Etne kommune

Trygt og godt skulemiljø

August 2021

«Forvaltningsrevisjon av trygt og godt  
skulemiljø»

August 2021

Rapporten er utarbeidd for Etne  
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen, 5892  
Bergen  
tlf: 55 21 81 00  
[www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)  
[forvaltningsrevisjon@deloitte.no](mailto:forvaltningsrevisjon@deloitte.no)



# Samandrag

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø i Etne kommune. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Etne kommune i sak 03/21 i møte 08.02.2021. Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøke om skuleeigar og den enkelte skule arbeider systematisk for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulane i Etne kommune, samt om skulane har rutinar for å handtere og følgje opp tilfelle der elevane ikkje har eit trygt og godt skulemiljø i samsvar med krav i opplæringslova.

I samband med forvaltningsrevisjonen har revisjonen gjennomgått aktuell dokumentasjon frå Etne kommune. Revisjonen har i tillegg gjennomført til saman fem intervju med til saman ti personar, og det blei sendt ut ei spørjeundersøking til alle rektorane, lærarane og andre tilsette (t.d. assistentar) ved grunnskulane i kommunen. Det er også gjort ein stikkprøvekontroll av sju saker der det blei konstatert at elevane ikkje hadde det trygt og godt på skulen.

Undersøkinga viser at Etne kommune har utarbeidd mål og planar for det førebyggjande arbeidet knytt til psykososialt skulemiljø. Våren 2021 hadde skulane ulike planar, og ved ein av skulane var planen ikkje oppdatert. Ein ny, kommunal plan for trygt og godt skulemiljø er datert mars 2021 og var derfor ikkje implementert på skulane på revisjonstidspunktet. Revisjonen meiner at planen synast å leggje eit godt grunnlag for eit planmessig arbeid for det psykososiale skulemiljøet, dersom den blir implementert og følgt opp som føresett. Revisjonen meiner også at det er positivt at det er etablert konkrete tiltak som ein del av det førebyggjande skulemiljøarbeidet ved begge skulane. Samtidig viser undersøkinga nokre forbettringsområde knytt til arbeidet med å evaluere mål, planar og iverksette tiltak. Revisjonen vil framheve viktigheita av jamlege evalueringar for å vurdere om mål og planar er relevante og tilstrekkeleg oppdaterte, og for å vurdere om tiltak fungerer i samsvar med intensjonen. For å sikre at evalueringane er tilstrekkeleg systematiske og målretta, meiner revisjonen det bør føreligge tydelege og skriftlege rutinar for desse prosessane på skulane. Vidare er det viktig at evalueringane blir dokumenterte og at det blir etablert planar for oppfølging av eventuelle forbettringspunkt.

Undersøkinga viser vidare at det er etablert system og/eller praksis for gjennomføring og oppfølging av resultatane frå Elevundersøkinga ved skulane og det blir gjennomgåande vist til at resultatane blir drøfta og nytta som grunnlag for å vurdere behov for konkrete tiltak. Samtidig er det ulikt i kva grad skulane har etablert skriftlege rutinar for desse prosessane, og praksisen for oppfølging av Elevundersøkinga er også noko ulik mellom anna når det gjeld involvering av elevane. For å sikre tydelege prosessar, og sikre tilstrekkeleg informasjon til og involvering av ulike partar, meiner revisjonen det bør føreligge ein viss grad av skriftlege rutinar ved begge skulane. Revisjonen vil også presisere viktigheita av at elevane sin anonymitet blir ivareteke ved drøfting av resultatane frå Elevundersøkinga.

Undersøkinga syner at skulane i kommunen gjennomfører ulike tiltak for å førebyggje digitale krenkingar. Revisjonen merkar seg likevel at førebygging spesifikt retta mot digitale krenkingar ikkje er omtala i det heile i kommunen sin plan for eit trygt og godt skulemiljø. Det føreligg heller ikkje skriftlege planar for desse tiltaka på den enkelte skule, og sjølv om det blir vist til ulike førebyggjande tiltak er det i liten grad snakk om faste tiltak. Med bakgrunn i opplysningar frå Utdanningsdirektoratet om at mange skulemiljøsaker har digitale spor, stiller revisjonen spørsmål ved at dette er eit tema det i så liten grad er retta merksemd mot i planar for skulemiljøarbeidet i Etne. Sjølv om det i intervju blir vist til at det i liten grad førekjem digitale krenkingar, meiner revisjonen det er viktig å oppretthalde merksemd mot det førebyggjande arbeidet, og sikre at dette er tilstrekkeleg systematisk.

Det har basert på det som kjem fram i undersøkinga ikkje vore etablert og/eller vore fungerande samarbeidsutval og skulemiljøutval ved skulane i Etne kommune. Dette er lovpålagt organ for alle grunnskular jf. opplæringslova §§ 11-1 og 11-2, og manglande etablering av desse organa for brukarmedverknad er dermed brot på opplæringslova. Revisjonen merkar seg at det nyleg er oppnemnd både samarbeidsutval og skulemiljøutval ved Enge skule, og vil presisere at det er viktig at tilsvarande blir gjort også ved Skånevik skule.

Undersøkinga viser at plan for trygt og godt skulemiljø skildrar korleis skulane skal arbeide for å sikre ei felles tilnærming til dei delane av den lovfesta aktivitetsplikta som gjeld alle som arbeider ved skulen (følgje med, gripe inn og varsle). På undersøkingstidspunktet var ikkje denne planen implementert ved skulane, og revisjonen vil presisere viktigheita av at skulane etablerer eigne planar for oppfølging av den felles kommunale planen, og der aktivitetane i det felles årshjulet inngår. Dette vil framover kunne bidra til å sikre at den enkelte tilsette er godt kjent med aktivitetsplikta, og at det på den enkelte skule er ei felles tilnærming til korleis handlingspliktene som følgjer av aktivitetsplikta blir forstått og ivareteke.

Pr. juni 2021 merkar revisjonen seg at det er til dels stor forskjellar mellom dei to skulane i kommunen når det gjeld system og rutinar for korleis ein skal arbeide med å følgje opp aktivitetsplikta, og revisjonen stiller spørsmål ved om

rutinane er tilstrekkelege til å sikre at tilsette har god kjennskap til gjeldande regelverk og bidrar til å sikre at dette blir etterlevd. Til dømes meiner revisjonen at det ved Enge skule bør rettast meir merksemd mot gjeldande lovkrav, heller en mot forskjellar mellom tidlegare og noverande regelverk. Ved Skånevik skule meiner revisjonen at det er enkelte sentrale krav i regelverket som ikkje går tilstrekkeleg tydeleg fram av flytskjemaet som er utarbeidd ved skulen, noko som kan medføre risiko for at krav i regelverket ikkje alltid blir følgt opp.

Revisjonen stiller også spørsmål ved om rutinane som er utarbeidd på skulane er godt kjend bland dei tilsette og om det er sikra ei tilstrekkeleg grad av felles forståing. Det er per i dag ikkje etablert eit system på begge skulane i kommunen som sikrar at dei tilsette jamleg får ein gjennomgang av aktivitetsplikta og kva ansvar dei har som følge av denne, samt ein gjennomgang av skulen sine rutinar. Dette er ikkje tilfredsstillande, men revisjonen merkar seg at det er planar om å sikre slike gjennomgangar ved begge skulane framover.

Ingen av planane, rutinane mv. som revisjonen har fått tilsendt frå Etne kommune eller skulane i kommunen inneheld konkret informasjon om skjerpa aktivitetsplikt jf. opplæringslova § 9 A-5. Det er også litt over 40 prosent av dei tilsette ved skulane i kommunen som svarar anten nei eller delvis på spørsmål om dei kjenner seg trygg på korleis dei skal handtere tilfelle der dei få mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev. Det er etter revisjonen si vurdering derfor ikkje sannsynleggjort i tilstrekkeleg grad at kommunen har sørga for at tilsette ved skulane er kjende med den skjerpa aktivitetsplikta, og at det er tydeleg for alle tilsette korleis ein skal gå fram dersom ein blir kjend med eller får mistanke om at ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev. Dette medfører etter revisjonen si vurdering risiko for at den skjerpa aktivitetsplikta ikkje blir følgt opp i samsvar med lovkrava.

Undersøkinga viser også at terskelen for å opprette aktivitetsplanar i saker der elevane ikkje har det trygt og godt i Etne har vore for høg. Revisjonen vil påpeika at det er brot på opplæringslova § 9 A-4 fjerde og sjetle ledd dersom det ikkje blir sett i verk tiltak og utarbeidd ein skriftleg plan når det er konstatert at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Kva som utløyser plikta til å setje i verk tiltak og utarbeide ein skriftleg plan er etter revisjonen si vurdering ikkje tilstrekkeleg tydeleg skildra i rutinane som er utarbeidd i kommunen eller på den enkelte skule. Dette medfører risiko for at det ikkje alltid blir iverksett tiltak og utarbeidd ein skriftleg plan i dei tilfella der lova krev det. Etter revisjonen si vurdering viser stikkprøvekontrollen døme på saker der det burde blitt sett i verk tiltak og utarbeidd ein skriftleg plan, men der dette ikkje er gjort. Revisjonen meiner også at det er behov for å gjennomgå skulane sine system og rutinar for dokumentasjon i samband med aktivitetsplikta, samt ulike malar for aktivitetsplan som er utarbeidd, slik at ein sikrar at malane både er brukarvenlege og ivaretek krav i regelverket på en god måte, samt at dokumentasjonen er tilstrekkeleg til å sikre at sakene er etterprøvbare.

Når det gjeld involvering av elevane sjølv i saker der ein har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, legg plan for trygt og godt skulemiljø opp til at det blir gjennomført samtalar både med eleven som kjenner seg krenka og eleven/elevane som gjennomfører krenkinga. Stikkprøvekontrollen syner også at elevane blir involverte, men at det i fleire saker mellom anna er utydeleg i kva grad meiningane til eleven blir vektlagde. Revisjonen vil derfor presisere viktigheita av elevane sin rett til medverknad, og viktigheita av at deira synspunkt blir vektlagde også i utarbeidinga av tiltak i aktivitetsplanane. Revisjonen meiner at retningslinjer for involvering av elevane med fordel kan tydeleggjerast ytterlegare.

Undersøkinga viser at det ikkje er etablert etablert rutinar og/eller praksis ved skulane som sikrar at alle foreldre får den informasjonen som opplæringslova § 9 A-9 krev.<sup>1</sup> Både fordi det ikkje er alle foreldre som får informasjon, og fordi informasjonen som blir nytta ikkje dekkjer alle momenta som lova krev at det skal informerast om. Det føreligg heller ikkje skriftlege rutinar/prosedyrar som omtalar korleis elevane skal få informasjon i samsvar med krava i opplæringslova § 9 A-9. Dette medfører etter revisjonen si vurdering ein risiko for at informasjonen blir personavhengig, og at elevane ikkje alltid får den informasjonen som lova krev. Manglande informasjon til føresette og/eller elevane er brot på krava i opplæringslova, og revisjonen vil presisere viktigheita av at rutinane blir gjennomgått og oppdaterte slik at ein sikrar at praksisen er i samsvar med lovkrava.

Manglane revisjonen har funne i undersøkinga indikerer at internkontrollen i kommunen knytt til trygt og godt skulemiljø ikkje har vore tilstrekkeleg. Samtidig er dette dels forhold som det den seinare tida har blitt retta merksemd mot frå kommunen si side, og revisjonen merkar seg som positivt at årshjul, sjekklistar knytt til arbeidet med trygt og godt skulemiljø og nærare føringar knytt til rapportering frå skulane er under utarbeiding og implementering. Dette vil kunne bidra til å sikre systematikk og føreseielegheit i internkontrollarbeidet, som er viktig for å sikre etterleving av krav i regelverket.

<sup>1</sup> Opplæringslova § 9 A-9 seier mellom anna at «Skolen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitelet. Skulane skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til statsforvaltaren etter § 9 A-6.»

# Innhald

|   |                                                                 |    |
|---|-----------------------------------------------------------------|----|
| 1 | Innleiing                                                       | 8  |
| 2 | Om tenestekområdet                                              | 11 |
| 3 | Det systematiske skulemiljøarbeidet                             | 13 |
| 4 | Handtering av tilfelle der ein elev ikkje har det trygt og godt | 28 |
| 5 | Internkontroll                                                  | 43 |
| 6 | Konklusjon og tilrådingar                                       | 46 |
|   | Vedlegg 1: Høyringsuttale                                       | 48 |
|   | Vedlegg 2: Revisjonskriterier                                   | 49 |
|   | Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur                      | 54 |

# Detaljert innhald

|       |                                                                           |    |
|-------|---------------------------------------------------------------------------|----|
| 1     | Innleiing                                                                 | 8  |
| 1.1   | Bakgrunn                                                                  | 8  |
| 1.2   | Føremål og problemstillingar                                              | 8  |
| 1.3   | Avgrensing                                                                | 9  |
| 1.4   | Metode                                                                    | 9  |
| 1.4.1 | Dokumentanalyse                                                           | 9  |
| 1.4.2 | Intervju                                                                  | 9  |
| 1.4.3 | Spørjeundersøking                                                         | 9  |
| 1.4.4 | Stikkprøvegjennomgang                                                     | 10 |
| 1.4.5 | Verifiseringsprosessar                                                    | 10 |
| 1.5   | Revisjonskriterium                                                        | 10 |
| 2     | Om tenesteområdet                                                         | 11 |
| 2.1   | Organisering av grunnskulane                                              | 11 |
| 3     | Det systematiske skulemiljøarbeidet                                       | 13 |
| 3.1   | Problemstilling                                                           | 13 |
| 3.2   | Revisjonskriterium                                                        | 13 |
| 3.2.1 | Retten til eit trygt og godt skulemiljø og krav om førebyggjande arbeid   | 13 |
| 3.2.2 | Digitale krenkingar                                                       | 13 |
| 3.2.3 | Involvering av elevar og føresette i skulemiljøarbeidet                   | 14 |
| 3.3   | Planar, mål og tiltak for skulemiljøarbeidet                              | 14 |
| 3.3.1 | Datagrunnlag                                                              | 14 |
| 3.3.2 | Vurdering                                                                 | 19 |
| 3.4   | Læringsmiljø- og trivselsundersøkingar                                    | 20 |
| 3.4.1 | Datagrunnlag                                                              | 20 |
| 3.4.2 | Vurdering                                                                 | 22 |
| 3.5   | Digitale krenkingar                                                       | 22 |
| 3.5.1 | Datagrunnlag                                                              | 22 |
| 3.5.2 | Vurdering                                                                 | 24 |
| 3.6   | Involvering av elevar og føresette i det førebyggjande skulemiljøarbeidet | 25 |
| 3.6.1 | Datagrunnlag                                                              | 25 |
| 3.6.2 | Vurdering                                                                 | 27 |
| 4     | Handtering av tilfelle der ein elev ikkje har det trygt og godt           | 28 |
| 4.1   | Problemstilling                                                           | 28 |
| 4.2   | Revisjonskriterium                                                        | 28 |
| 4.3   | Rutinar og kjennskap til oppfølging av aktivitetsplikta                   | 30 |
| 4.3.1 | Datagrunnlag                                                              | 30 |
| 4.3.1 | Vurdering                                                                 | 34 |
| 4.4   | Skjerpa aktivitetsplikt                                                   | 35 |
| 4.4.1 | Datagrunnlag                                                              | 35 |
| 4.4.2 | Vurdering                                                                 | 35 |
| 4.5   | Rutinar for å sikre at elevane blir høyrde og får høve til å medverke     | 36 |
| 4.5.1 | Datagrunnlag                                                              | 36 |

|       |                                                              |    |
|-------|--------------------------------------------------------------|----|
| 4.5.2 | Vurdering                                                    | 36 |
| 4.6   | Oppfølging av saker der ein elev ikkje har det trygt og godt | 37 |
| 4.6.1 | Datagrunnlag                                                 | 37 |
| 4.6.2 | Vurdering                                                    | 39 |
| 4.7   | Rutinar for informasjon om kap. 9 A til elevar og føresette  | 40 |
| 4.7.1 | Datagrunnlag                                                 | 40 |
| 4.7.2 | Vurdering                                                    | 41 |
| 5.1   | Problemstilling                                              | 43 |
| 5.2   | Revisjonskriterium                                           | 43 |
| 5.2.1 | Datagrunnlag                                                 | 43 |
| 5.2.2 | Vurdering                                                    | 45 |
| 6     | Konklusjon og tilrådingar                                    | 46 |
|       | Vedlegg 1: Høyringsuttale                                    | 48 |
|       | Vedlegg 2: Revisjonskriterier                                | 49 |
|       | Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur                   | 54 |

## Figurar

|          |                                                                                                                                                                     |    |
|----------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----|
| Figur 1  | Fordeling på ulike stillingar blant respondentane i spørjeundersøkinga. Alle respondentar.                                                                          | 10 |
| Figur 2: | Organisering av skulesektoren i Etne kommune pr. juni 2021                                                                                                          | 11 |
| Figur 3  | Planar, mål og tiltak. Rektor, andre leiarar og lærarar                                                                                                             | 18 |
| Figur 4  | Evaluering av mål, planar og tiltak som gjeld det psykososiale miljøet. Rektor, andre leiarar og lærarar.                                                           | 19 |
| Figur 5  | Bruk av resultat frå Elevundersøkinga. Alle respondentar.                                                                                                           | 21 |
| Figur 6  | Tiltak for å førebyggje digital mobbing. Rektor, andre leiarar og lærarar                                                                                           | 23 |
| Figur 7  | Involvering av elevar og føresette i det førebyggjande arbeidet. Rektorar, andre leiarar og lærarar.                                                                | 26 |
| Figur 8  | Involvering av elevar og føresette i evaluering av det førebyggjande arbeidet. Rektor, andre leiarar og lærarar                                                     | 27 |
| Figur 9  | gjennomgang av rutinar knytt til aktivitetsplikta i opplæringslova § 9A-4. Alle respondentane.                                                                      | 32 |
| Figur 10 | Påstandar om å gripe inn, varsle og følgje med. Andre leiarar, lærar og assistentar/miljøarbeidarar.                                                                | 33 |
| Figur 11 | Om tilsette kjenner seg trygge på at skulen fangar opp alle elevar som ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Andre leiarar, lærar og assistentar/miljøarbeidarar. | 33 |
| Figur 12 | Kjennskap til skjerpa aktivitetsplikt. Alle respondentar.                                                                                                           | 35 |
| Figur 13 | Medverknad av elevar ved utarbeiding av aktivitetsplan. Rektor, andre leiarar og kontaktlærarar.                                                                    | 36 |
| Figur 14 | Påstandar om aktivitetsplanar og tiltak. Rektor, andre leiarar og kontaktlærarar                                                                                    | 38 |
| Figur 15 | Informasjon til elevar og foreldre om rettar etter kap. 9 A. Rektor, andre leiarar og kontaktlærarar.                                                               | 41 |

## Tabellar

|           |                                   |    |
|-----------|-----------------------------------|----|
| Tabell 1: | Elevtal grunnskulane Etne kommune | 11 |
|-----------|-----------------------------------|----|

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av trygt og godt skulemiljø i Etne kommune. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Etne kommune i sak 03/21 08.02.2021.

## 1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet har vore å undersøke om skuleeigar og den enkelte skule arbeider systematisk for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulane i Etne kommune, samt om skulane har rutinar for å handtere og følgje opp tilfelle der elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø i samsvar med krav i opplæringslova.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar:

- 1. I kva grad arbeider skulane i kommunen kontinuerleg for å førebyggje brot på retten til eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulen?**
  - a) I kva grad har skulane formulert mål, utarbeidd planar og sett i verk tiltak for å bidra til eit godt psykososialt skulemiljø og førebygging av mobbing, og i kva grad blir mål, planar og tiltak jamleg evaluerte og oppdaterte?
  - b) I kva grad blir Elevundersøkinga og ev. andre trivselsundersøkingar nytta systematisk for å ha oversikt over utfordringar knytt til mobbing og anna krenkande åtferd ved skulane og vurdere behov for konkrete tiltak?
  - c) Arbeider kommunen og skulane systematisk for å førebyggje digitale krenkingar?
  - d) I kva grad blir elevar og føresette involverte i arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og førebyggje mobbing?
    - i. Er det etablert skulemiljøutval i samsvar med krav i regelverket?
    - ii. I kva grad blir elevane involvert i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø?
    - iii. I kva grad blir føresette informerte og involverte i arbeidet med skulemiljøtiltak?
- 2. I kva grad er det etablert system og rutinar som medverkar til å sikre at konkrete tilfelle der ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø blir handtert i samsvar med krav i opplæringslova?**
  - a) Er det etablert tilfredsstillande rutinar som skildrar korleis den enkelte tilsette og skulen skal følgje opp aktivitetsplikta i opplæringslova § 9 A-4 og dei handlingspliktene som følgjer av denne?
  - b) I kva grad er tilsette på skulane kjend med eventuelle rutinar for å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og handtere saker der dette ikkje er tilfelle?
  - c) I kva grad er det utarbeidd rutinar for skjerpa aktivitetsplikt i saker der ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev, og i kva grad er ev. slike rutinar kjent blant lærarane?
  - d) I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at involverte elevar blir høyrde og at eleven sine meiningar blir vektlagt i arbeidet med å finne eigna tiltak for å sikre at eleven får det trygt og godt på skulen?
  - e) I kva grad blir saker der ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, følgt opp i samsvar med krav i opplæringslova, mellom anna med utarbeiding av aktivitetsplan?
  - f) I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at skulane informerer elevane og foreldra om rettane til eit trygt og godt skulemiljø, om tilsette si aktivitetsplikt og om elevane og foreldra sitt høve til å melde saka til Fylkesmannen<sup>2</sup> dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?
- 3. I kva grad har kommunen som skuleeigar etablert internkontroll som er eigna til å avdekke avvik og risiko for avvik når det gjeld reglane som går fram av opplæringslova kapittel 9 A, og ved behov følgje opp med risikoreduserande tiltak?**

<sup>2</sup> Frå 01.01.2021 er namnet på embetet «Statsforvaltar»

- a) I kva grad innhentar kommunen tilstrekkeleg og oppdatert informasjon om skulane sin praksis knytt til oppfølging av aktivitetsplikta og andre sentrale krav i opplæringslova kapittel 9 A til å kunne avdekke avvik eller risiko for avvik?
- b) I kva grad gjer kommunen ei vurdering av om praksisen til skulane er i samsvar med regelverket, og eventuelt sikrar at det blir satt i gang naudsynte og eigna tiltak for å sikre at praksisen til skulane er i samsvar med regelverket?

### 1.3 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å omhandle kommunale grunnskular i Etne kommune, samt oppfølginga av barn i grunnskulepliktig alder. Vaksenopplæringa og eventuelle friskular er såleis ikkje omfatta av prosjektet. Vidare er prosjektet avgrensa til å handle om det psykososiale skulemiljøet. Det fysiske skulemiljøet, til dømes inneklima og standarden på bygningsmassen, er ikkje omfatta av prosjektet.

### 1.4 Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Oppdraget er gjennomført i tidsrommet februar 2021 til august 2021.

#### 1.4.1 Dokumentanalyse

Relevant regelverk og utdjupande føringar frå nasjonale mynde har blitt gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare har informasjon om kommunen, kommunen sine retningslinjer og rutinar, og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m., blitt samla inn og analysert. I tillegg til overordna dokument frå kommunen, har revisjonen også etterspurt utvalde dokument frå skulane.

#### 1.4.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder har Deloitte intervju utvalde personar frå Etne kommune som er involvert i arbeidet med å sikre eit trygt og god skulemiljø. Revisjonen har intervju kommunalsjef for oppvekst og kultur, rådgjevar oppvekst, rektor ved Skånevik skule og tidlegare konstituert rektor ved Enge skule.<sup>3</sup> I tillegg har revisjonen gjennomført eit gruppeintervju med lærarar ved begge skulane i kommunen. Dette utgjer fem intervju med til saman 10 personar.

#### 1.4.3 Spørjeundersøking


Revisjonen har sendt ut ei elektronisk spørjeundersøking til rektorane, alle lærarane og andre tilsette (t.d. assistentar) ved grunnskulane i kommunen for å få informasjon om korleis skulane arbeider med å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane. Spørsmåla i undersøkinga har kartlagt sentrale forhold knytt til ivaretaking av aktivitetsplikta, oppfølging av mobbesaker, og det å arbeide systematisk og kontinuerleg for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane. I tillegg til spørsmål med førehandsdefinerte svarkategoriar, har vi lagt til rette for at respondentane også kan gi utfyllande informasjon i opne svarfelt.

Spørjeundersøkinga blei gjennomført i perioden 10. mai 2021 til 4. juni 2021. Den blei sendt ut til 100 tilsette ved skulane i kommunen, og fekk til saman 69 svar, noko som vil seie at 69 prosent av respondentane svarte.<sup>4</sup> Figuren under syner korleis respondentane fordeler seg mellom ulike typar stillingar ved skulane.

<sup>3</sup> Den intervju var konstituert rektor ved Enge skule frå desember 2020 til mars 2021. I denne perioden fungerte vedkommande både som avdelingsleiar og rektor. I løpet av tidspunktet for revisjonen gjekk vedkommande tilbake til si stilling som avdelingsleiar. I rapporten er vedkommande omtala som konstituert rektor ved skulen.

<sup>4</sup> Det blei sendt ut fleire påminningar i gjennomføringsperioden, og svarfristen ble utsett med ei veke for å gje fleire høve til å svare.

Figur 1 Fordeling på ulike stillingar blant respondentane i spørjeundersøkinga. Alle respondentar.



Av dei 49 som svara at dei er lærarar er om lag halvparten (23 respondentar) også kontaktlærar.

Svara til respondentane vil i rapporten bli nytta til å belyse problemstillingane. Ettersom det er relativt stor forskjell på talet tilsette ved dei to skulane i kommunen, varierer også talet på respondentar pr. skule. Den største skulen utgjer om lag 78 prosent av respondentane, medan den minste skulen utgjer om lag 22 prosent av respondentane. Grunna omsyn til anonymitet vil ikkje revisjonen systematisk presentere resultat per skule i spørjeundersøkinga. Likevel vil revisjonen til ein viss grad omtale variasjonar og ulikskapar i svara frå skulane i rapporten.

#### 1.4.4 Stikkprøvegjennomgang

I samband med forvaltningsrevisjonen er det gjort ein stikkprøvekontroll av skulane si oppfølging av situasjonar der det blir konstatert at elevar ikkje har det trygt og godt på skulen. Revisjonen fekk tilsendt ei anonymisert oversikt over saker der det skuleåret 2019/20 og fram til mai i skuleåret 2020/21 har blitt konstatert at elevane ikkje har det trygt og godt på skulen. Basert på denne oversikta har revisjonen valt ut seks enkeltsaker for gjennomgang og kontroll av korleis saka er følgt opp. Stikkprøvene blei fordelt på begge skulane. I tillegg fekk revisjonen tilsendt dokumentasjon knytt til ei aktiv sak frå den eine skulen, som i utgangspunktet ikkje inngjekk i stikkprøvekontrollen (sjå kap. 4). I praksis inngår alle dokumenterte kap. 9A-saker ved skulane dei siste åra i stikkprøvekontrollen. I gjennomgangen har det vore fokus på utarbeiding av ein skriftleg plan i medhald av krav i opplæringslova, involvering av eleven sjølv og eleven sine føresette, samt evaluering av tiltak som blir sett i verk.

#### 1.4.5 Verifiseringsprosessar

Oppsummering av intervju er sendt til dei som er intervjuet for verifisering og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten.

Datadelen av rapporten er sendt til kommunedirektøren for verifisering, og faktafeil er retta opp i den endelege versjonen. Høyringsutkast av rapporten er sendt til kommunedirektøren for uttale. Kommunedirektøren sin høyringsuttale er å finne i vedlegg 1.

### 1.5 Revisjonskriterium

Revisjonskriteria er dei krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal bli vurdert opp mot. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon. I dette prosjektet er revisjonskriteria i hovudsak henta frå opplæringslova. Kriteria er nærare presentert innleiingsvis under kvart tema, og i vedlegg 2 til rapporten.



## 2 Om tenesteområdet

### 2.1 Organisering av grunnskulane

Det blei gjort endringar i den administrative organiseringa i Etne kommune i 2019. Kommunen gjekk då frå ein to-nivåmodell til ein delvis tre-nivåmodell. Kommunen gjekk frå å ha éin felles kommunalsjef for alle tenestene til to kommunalsjefar - ein for oppvekst og kultur og ein for utvikling og drift. Frå 2020 har Etne kommune tilsett ytterlegare ein kommunalsjef for helse og omsorg og kommunen har no tre kommunalsjefar.

Til avdelinga for oppvekst og kultur i Etne kommune ligg kultur, PPT, SLT, barnevern i tillegg til skule og barnehage. Kommunalsjef oppvekst og kultur har det overordna ansvaret for skulane i kommunen. I tillegg er det tilsett ein rådgjevar for oppvekst på kommunenivå. Kommunalsjef for oppvekst og kultur starta i stillinga i september 2019.

Figur 2: Organisering av skulesektoren i Etne kommune pr. juni 2021



På nettsida til kommunen går det fram at kommunalsjef har eit særleg ansvar for oppfølging av sine einingsleiarar. Dette inkluderer rektorane på dei to skulane. I tillegg har kommunalsjef eit særleg ansvar for fag- og kvalitetsutvikling.

### 2.2 Skulane i Etne kommune

Tabell 1 viser ei oversikt over elevtalet ved skulane i Etne kommune. Kommunen har to kombinertskular med både barnetrinn og ungdomstrinn. Det var skuleåret 2020/2021 til saman 495 elevar på skulane i Etne.

Tabell 1: Elevtal grunnskulane Etne kommune<sup>5</sup>

| Skule          | Elevtal 1.-7. trinn<br>Skuleåret 2020/2021 | Elevtal 8.-10. trinn<br>Skuleåret 2020/2021 |
|----------------|--------------------------------------------|---------------------------------------------|
| Enge skule     | 281                                        | 108                                         |
| Skånevik skule | 83                                         | 23                                          |

Den største skulen i kommunen, Enge skule, er organisert med ei leing bestående av rektor samt ein avdelingsleiar for småskuletrinnet, ein avdelingsleiar for mellomtrinnet og ein avdelingsleiar for ungdomstrinnet. Avdelingsleiarane har fleire funksjonar, mellom anna å bidra i elevsaker knytt til trygt og godt skulemiljø. Skånevik skule er organisert med ei leing bestående av ein inspektør i tillegg til rektor.

<sup>5</sup> Tala er henta frå Grunnskulens informasjonssystem (GSI)

I samband med forvaltningsrevisjonen får revisjonen opplyst at Enge skule gjennom skuleåret 2020/21 har vore utan rektor i ein periode. Ein avdelingsleiar gjekk i denne perioden inn i stillinga som konstituert rektor i tillegg til å vere avdelingsleiar frå desember 2020 til mars 2021. Per april 2021 har ein tidlegare rektor gått inn i stillinga som konstituert rektor etter å ha vore leiar for kultur i Etne kommune i fleire år. Revisjonen får opplyst at stillinga som rektor er lyst ut for andre gong.

## 3 Det førebyggjande skulemiljøarbeidet

### 3.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

*I kva grad arbeider skulane i kommunen kontinuerleg for å førebyggje brot på retten til eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulen?*

Under dette:

- I kva grad har skulane formulert mål, utarbeidd planar og sett i verk tiltak for å bidra til eit godt psykososialt skulemiljø og førebygging av mobbing, og i kva grad blir mål, planar og tiltak jamleg evaluerte og oppdaterte?
- I kva grad blir Elevundersøkinga og ev. andre trivselsundersøkingar nytta systematisk for å ha oversikt over utfordringar knytt til mobbing og anna krenkande åtferd ved skulane og vurdere behov for konkrete tiltak?
- Arbeider kommunen og skulane systematisk for å førebyggje digitale krenkingar?
- I kva grad blir elevar og føresette involverte i arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og førebyggje mobbing?
  - i. Er det etablert skulemiljøutval i samsvar med krav i regelverket?
  - ii. I kva grad blir elevane involvert i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø?
  - iii. I kva grad blir føresette informerte og involverte i arbeidet med skulemiljøtiltak?

### 3.2 Revisjonskriterium

#### 3.2.1 Retten til eit trygt og godt skulemiljø og krav om førebyggjande arbeid

Kapittel 9 A i opplæringslova omhandlar skulemiljøet til elevane. Av § 9 A-2 går det fram følgjande overordna krav til skulemiljøet: «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring».<sup>6</sup> Vidare går følgjande krav om mellom anna førebyggjande arbeid fram av § 9 A-3 :

Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skolen skal førebyggje brot på retten til eit trygt og godt skulemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen og læringa til elevane.

I Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv *Skulemiljø Udir-3 2017*<sup>7</sup> går det fram at skulane skal ha nulltoleranse også for mindre alvorlege krenkingar enn dei som er spesifikt nemnde i lova.

Internkontrollkrava i kommunelova inneber krav til systematisk arbeid for å avdekke avvik og risikoar for avvik, slik at det ved behov kan setjast i verk tiltak for å sikre at krav i regelverket blir etterlevd.

#### 3.2.2 Digitale krenkingar

Forarbeida til kapittel 9 A stadfestar at korleis eleven opplever å ha det medan han eller ho er på skulen, SFO eller leksehjelptilbodet, er avgjerande for vurderinga av om skulemiljøet er trygt og godt.<sup>8</sup> Vidare blir det framheva at det at årsaka til eleven sin mistrivsel skuldast forhold utanom skuletida, ikkje avgrensar skulen si aktivitetsplikt så lenge eleven si oppleving av skulemiljøet blir negativt påverka av det. Dette er til dømes relevant for digitale krenkingar.

Utdanningsdirektoratet (Udir) peikar på at mange skulemiljø saker har digitale spor og at ei enkelt digital hending kan få store konsekvensar for elevar.<sup>9</sup> Udir viser vidare til at kommunikasjon i digitale rom kan opplevast og tolkast

<sup>6</sup> Kunnskapsdepartementet. *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa av 17. juli 1998 nr. 61* (opplæringslova).

<sup>7</sup> Utdanningsdirektoratet. *Skulemiljø Udir-3-2017*. Sist endra 06.07.2020

<sup>8</sup> Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø)*.

<sup>9</sup> Utdanningsdirektoratet – elevenes digitale liv. Sist endra 29.01.2019. Tilgjengeleg frå: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skulemiljo/tiltak-skulemiljo/skulemiljotiltak-elevenes-digitale-liv/>

annleis enn kommunikasjon ansikt til ansikt. Elevundersøkinga frå 2018 viser at 48,5 prosent at dei elevane som blir mobba digitalt også opplever tradisjonell mobbing. Ifølgje Udir bør skulen derfor vere særleg merksame på korleis elevane har det i det digitale rom. Vidare skriv Udir at ein skal vere bevisste på at eit eventuelt mobilforbod kan signalisere at digitale hendingar ikkje er noko dei vaksne vil ha ansvar for. Vaksne kan dermed risikere at det opplevast som mindre relevant for elevane å be om hjelp når dei opplever noko negativt på nett.

Utdanningsdirektoratet har også tidlegare understreka at skulen har eit ansvar for å forhalde seg til mobbing som skjer på nett og i sosiale media, sjølv om det skjer utanom skuletida, dersom det gjer at eleven ikkje har det bra på skulen. Skulen skal vidare ta tak i digitale krenkingar på same måte som andre mobbesaker, ved å følgje med, gripe inn, varsle, undersøke saka og setje inn eigna tiltak. Utdanningsdirektoratet tipsar skulane mellom anna om å lære elevane digital dømekraft, og ha oppdaterte planar med etiske spelereglar, nettvetsreglar og førebygging mot digital mobbing.<sup>10</sup>

### 3.2.3 Involvering av elevar og føresette i skulemiljøarbeidet

I § 9 A-8 i opplæringslova går mellom anna krav til elevdeltaking i skulemiljøarbeidet fram:

Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø.

Kapittel 11 i opplæringslova omhandlar brukarmedverknad i skulen. Her blir det mellom anna stilt krav om skulemiljøutval ved alle grunnskular (§11-1 A), og det blir gitt nærmare føringar for samansetninga av utvalet og kva rolle det skal ha.

Opplæringslova § 9 A-9 omhandlar informasjonsplikt og rett til å uttale seg. Tredje ledd stiller omhandlar mellom anna involvering av ulike organ for brukarmedverknad i skulemiljøarbeidet:

Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skulemiljøutvalet, elevrådet og foreldra skal haldast informerte om alt som er viktig for skulemiljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med skulemiljøtiltak. Dei har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som er viktige for skulemiljøet

Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.

## 3.3 Planar, mål og tiltak for skulemiljøarbeidet

### 3.3.1 Datagrunnlag

#### Planar

Etne kommune har utarbeidd ein plan for å sikre elevane i Etne eit trygt og godt skulemiljø (heretter omtala som *plan for trygt og godt skulemiljø*).<sup>11</sup> Revisjonen får opplyst at kommunalsjef har vore ansvarleg for utarbeidinga av planen og har fått innspel frå rektorane om innhaldet. Planen er datert mars 2021 og på revisjonstidspunktet var ikkje planen implementert ved skulane. I intervju går det fram at begge skulane planlegg å bruke planen aktivt i skulekvardagen framover. Begge skulane viser mellom anna til covid-19 som grunn til at dette ikkje har blitt iverksett per april 2021.

Etter det revisjonen er kjend med, har Etne kommune ikkje hatt ein plan for trygt og godt skulemiljø før noverande plan blei utarbeidd.

I plan for trygt og godt skulemiljø går det fram at kvar skule også skal ha ein eigen lokal plan for å sikre eit trygt og godt skulemiljø. Planen skal vere tilgjengeleg på skulen si heimeside og skal innehalde informasjon om organisering av skuledagen som oppstart av dagen, inspeksjon, avslutning av dagen, fadderordning, trivselsleiarar og felles arrangement for heile skulen. Vidare går det fram at skulen sine tilsette ved skulestart og kontinuerleg gjennom året skal arbeide med skulen sine planar og tiltak for førebyggjande og haldningsskapande arbeid. I intervju med kommunalsjef går det fram at plan for trygt og godt skulemiljø skal vere ein overordna plan og at dokumentet viser kva forventingar ein har til kva skulane skal gjere for å sikre eit trygt og godt skulemiljø.

Etne kommune er med i Forum for oppvekst i Sunnhordaland (FOS) og dette forumet fekk i 2018 eit tilbod frå Fylkesmannen i Hordaland<sup>12</sup> om å delta i prosjektet «inkluderande barnehage- og skulemiljø» (IBS). Etne kommune fekk tildelt midlar tilsvarande to 15 % - stillingar til ressurspersonar. I tillegg gjekk pedagogisk rådgevar inn i

<sup>10</sup> Utdanningsdirektoratet. *Hva skal skolen gjøre med digital mobbing?* Sist endra 27.06.2017.

<sup>11</sup> Etne kommune. Eit trygt og godt skulemiljø – ein plan for å sikre elevane i Etne eit trygt og godt skulemiljø. Planen er utarbeidd at kommunalsjef for oppvekst og kultur og er gjeldande frå 1. mars 2021. Neste evaluering er mai 2022.

<sup>12</sup> Fylkesmannen i Hordaland har frå 01.01.2020 vore ein del av Fylkesmannen i Vestland, som frå 01.01.2021 endra namn til Statsforvalteren i Vestland.

prosjektet med 10 % slik at Etne kommune totalt nytta 40 % stilling til prosjektet. Etne kommune blei med i prosjektet i 2018 og prosjektperioden gjekk over 2 år.<sup>13</sup> I samband med IBS-prosjektet blei det utarbeida ein kommunal plan for inkluderande barnehage- og skulemiljø 2018-2019.<sup>14</sup> I denne planen går det fram kva som er utviklingsmåla for Etne kommune, korleis ein skal organisere og forankre arbeidet i prosjektet og korleis ein skal gjennomføre kompetanseutviklinga.

I samband med IBS-prosjektet har også begge skulane utarbeida ein lokal utviklingsplan for inkluderande barnehage- og skulemiljø, i tillegg til den kommunale. I intervju går det fram at Enge skule nyttar sin utviklingsplan for inkluderande barnehage- og skulemiljø IBS<sup>15</sup> i skulekvardagen. For alle tiltaka står hausten 2018 oppført som gjennomføring/oppstart av kjernekomponentane. I intervju med rektor går det fram at skulen fullførte det som blei planlagt i løpet av IBS-prosjektperioden. Skulen hadde mellom anna fokus på å skape ei felles forståing for kva krenkjande åtfærd inneber, både blant elevar og tilsette, noko skulen har tatt med seg vidare i arbeidet med trygt og godt skulemiljø. På skulen er det ikkje utarbeidd ein skriftleg plan for trygt og godt skulemiljø ut over IBS-planen som blei utarbeidd i samband med prosjektet.

Skånevik skule har utarbeidd ei «handbok for Skånevik skule». Denne er nyleg utarbeidd og har blitt tatt i bruk i løpet av skuleåret 2020/2021. Målet er at handboka skal vere eit oppslagsverk for dei tilsette ved skulen. Den inneheld ei oversikt over mellom anna viktige planar, fristar og gjeremål gjennom kalenderåret, samt referansar til andre dokument lærarane ved skulen har behov for å ha oversikt over. I intervju går det fram at handboka er utarbeidd av rektor i samarbeid med dei tilsette på skulen. Det var planlagt ei evaluering av innhaldet i handboka i juni 2021 der alle tilsette skulle involverast. Som ein del av denne handboka har det blitt utarbeidd ein sosial handlingsplan<sup>16</sup> der det mellom anna går fram korleis ein skal skape trivsel i klassen, på skulen og tiltaksplan når ein oppdagar eller det blir meldt om krenking. I intervju går det fram at også denne planen er utarbeidd av rektor i samarbeid med dei tilsette og at den skal evaluerast som ein del av skulen si handbok. Revisjonen får i intervju opplyst at Skånevik skule tidlegare (før 2020) ikkje har hatt ein sosial handlingsplan eller tilsvarande og at ein derfor tidlegare ikkje har hatt praksis for årleg gjennomgang av rutinar og tiltak med behov for justeringar.

## Mål

I plan for trygt og godt skulemiljø går det fram at målet med planen er at alle elevane i Etne-skulen skal ha eit trygt og godt skulemiljø. Vidare skriv Skånevik skule i sin sosiale handlingsplan at målet er å «gi elevane eit trygt og godt læringsmiljø, der vi har fokus på sosial kompetanse og trivsel». Enge skule skriv i sin utviklingsplan for IBS-prosjektet at «målet er å vidareutvikla god praksis innan arbeidet med barne- og skulemiljø, mobbing og andre krenkingar». Som tidlegare nemnt har Enge skule på revisjonstidspunktet ikkje utarbeidd ein ny plan med reviderte mål for det psykososiale skulemiljøet, etter at prosjektperioden for IBS var over i 2020.

I samband med prosjektet «inkluderande barnehage- og skulemiljø» blei det sett tre utviklingsmål i Etne kommune, desse går fram i den kommunale IBS-planen. Det første målet var at alle born og elevar skal oppleve eit inkluderande, trygt og godt barnehage-/skulemiljø. Det andre målet var at alle tilsette i barnehage og skule skal forstå mekanismar i utestenging/utanforskap og mobbing. Det siste målet var at alle tilsette skal få auka kompetanse i å førebyggje, avdekkje og handtere krenkingar og mobbing. Vidare går det fram i den kommunale IBS-planen at ein ved begge dei to skulane i kommunen skal måle måloppnåinga med elevundersøkinga, trivselsundersøkingar og elev-/foreldresamtalar. Vidare går det fram at kvar barnehage og skule skal konkretisere sine mål ut frå målsetjingane over. Dei to skulane har skildra aktivitetar som skal gjennomførast som ein del av prosjektet, men det føreligg ikkje skriftleg informasjon om i kva grad ein har nådd måla for prosjektet.

## Tiltak

I plan for trygt og godt skulemiljø går det fram at «skulen sine tilsette arbeider med skulen sine planar og tiltak for førebyggjande og haldningsskapande arbeid». Utover dette er det ikkje utarbeid kommunale rutinar eller retningslinjer for kva tiltak skulane i kommunen skal gjennomføre i tilknyting til det psykososiale miljøet ved skulen. Bakgrunnen for dette er mellom anna at skulane i kommunen har ulik storleik og organisering. I intervju med kommunalsjef går det fram at ein vurderer det som føremålstenleg at skulane i kommunen derfor sjølv står fritt

<sup>13</sup> Etne kommune. Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 tekstdel. K-sak 059/18.

<sup>14</sup> Etne kommune/Utdanningsdirektoratet. Kommunal plan Etne kommune – Inkluderande barnehage – og skulemiljø 2018-2019. Ikkje datert.

<sup>15</sup> Etne kommune. *Inkluderande barnehage- og skulemiljø IBS – utviklingsplan for Enge skule*. Ikkje datert.

<sup>16</sup> Etne kommune. *Handbok for Skånevik skule – sosial handlingsplan*. Revidert. 18.06.2020.

til å velje sine trivselstiltak. Kommunalsjef ønsker ikkje å detaljstyre skulane, men å leggje til rette for samarbeidsmøte der skulane kan ha erfaringsutveksling om mellom anna trivselstiltak (meir om dette i kap. 5).

#### Bli-Z, helsesjukepleiar og psykologisk førstehjelp

Etne kommune arbeider etter samhandlingsmodellen «bli Z». Samhandlingsmodellen byggjer på den nasjonale satsinga for Betre Tverrfagleg Innsats (BTI)<sup>17</sup> med lokale tilpassingar for Etne kommune. Samhandlingsmodellen skal hjelpe oppvekstsektoren, helsesektoren og andre hjelpetenester med å bli endå betre til å samarbeide om og med barn, ungdom og føresette. I intervju går det fram at Skånevik skule gjennom denne satsinga mellom anna har auka bruken av helsesjukepleiar ved skulen. På denne skulen er helsesjukepleiaren på skulen ein fast dag i veka. Som eit resultat av fokus på helsesjukepleiar si rolle har skulen også fått inn psykososiale tilbod og tenester i form av psykologisk førstehjelp. Psykologisk førstehjelp er eit verktøy for korleis eleven kan møte følelsar med gode og vonde tankar. Helsesjukepleiar lærer vekk bruken av dette verktøyet til lærarane ved 1-5. trinn samt 8. trinn. Skulen har lagt inn informasjon om psykologisk førstehjelp<sup>18</sup> i handboka for skulen. Revisjonen får opplyst at helsesjukepleiar også er til stades på den andre skulen i kommunen tre faste dagar i veka. I tillegg kan elevane her ta direkte kontakt på helsestasjonen som ligg i nabobygget til skulen. Etter det revisjonen er kjend med blir ikkje psykologisk førstehjelp nytta på Enge skule.

#### MOT

Det er utarbeidd ein kvalitetsplan for oppvekst i Etne kommune.<sup>19</sup> Her går det fram at Etne kommune er ein MOT-kommune. MOT-programmet siktar seg inn mot elevar på ungdomstrinnet. Ved Enge skule gjennomfører også elevar på 7. trinn eit opplegg med MOT. Revisjonen får i intervju opplyst at dette er for å gjere dei trygge og kjende med overgangen til ungdomstrinnet. I handboka til Skånevik skule går det fram at elevane får besøk av MOT-coachane tolv gongar i løpet av 8. – 10. trinn. Det er også utarbeidd ein halvårsplan for MOT-besøk ved skulen. Representantar frå begge skulane fortel i intervju at MOT bidreg til gode haldningar blant elevane og at tiltaket bidrar til å gje auka trivsel.

I kvalitetsplan for oppvekst i Etne går det fram at det i 2019 blei skrivne nye avtalar med MOT. Ein del av denne avtalen går ut på at ein skal utvide MOT til å gjelde heile grunnskulen, ikkje berre ungdomsskulen som før. Dette nye MOT-programmet har blitt utsett som følgje av covid-19.

#### Trivselsleiarprogrammet

Vidare er begge skulane i kommunen på revisjonstidspunktet med i *Trivselsleiarprogrammet (TL-programmet)*.<sup>20</sup> Programmet inneberer at klassen vel trivselsleiarar som har ansvar for å organisere leik i friminutta og sørge for at alle har nokon å leike med. Ein del av programmet er at elevane på 4.-7. trinn veljer sin eigen trivselsleiar to gongar i året.<sup>21</sup> På 8.-10. trinn søker elevane til lærar om å bli trivselsleiar. Trivselsleiarane har eit særleg ansvar for å inkludere elvar som går aleine. Alle trivselsleiarane får opplæring i nye aktivitetar på leike- og aktivitetskurs i regi av Trivselsprogrammet og deltek på jamlege møte der ein planlegg og evaluerer trivselsleiaraktivitetane saman med TL-ansvarlege. Skånevik skule har lagt informasjon om TL-programmet inn i handboka til skulen<sup>22</sup>. Her går det fram målet er at ein kombinert med skulen sin sosiale handlingsplan skal kunne bidra til å redusere krenking og mobbing.

I intervju får revisjonen opplyst at begge skulane har gode erfaringar med dette programmet. Mellom anna ser ein at elevane har ei anna samhandling i samband med aktivitetar, og at programmet bidreg til å skape relasjonar som er med på å førebygge uønskt åtferd. Samtidig får revisjonen opplyst at ein av skulane no ynskjer å avslutte si deltaking i TL-programmet, då det er eit kostbart program og tilsette og rektor opplever at skulen framover vil klare å sikre gode friminutt utan å delta i programmet. Planen er å utarbeide eit eige tilbod basert på erfaringane frå programmet. Skulen har ikkje involvert foreldre og/eller elevar i denne avgjersla. Kommunalsjef er informert om dette som ein del av den økonomiske innsparinga til skulen.

#### Andre tiltak

Skulane i kommunen har også ei rekke andre tiltak som skal bidra til eit trygt og godt skulemiljø. Mellom anna har skulane felles lunsjar på tvers av klasser, bruk av sosiallærar, fadderordning der eldre elevar er fadrar for yngre elevar, bussvakter, eigne klassereglar og skuleturar. Vidare blir andre tiltak som venskapsdagar og skidagar nemnd som vellukka trivselstiltak. Begge skulane har gode erfaringar med bruk av sosiallærar. På ein av skulane får

<sup>17</sup> Meir informasjon tilgjengeleg her: <https://etne.betreinnsats.no/>

<sup>18</sup> Handbok for Skånevik skule. *Trivselsleiarprogrammet*. Revidert 18. juni 2020.

<sup>19</sup> Etne kommune. Kvalitetsplan for oppvekst i Etne kommune 2020-2024. Steg for steg.

<sup>20</sup> Trivselsleiarprogrammet: <https://trivselsleder.no/>

<sup>21</sup> Elevane får ikkje sjølv vite resultatet av stemminga og læraren kan overstyre valet ved behov

<sup>22</sup> Handbok for Skånevik skule. *Aktivitetsleiar*. Revidert 18. juni 2020

revisjonen opplyst at det på revisjonstidspunktet er noko uavklart kven som har denne rolla og kva funksjonar som ligg til stillinga, då personen som hadde denne rolla ved skulen i mange år ikkje lengre arbeider på skulen. Revisjonen får opplyst at stillinga er oppretta for å arbeide med trivsel på skulen og skal eventuelt gå inn i klasser der det er behov for ekstra støtte.

På Enge skule får revisjonen opplyst at skulen har sett inn ein ekstra innsats på klasseleiing i klasser som har behov for det, då skulen er kjend med at det er ein sentral faktor inn i preventivt arbeid mot mobbing. Mellom anna kan avdelingsleiarane gå inn og vere med i nokre av timane og avdelingsleiarane går også sporadiske innom og fungerer som to-lærarar. På mellomtrinnet jobbar avdelingsleiarane ekstra tett på dei klassene som bytar hovudsteg då dei av erfaring veit at dette kan medføre ekstra utfordringar. På småtrinnet er det også etablert praksis å spørje alle elevane før fritimen om dei har nokon å leike med. Vidare har skulen hatt eit særleg fokus på skulevegving og har trappa opp tiltak for å avdekke dette det siste året. I 2015 blei det utarbeidd ein plan for å følgje systematisk med på fråvær og kvifor elevar er vekke frå skulen.<sup>23</sup> Det blir opplyst at denne planen no er under evaluering. Det har også blitt ein etablert praksis at avdelingsleiar blir involvert når ein elev har fem eller fleire fråværsdagar i løpet av ein månad og skulen har etablert ei tiltakstrapp som blir brukt i dette arbeidet.

Det blir i fleire intervju påpeika at skulekvardagen det siste året har vore prega av pandemi og at situasjonen har ført til endringar i dei sosial tiltaka på skulane. I tillegg får revisjonen opplyst at ein ikkje har gjennomført tiltak som faste dansar på ungdomstrinnet og skidagar på grunn av omsyn til smittevern. Ein har også måtte delt opp friminutt og aktivitetar i faste grupper for å ivareta smittvernomsyn. I intervju får revisjonen opplyst at dette for nokre sårbare elevar har vore ei positiv endring. Fleire tilsette har observert at desse elevane trivst med faste rammer og at dei i mindre grad er usikre når det er etablert faste grupper for friminutt og leik.


#### Tilsette sine oppfatningar om planar, mål og tiltak

I spørjeundersøkinga blei lærar og andre leiarar med undervisning bedne om å ta stilling til påstandar om at skulen har utarbeidd skriftlege planar, tydelege mål og konkrete tiltak for å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø. Svara går fram i Figur 3 Planar, mål og tiltak. Ingen av respondentane svarar at dei er *ueinig* i påstandane om at det har blitt utarbeidd skriftlege planar, tydelege mål og konkrete tiltak. 1,9 prosent av respondentane er *delvis ueinige* i at skulen har utarbeidd skriftlege mål og 3,8 prosent er *delvis ueinige* i at det utarbeidd konkrete tiltak ved skulen.<sup>24</sup> Det store fleirtalet av respondentane er anten *einige* eller *delvis einige* i påstandane, som vist i figuren under.

<sup>23</sup> Etne kommune. *Problematisk skulefråvær – ein rettleiar i arbeid med førebygging og oppfølging*. Vedteken i komité Drift 04.06.2015.

<sup>24</sup> Dette utgjør høvesvis ein og to respondentar

Figur 3 Planar, mål og tiltak. Rektor, andre leiarar og lærarar



I tillegg fekk rektorar, andre leiarar med eller utan undervisning og lærarar spørsmål om dei opplever at skulen har sett i verk tilstrekkeleg med tiltak for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane. På dette spørsmålet svarer 56,3 prosent *ja*, 41,7 prosent *delvis* og 2,1 prosent *nei* (n=47).


#### Evaluering av planar, mål og tiltak

I intervju får revisjonen opplyst at dei fleste tiltaka som blir gjennomført på skulane i Etne kommune har vore stabile tiltak som har blitt nytta over mange år, og at ein har fortsett med desse tiltaka fordi skulane opplever at dei fungerer godt. Dette gjeld mellom anna MOT. Lærarar på begge skulane fortel at tiltaka blir evaluert i slutten av kvart skuleår. Revisjonen har ikkje mottatt skriftleg dokumentering av evalueringar av planar, mål og tiltak frå skulane. Ved Skånevik skule skal evalueringa framover gjerast som ein del av evalueringa av handboka til skulen. Vidare fortel lærarar ved begge skulane at trivselstiltaka også blir fortløpande evaluert. Til dømes blir skidagar evaluert på slutten av skidagen, der tilsette snakkar om korleis ein opplevde dagen, kva som fungerte og kva som kunne vore gjort annleis. Samtidig blir det peikt på av lærarane ved ein av skulane at dei opplever å ha mindre tid til å evaluere tiltak no enn tidlegare. No blir evalueringa i større grad nedprioritert på grunn av andre gjeremål og en vel heller å evaluere tiltak dersom noko skjer som ikkje var planlagt.

I spørjeundersøkinga blei dei tilsette ved skulane bedne om å ta stilling til to påstandar om evaluering og oppdatering av mål, planar og tiltak som gjeld det psykososiale skulemiljøet. Som figuren under viser er eit fleirtal anten *einig* eller *delvis einig* i påstandane om at mål, planar og tiltak blir jamleg evaluerte. 15,1 prosent er *delvis ueinig* og 9,4 prosent er *ueinig* i at mål og planar blir jamleg evaluerte og oppdaterte. I tillegg svarar 7,5 prosent *veit ikkje* på denne påstanden. Når det gjeld evaluering av tiltak er 24,5 prosent av respondentane *delvis ueinig* og 5,7 prosent er *ueinig* i at dette skjer jamleg. Også for denne påstanden svarer 7,5 prosent *veit ikkje*.



Figur 4 Evaluering av mål, planar og tiltak som gjeld det psykososiale miljøet. Rektor, andre leiarar og lærarar.



### 3.3.2 Vurdering

Undersøkinga viser at det føreligg mål og planar for det førebyggjande arbeidet knytt til psykososialt skulemiljø i Etne kommune. Dei to skulane i kommunen brukar ulike planar, der ein av planane er knytt opp mot eit tidlegare prosjekt skulen har arbeidd med, og ikkje er oppdatert. Den kommunale planen for trygt og godt skulemiljø blei utarbeidd i mars 2021 og er på revisjonstidspunktet ikkje implementert på skulane. Likevel er det revisjonen si vurdering at den synast å leggje eit godt grunnlag for eit planmessig arbeid med det psykososiale skulemiljøet, dersom den blir implementert og følgt opp som føresett. Implementering av plan for eit trygt og godt skulemiljø og utarbeiding av eigne planar ved skulane bør sjåast i samanheng med allereie eksisterande planar og andre styringsdokument, slik at ein unngår fleire parallelle og delvis overlappande planar, handbøker mv. ved den enkelte skule.

Med bakgrunn i at enkelte respondentar i spørjeundersøkinga svarer *veit ikkje* på spørsmål om det er utarbeidd skriftlege planar ved skulen, vil revisjonen også presisere viktigheita av at det blir arbeidd for å gjere gjeldande planar kjende i personalgruppa, og for å sikre at dette er dokument som blir brukt i praksis.

Revisjonen merkar seg også at det ved begge skulane er sett i verk ulike tiltak som del av det førebyggjande skulemiljøarbeidet, nokre som er felles for skulane og nokre som er særreigne for enkeltskular. Revisjonen vurderer det som positivt at skulane har eigne lokale tiltak som dei vurderer viktige for sin skule, og at det i tillegg er nokre felles tiltak for begge skulane i kommunen.

Undersøkinga viser at tiltak både blir evaluerte fortløpande og ved slutten av kvart skuleår, men at det ikkje alltid er tilstrekkeleg tid til å gjennomføre evalueringar. Samtidig er det også ein del tilsette som meiner at verken planar, mål eller tiltak blir jamleg evaluerte. Revisjonen vil difor framheve viktigheita av jamlege evalueringar for å vurdere om mål og planar er relevante og tilstrekkeleg oppdaterte, og for å vurdere om tiltak fungerer i samsvar med intensjonen. Revisjonen vil presisere viktigheita av at det ved kvar skule blir henta inn informasjon frå både tilsette, foreldre og elevar for å kartleggje korleis det førebyggjande skulemiljøarbeidet fungerer, og på grunnlag av den samla informasjonen må skulen vurdere om det er behov for å endre måten det blir arbeidd på (sjå kapittel 3.6 for omtale av involvering av elevar og føresette i skulemiljøarbeidet). For å sikre at evalueringane er tilstrekkeleg systematiske og målretta, meiner revisjonen det bør føreliggje tydelege og skriftlege rutinar for desse prosessane på skulane. Vidare er det viktig at evalueringane blir dokumenterte og at det blir etablert planar for oppfølging av eventuelle forbettringspunkt.

### 3.4 Læringsmiljø- og trivselsundersøkingar

#### 3.4.1 Datagrunnlag

##### Elevundersøkinga

I kvalitetsplan for oppvekst for Etne kommune 2020-2024 går det fram at alle elevar frå 5.-10. trinn i Etne kommune gjennomfører Elevundersøkinga kvart år. Dette blir også bekrefta i intervju.

I plan for trygt og godt skulemiljø går det fram at rektor er ansvarleg for at skulane kvar vår skal reflektere rundt resultatane frå Elevundersøkinga med tilsette, elevråd, FAU og SMU. Vidare skal kommunalsjef presentere resultat frå Elevundersøkinga og skulane si oppfølging av undersøkinga i Driftsutvalet<sup>25</sup> i februar kvart år.

Det føreligg ikkje eigne føringar frå kommunen om korleis skulane skal følgje opp resultatane frå Elevundersøkinga, ut over omtalen over. Samtidig fortel rektorane at dei opplever at det er ei forventning frå kommunalsjef om at skulen følgjer opp resultatane og iverksett nødvendige tiltak. Dette blir kommunisert munnleg i møte mellom leiinga på skulen og kommunalsjef.

I handboka til Skånevik skule er det utarbeidd ein rutine for korleis skulane skal førebu seg, gjennomføre og følgje opp resultatane frå Elevundersøkinga.<sup>26</sup>

I intervju blir det opplyst at dei tilsette på skulen diskuterer resultatane frå undersøkinga i fellesskap i lærarane si fellestid. Dei ser på trendane for skulen dei siste åra og diskuterer korleis skulen kan betre skulemiljøet basert på resultatane frå undersøkinga. Lærarane på skulen har tidlegare alltid gått gjennom resultatane med elevane i sine klasser. På denne måten har kvar klasse fått sett «sine» resultat. I intervju får revisjonen opplyst at skulen inneverande skuleår har starta med ein ny modell for gjennomgang av Elevundersøkinga. Rektor fortel at føremålet er at ein skal engasjere elevane endå meir i arbeidet ved at dei får tydelegare eigarskap til undersøkinga og sitt eige skulemiljø. Elevrådsrepresentantane skal formidle ut til klassen om resultatane i kategorien «mobbing/krenking». Kvar klasse skal arbeide med resultatane og saman føreslå tiltak. Elevrådsrepresentanten bringer dette tilbake til Elevrådet som skal avgjere kva tiltak skulen skal sette i gang, fortsette med eller avslutte.

Enge skule har på revisjonstidspunktet ikkje skriftlege rutinar for gjennomføring og oppfølging av Elevundersøkinga. I intervju får revisjonen likevel opplyst at resultatane frå Elevundersøkinga blir gjennomgått i utviklingstida til lærarane saman med alle som arbeider i dei ulike klassene. Her drøftar ein resultatane, og kjem saman fram til tiltak for å imøtekomme dei ulike utfordringane som blir avdekkja i undersøkinga. Alle som arbeider i klassen deltek i desse prosessane. I intervju går det fram at svara i Elevundersøkinga viser at mange elevar på ungdomstrinnet ved Enge skule meiner at skulekvardagen er for teoretisk. Skulen har derfor satsa meir på fysisk aktiv læring og alternative undervisningsformer. Resultatane frå undersøkinga er også tema på foreldremøta der avdelingsleiar presenterer resultatane munnleg og fortel om kva klassane arbeider med. Resultatane blir også presentert i alle klassene ved skulen. I intervju med lærarane går det likevel fram at det varierer i kva grad resultatane frå Elevundersøkinga og etterfølgande tiltak blir presentert for elevane. Det blir også kommentert at resultatane frå Elevundersøkinga viser at der er eit potensiale for endå større grad av elevmedverknad ved skulen. Dette gjeld særleg på mellomtrinnet ved skulen.


I spørjeundersøkinga spurde vi tilsette ved skulane i kva grad skulen nyttar resultatane frå Elevundersøkinga knytt til tema «trivsel» og «trygt miljø» for å vurdere konkrete behov for oppfølging og tiltak. Som Figur 5 viser svarer 44,9 prosent *i stor grad* og 39,1 prosent *i nokon grad* på dette spørsmålet. Vidare svarer 1,4 prosent<sup>27</sup> *i liten grad* og 14,5 prosent svarer *veit ikkje*.

<sup>25</sup> Driftsutvalet i Etne kommune har ansvar for Etne kommune sine driftsområde innanfor mange ulike sektorar som til dømes pleie og omsorg, barnehage, skule og sosiale tenester. Meir informasjon tilgjengeleg her: <https://www.etne.kommune.no/f/p1/i27a2f80a-aeec-4ba2-b571-507f48487417/reglement-for-formannskapet-og-utval-i-etne-kommune-2019-2023-oppdater-etter-k-sak-061-19.pdf>

<sup>26</sup> Etne kommune. Skånevik skule – rutine elevundersøking. Revidert 25.10.2020.

<sup>27</sup> Dette utgjør berre ein respondent

Figur 5 Bruk av resultat frå Elevundersøkinga. Alle respondentar.



### Andre trivselsundersøkingar

I spørjeundersøkinga svarar 73,6 prosent av respondentane (n=53) *ja* på spørsmålet om det blir gjennomført andre undersøkingar eller kartleggingar for å få informasjon om trivsel og/eller førekomsten av mobbing og andre krenkingar ved skulen.<sup>28</sup> Spørsmålet vart stilt til rektorar, andre leiarar med eller utan undervisningsansvar og kontaktlærarar. Respondentane som svarte *ja* blei vidare spurde om kva undersøkingar eller kartleggingar som blir gjennomført for å få informasjon om trivsel og/eller førekomsten av mobbing og andre krenkingar ved skulen. Om lag ein tredel av dei spurte nemner elevsamtale som ein sentral del av arbeidet. Vidare skriv omlag ein tredel av respondentane at dei bruker andre og/eller uformelle kartleggingar, og fleire respondentar trekk fram at læraren naturleg observerer og er kjent med dynamikken i elevgruppa. Det er også fleire som nemner bruk av sosiogram<sup>29</sup> og foreldre- og/eller utviklingssamtalar som sentrale verktøy.

I intervju får revisjonen opplyst at Skånevik skule gjennomfører ei lokal trivselsundersøking, utarbeidd av rektor i samarbeid med lærarar på skulen. Her har ein utarbeidd to lokale versjonar av undersøkinga, ein for 1.-4. trinn og ein for 5.-7. trinn. Undersøkinga for 1.-4. trinn har mest fokus på kva elevane sjølv meiner at dei gjer for at medelevane skal ha ein trygg og god skulekvardag. Elevane på 7.-10. trinn gjennomfører også ei trivselsundersøking utanom Elevundersøkinga på hausten, men for desse eldste elevane er undersøkinga på våren tilnærma lik Elevundersøkinga. Denne undersøkinga blir gjennomført kvar haust og vår og elevane svarar anonymt. Undersøkinga blei ikkje gjennomført i 2020 på grunn av covid-19. Skulen har også utarbeida samtaleark til bruk i klassen før undersøkinga blir gjennomført.<sup>30,31</sup> Det eine samtalearket er tilpassa til 1.-4. trinn og det andre er tilpassa 5.-10. trinn. I desse dokumenta blir det mellom anna forklart kva som definerast som krenking, mobbing og vald.

På Enge skule har elevane tidlegare gjennomført undersøkinga «Spekter» som supplerande trivselsundersøking til Elevundersøkinga. Skulen gjekk vekk frå plattformen etter utfordringar knytt til personvern. Skulen har eit ønske om å ta systemet i bruk igjen no som problemet tilsynelatande er løyst, då ein ikkje har funne eit fullgodt alternativ til Spekter. Det er sendt ein førespurnad om dette til skuleeigar. I intervju går det fram at på grunn av fråvær hjå rektor har det ikkje blitt sett på andre alternative undersøkingar til Spekter ved skulen.

I intervju går det fram at begge skulane nyttar eigenvurderingsskjema som elevane fyller ut før kvar elevsamtale. Skjemaa på dei ulike skulane er bygd opp på same måte og temaa er like, med noko ulik layout. I denne eigenvurderinga er det ein eigen del som omhandlar elevane sin trivsel på skulen. På begge skulane er det utarbeida ulike skjema for dei ulike hovudtrinna. På begge skulane blir spørsmåla stilt som ja/litt/nei – spørsmål

<sup>28</sup> 5,7 prosent svarer *nei* og 20,8 prosent svarer *veit ikkje* på same spørsmål

<sup>29</sup> Sosiogram er eit verktøy for å kartlegge relasjonar i elevgruppa. Elevane får til dømes spørsmålet «kven leikar du med i friminuttet?» og vel ein eller fleire av dei andre elevane. Ein kan då sjå kven av elevane som blir valt av mange og kven som blir valt av få.

<sup>30</sup> Etne kommune. Trivselsundersøking Skånevik skule – lærarversjon 5.-10. klasse

<sup>31</sup> Etne kommune. Trivselsundersøking Skånevik skule – lærarversjon 1.-4. klasse

til elevane på småtrinnet (1.-4. trinn).<sup>3233</sup> Skjemaa til småtrinnet er tilpassa etter alder på elevane, der elevane skal ta stilling til påstandar som «eg har det bra på skulen» og «eg plagar eller ertar andre». Vidare har begge skulane utarbeida eigne skjema for mellomtrinnet (5.-7. trinn)<sup>3435</sup> og ungdomstrinnet (8.-10. trinn).<sup>3637</sup> Dei eldre elevane får i skjemaet presentert dei same påstandane som elevane på småtrinnet, men dei eldre elevane må også ta stilling til påstandar som «eg brukar ikkje upassande eller krenkjande språk» og «eg er venleg og høfleg mot alle elevar og vaksne». For sistnemnde type påstandar skal eleven krysse av på ein skala frå heilt rett til ikkje rett.

Eigenvurderingsskjema og elevsamtalen blir gjennomført to gongar kvart skuleår ved begge skulane.

I intervju går det fram at rektorar og lærarar opplever at trivselsundersøkingane ein gjennomfører er tilstrekkelege då dei gir mykje informasjon om elevane sitt psykososiale skulemiljø. Lærarar ved ein av skulane fortel at Elevundersøkinga gir eit noko meir negativt inntrykk av skulekvardagen til mellomtrinnet enn det inntrykket ein får frå skjema i forkant av utviklingssamtalane. Det blei peikt på at dette kan skuldast at elevane blir leie av å fylle ut lange spørjeundersøkingar.

### 3.4.2 Vurdering

Undersøkinga viser at det er etablert system og/eller praksis for gjennomføring og oppfølging av resultat frå Elevundersøkinga ved skulane, og at det gjennomgåande blir vist til at resultata blir drøfta og nytta som grunnlag for å vurdere behov for konkrete tiltak. Revisjonen merkar seg likevel at det er ulikt i kva grad skulane har etablert skriftlege rutinar for gjennomføring og oppfølging av Elevundersøkinga, og at praksisen for oppfølging av Elevundersøkinga også er noko ulik mellom anna når det gjeld involvering av elevane. For å sikre tydelege prosessar, og sikre tilstrekkeleg informasjon til og involvering av ulike partar, meiner revisjonen det bør føreligge ein viss grad av skriftlege rutinar ved begge skulane. Med bakgrunn i dei ulike praksisane som blir skildra, mellom anna når det gjeld involvering av elevane i oppfølginga, meiner revisjonen også det er viktig at det blir lagt til rette for erfaringsdeling mellom skulane slik at ein kan hente inspirasjon og erfaringar frå kvarandre der dette er relevant. Når det gjeld drøfting av klassevise resultat frå Elevundersøkinga, vil revisjonen presisere viktigeita av at elevane sin anonymitet blir tilstrekkeleg ivareteke.

Det er etter revisjonen si vurdering positivt at skulane også supplerer Elevundersøkinga med andre trivselsundersøkingar. Revisjonen meiner det styrkar det systematiske skulemiljøarbeidet at skulane nyttar andre trivselsundersøkingar systematisk for å sikre meir detaljert informasjon om elevane sin trivsel. God kunnskap om elevane sin trivsel og førekomsten av utfordringar i skulemiljøet er viktig for å sikre eit systematisk og målretta førebyggjande skulemiljøarbeid.

## 3.5 Digitale krenkingar

### 3.5.1 Datagrunnlag

Tiltak mot digitale krenkingar er ikkje nemnd i plan for trygt og godt skulemiljø. Det blir også bekrefta i intervju at det ikkje føreligg kommunale skriftlege føringar for arbeidet med førebygging av digitale krenkingar.

I forskrift for ordens- og åtferdsreglement for grunnskulen i Etne kommune<sup>38</sup> går det i § 4-8A fram at:

«Mobiltelefon/nettbrett/kamera o.l. skal vera avslått frå skulestart til skuleslutt og vil heller ikkje vera lov å nytta i friminutta. 10. klassingar, som er utanfor skuleområdet i matpausen, kan nytta mobiltelefon, nettbrett, kamera o. l. utanfor skuleområdet. Apparata skal vera avslått når dei kjem attende til skuleområdet. Regelen gjeld også ved undervisning i andre lokale enn på skulen og på vegen til og frå desse lokale. Rektor kan i einskildhøve fråvika frå reglane under § 4-8.»

<sup>32</sup> Etne kommune. Individuell vurdering for elevar på Enge skule. Ikkje datert.

<sup>33</sup> Etne kommune. Individuell vurdering for elevar på Skånevik skule. Ikkje datert.

Etne kommune. Individuell vurdering for elevar på Enge skule. Ikkje datert.

<sup>35</sup> Etne kommune. Individuell vurdering for elevar på Skånevik skule. Ikkje datert.

<sup>36</sup> Etne kommune. Individuell vurdering for elevar på Enge skule. Ikkje datert.

<sup>37</sup> Etne kommune. Individuell vurdering for elevar Skånevik skule. Ikkje datert.

<sup>38</sup> Etne kommune. Forskrift for ordens- og åtferdsreglementet for grunnskulen i Etne kommune. Vedtatt i kommunestyret 09.04.2015. Gjeldande frå 01.08.2015.

Det går vidare fram av ordens- og åtferdsreglementet for grunnskulen i Etne kommune at skulane nyttar iPad som digitalt verktøy i undervisninga og at iPaden skal brukast slik lærar bestemmer. Elevane skal ikkje slette eller leggja til appar. Det har også blitt utarbeida ein mal med reglar<sup>39</sup> for bruk av iPaden som elevane skal signere.


I intervju får revisjonen opplyst at skulane har nytta Microsoft Teams til samhandling med elevane under covid-19. Kommunsjef opplyser at det blei innført strenge reglar for bruk og tilgangar i Microsoft Teams i starten av pandemien. Dette for å sikre at ein var kjende med potensielle utfordringar når det gjaldt både personvern og digitale krenkingar. Det blei også gjennomført eit ekstra foreldremøte før skulane tok i bruk plattformen.

Skånevik skule har utarbeidd sine egne trivselsreglar som står i handboka for skulen. Her går det mellom anna fram at «me skal ikkje nytta mobiltelefon i skuletida» og «datamaskinane/iPad skal berre nyttast etter avtale med lærar». I intervju med rektor går det fram skulen forhold seg til lokale reglar for mobiltelefon og kommunale reglar for bruk av iPad. I intervju med lærarar på same skule går det fram at det er dei kommunale forskriftene som gjeld på skulen.

Revisjonen har fått også fått tilsendt eit utkast til ordensreglar ved Enge skule som både inneheld reglar for orden og åtferd og mogleg sanksjonar for brot på reglane. Det går tydeleg fram i dokumentoversendinga at dette dokumentet er under arbeid. I intervju går det fram at Enge skule følgjer det kommunale ordensreglementet og at skulen er ein mobilfri skule.

I spørjeundersøkinga revisjonen gjennomførte fekk rektor, lærarar og leiarar med eller utan undervisning spørsmål om skulen har sett i verk tiltak for å førebyggje digitale krenkingar (n=53). Som figuren under viser svarar 45,3 prosent *ja* og 37,7 prosent *delvis* på dette spørsmålet. 5,7 prosent svarar *nei* på spørsmålet og 11,3 prosent svarar *veit ikkje*.

Figur 6 Tiltak for å førebyggje digital mobbing. Rektor, andre leiarar og lærarar



Begge skulane opplyser til revisjonen at det ikkje har vore utfordringar med digitale krenkingar i skuletida, men at skulane av og til blir gjort merksame på digitale krenkingar på fritida til elevane. Opplysningane om digitale krenkingar på fritida kan mellom anna kome frå tilsette som også er føresette eller ved at ein overhøyre samtalar blant elevar. Det blir opplyst at i dei tilfella der skulen har blitt gjort merksam på konkrete appar og nettsider, har skulen sendt melding til heimane der skulen informerer om bruken av appane og oppmodar heimane til følge med på om barna brukar appen/nettsida. I nokre saker ynskjer dei føresette å løyse opp i saka utan å involvere tilsette ved skulen.

Rektor ved Skånevik skule fortel at skulen ikkje har etablert eit fast samarbeid med politi, helsesjukepleiar eller andre når det gjeld førebyggjande arbeid spesifikt knytt til digitale krenkingar. I innverande skuleår har likevel politiet vore på skulen for å snakke med elevar på ungdomstrinnet om bildedeling. Dei tilsette ved skulen opplever at strenge reglar for mobilbruk gjer at ein unngår digitale krenkingar i skuletida. Før desse reglane blei innført var det enkelte episodar med digitale krenkingar på skulen. Revisjonen får vidare opplyst i intervju med lærarane at

<sup>39</sup> Etne kommune. Mal for bruk av iPad. Ikkje datert.

nettvett er ein del av undervisninga for fleire fag frå mellomtrinnet. I tillegg har både MOT og helsesjukepleiar opplegg med elevane som tar føre seg digitale krenkingar og nettvett. Det er også hengt opp plakatar om nettvett frå Redd barna i alle klasserom.

Respondentane som svarte *ja* eller *delvis* på spørsmålet om det er sett i verk tiltak på skulen for å førebyggje digitale krenkingar, blei vidare spurt om å kva som er dei viktigaste tiltaka skulen har sett i verk. Over halvparten av respondentane fortel at dei har samtalar med elevgruppa. Ikkje alle har utdjupa korleis dette blir gjort i praksis, men fleire forklarar at det er kontaktlærar som har dialog med elevane og at dei får bistand gjennom prosjekt som MOT og «Delbart» med politiet.

Revisjonen har fått også fått tilsendt eit utkast til ordensreglement ved Enge skule. Det er presisert frå skulen si side at dette dokumentet er under arbeid. Enge skule følgjer det kommunale ordensreglementet og er ein mobilfri skule, blir det opplyst i intervju. I følgje det kommunale reglementet inneberer dette at mobiltelefon/nettbrett/kamera og liknande skal vere avslått frå skulestart til skuleslutt og vil heller ikkje vere lov å nytte i friminutta. Elevane ved 10. trinn, som har lov til å gå utanfor skuleområdet i matpausen, kan nytte mobiltelefon/nettbrett/kamera og liknande utanfor skuleområdet, men må slå det av når dei kjem attende til skuleområdet. Det blir stadfesta i intervju at dette er etablert praksis på skulen. Også på denne skulen får revisjonen opplyst at det ikkje har vore hendingar på skulen knytt til digitale krenkingar i skuletida. Som tiltak mot digitale krenkingar har skulen hatt fast besøk av politiet, som snakkar med elevane på ungdomstrinnet om digitale krenkingar ein gang i året.

Nyleg har politiet gjennomført eit ekstra besøk på ein av skulane i samband med ei konkret sak som gjaldt digitale krenkingar. Revisjonen får opplyst at skulen går i dialog med skuleeigar når denne type saker dukkar opp. Det etablerast også kontakt med foreldre i desse sakene.

På begge skulane blir det vist til at eit anna tiltak for å førebygge digitale krenkingar blant elevane er at dette er tema på foreldremøte. I intervju går det fram at skulane kan oppleve det som utfordrande å få foreldre til å skjønne omfanget av digitale krenkingar og å få alle føresette til samarbeide om å finne felles tiltak mot digitale krenkingar. Kommunalsjef ynskjer å involvere dei føresette meir for å etablere gode strategiar for bruk av digitale plattformer.

### 3.5.2 Vurdering

Undersøkinga syner at skulane i kommunen gjennomfører ulike tiltak for å førebyggje digitale krenkingar. Revisjonen merkar seg likevel at førebygging spesifikt retta mot digitale krenkingar ikkje er omtala i det heile i kommunen sin plan for eit trygt og godt skulemiljø. Det føreligg heller ikkje skriftlege planar for desse tiltaka på den enkelte skule, og sjølv om det blir vist til ulike førebyggjande tiltak er det i liten grad snakk om faste tiltak. Med bakgrunn i opplysningar frå Udir om at mange skulemiljø saker har digitale spor, stiller revisjonen spørsmål ved at dette er eit tema det i så liten grad er retta merksemd mot i planar for skulemiljøarbeidet i Etne. Sjølv om det i intervju blir vist til at det i liten grad førekjem digitale krenkingar, meiner revisjonen det er viktig å oppretthalde merksemd mot det førebyggjande arbeidet, og sikre at dette er tilstrekkeleg systematisk.

Revisjonen registrerer at tilsette opplever at strenge reglar rundt bruk av digitale verktøy er med på å førebygge digitale krenkingar i skuletida. Samtidig svarar om lag 38 prosent i spørjeundersøkinga at det berre *delvis* har blitt sett i verk tiltak for å førebyggje digitale krenkingar. Dette stadfestar etter revisjonen si vurdering at det kan vere behov for å systematisere dette arbeidet ytterlegare, ved at det blir etablert ein plan for førebyggjande tiltak spesifikt retta mot digitale krenkingar, som også inneber at tiltak blir jamleg evaluerte og ev. justerte ved behov. Revisjonen vil også vise til presiseringar frå Udir om at eit mobilforbod kan signalisere at digitale hendingar ikkje er noko dei vaksne vil ha ansvar for. Revisjonen meiner det er viktig at kommunen og skulane er merksame på denne risikoen, og at det blir vurdert om det er behov for tydeleggjering av reglane knytt til mobilbruk og digitale krenkingar, for å unngå at reglane blir oppfatta å sende denne typen signal.

Revisjonen merkar seg at det ved Enge skule føreligg eit utkast for ordensreglar ved skulen som også inkluderer sanksjonar ved brot på reglane. Revisjonen er ikkje kjend med at mynde til å fastsette ordensreglement i Etne kommune er delegert til rektor på den enkelte skule jamfør at det er utarbeidd eit felles kommunal ordensreglement. Revisjonen vil difor presisere viktigheita av at ein avklarar status for dokumentet som er under utarbeiding – om det har status som trivselsreglar eller ordensreglement, og i kva grad dokumentet kan innehalde sanksjonar.

### 3.6 Involvering av elevar og føresette i det førebyggjande skulemiljøarbeidet

#### 3.6.1 Datagrunnlag

I plan for trygt og godt skulemiljø går det fram at Etne-skulen har strategiar og tiltak for å utvikle eit trygt og godt skulemiljø. Dette skal mellom anna skje gjennom systematisk arbeid over tid og eit nært samarbeid mellom heim og skule. Vidare går det fram at «skulen sine samarbeidsorgan er viktige arena[er] for å utvikla god samhandling mellom heim og skule: Samarbeidsutval (SU), skulemiljøutval (SMU) og arbeidsutvalet for foreldre (FAU)». Mellom anna går det fram at FAU skal arbeide med innhaldet i skulen sine planar og gje innspel.

##### Skulemiljøutval og samarbeidsutval

I intervju med kommunalsjef går det fram at det ikkje er etablert aktive skulemiljøutval (SMU) eller samarbeidsutval ved dei to skulane i kommunen. Grunnen for dette er ukjend, men det går fram at dette har vore ei utfordring i Etne kommune i mange år. Kommunalsjef fortel i intervju at ho ynskjer å vere ein pådrivar for at dette skal bli etablert.

I intervju med rektor går det fram at er etablert eit samarbeidsutval ved Skånevik skule, men at rektor opplever at dette organet har vore lite aktivt. Tidlegare blei det arrangert om lag to møte i året, medan det i 2020 ikkje blei gjennomført nokre møte i dette utvalet på grunn av covid-19. Vidare får revisjonen opplyst at ein har prioritert møte i FAU på grunn av det er ein liten skule og det dermed er dei same foreldra som engasjerer seg i dei ulike utvala. Det har difor blitt vurdert som lite føremålstenleg å etablere fleire utval der dei same foreldra får same informasjon som dei har fått før.

Rektor ved Enge skulestadfestar at det ikkje er etablert skulemiljøutval eller samarbeidsutval ved skulen. I intervju får revisjonen opplyst at ein på eit FAU-møte våren 2021 blei samde om å opprette både skulemiljøutval og samarbeidsutval ved skulen. Kommunalsjef og tidlegare konstituert rektor var til stades under dette FAU-møte for å bidra til etableringa.

##### Involvering i planlegging av det førebyggjande skulemiljøarbeidet


Det er etablert elevråd ved begge skulane i kommunen. I intervju går det fram at elevrådet mellom anna har høve til å komme med forslag til aktivitetsdagar og at det fleire gongar har blitt sett i verk tiltak som elevrådet har føreslått. Det blir vist til at skulane prøver å imøtekomme desse ønska både fordi forslaga er gode og for å sende eit signal om at leiinga og dei tilsette ynskjer at elevane tar initiativ til tiltak i eigen skulekvardag.

Begge skulane i kommunen har etablert foreldrerådsutval (FAU). I intervju går det fram at foreldrerådsutvala på begge skulane er aktive og har faste møte om lag kvar 6-8 veke. Vidare får revisjonen opplyst at det psykososiale skulemiljøet er tema i FAU gjennom presentasjon av resultata frå Elevundersøkinga og elles når føresette tek temaet opp i møta.

I spørjeundersøkinga blei rektorane, andre leiarar med eller utan undervisning og lærarar bedt om å ta stilling til påstandar om elevar og føresette si involvering i det førebyggjande skulemiljøarbeidet. Når det gjeld elevane si involvering svarar 17,3 prosent at dei er *einige* i ein påstand om at elevane blir involverte i planlegginga av det førebyggjande arbeidet. 46,2 prosent er *delvis einige* i same påstand, medan 15,4 prosent er *delvis ueinig* og 15,4 prosent er *ueinig*. I tillegg svarar 5,8 prosent *veit ikkje*.

Vidare er 7,7 prosent *einige* og 42,3 prosent er *delvis einige* i påstanden om at føresette blir involverte i planlegginga av det førebyggjande arbeidet. 23,1 prosent svarar at dei er *delvis ueinige* i påstanden, 15,4 prosent svarar at dei er *ueinige* og 11,5 prosent svarar *veit ikkje*.

Figur 7 Involvering av elevar og føresette i det førebyggjande arbeidet. Rektorar, andre leiarar og lærarar.




#### Involvering i evalueringar av det førebyggjande skulearbeidet

I plan for trygt og godt skulemiljø går det fram at evaluering av det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet skal skje både i personalmøte, elevråd, FAU og SMU kvar vår. Dei ansvarlege for dette arbeidet er rektor og elevrådskontakt.

I spørjeundersøkinga blei rektorar, andre leiarar med eller utan undervisning og lærarar bedd om å ta stilling til påstandar om involvering i evalueringa av elevar og føresette i det førebyggjande arbeid på skulen. Svara går fram i Figur 8 under, og viser at det er ganske stor variasjon i respondentane si oppfatning om desse påstandane. Både for elevar og føresette svarar den største prosentdelen av respondentane at dei er *delvis einig* i at dei blir involverte i evalueringa av det førebyggjande skulemiljøarbeidet. 11,5 prosent svarar at dei er *einig* i begge påstandane. Vidare er 17,3 prosent *delvis ueinig* og 17,3 prosent *ueinig* i at elevane blir involverte i evalueringane av det førebyggjande arbeidet. Når det gjeld involvering av føresette i evaluering av førebyggjande arbeidet svarar 26,9 prosent at dei er *delvis ueinige* i påstanden og 13,5 at dei er *ueinige*. 13,5 prosent svarar også *veit ikkje* på dette spørsmålet.



Figur 8 Involvering av elevar og føresette i evaluering av det førebyggjande arbeidet. Rektor, andre leiarar og lærarar



### 3.6.2 Vurdering

Undersøkinga viser at det ikkje har vore etablert og/eller vore fungerande samarbeidsutval og skulemiljøutval ved skulane i Etne kommune. Dette er lovpålagt organ for alle grunnskular jf. opplæringslova §§ 11-1 og 11-2, og manglande etablering av desse organa for brukarmedverknad er dermed brot på opplæringslova. Revisjonen merkar seg at det nyleg er oppnemnd både samarbeidsutval og skulemiljøutval ved Enge skule, og vil presisere at det er viktig at tilsvarande blir gjort også ved Skånevik skule. Revisjonen vil også presisere viktigheita av at kommunen og skulane sikrar at utvala er samansett i samsvar med krav i opplæringslova, slik at organa bidrar til å sikre representasjon og brukarmedverknad i samsvar med føremålet.

Skulemiljøutvalet si rolle er å medverke til at både tilsette, elevar og foreldre tar aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø, og utvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulemiljøet. Svar på spørjeundersøkinga i samband med forvaltningsrevisjonen indikerer at det er rom for forbedring når det gjeld involvering av foreldre og elevar i det førebyggjande skulearbeidet, og kommunen og skulane bør vurdere korleis ein kan nytte både skulemiljøutval og ev. andre arenaar for å leggje til rette for ytterlegare medverknad i desse prosessane.

Som det går fram i kap. 3.3 har ikkje avgjersla om å avslutte Trivselsleiarprogrammet ved ein av skulane i kommunen vore drøfta med foreldrerepresentantar eller elevrepresentantar ved skulen. Revisjonen meiner dette er eit døme på ei sak som med fordel kunne vore lagt fram for skulemiljøutvalet for uttale.

## 4 Handtering av tilfelle der ein elev ikkje har det trygt og godt

### 4.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

*I kva grad er det etablert system og rutinar som medverkar til å sikre at konkrete tilfelle der ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø blir handtert i samsvar med krav i opplæringslova?*

Under dette:

- Er det etablert tilfredsstillande rutinar som skildrar korleis den enkelte tilsette og skulen skal følgje opp aktivitetsplikta i opplæringslova § 9 A-4 og dei handlingspliktene som følgjer av denne?
- I kva grad er tilsette på skulane kjend med eventuelle rutinar for å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og handtere saker der dette ikkje er tilfelle?
- I kva grad er det utarbeidd rutinar for skjerpa aktivitetsplikt i saker der ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev, og i kva grad er ev. slike rutinar kjent blant lærarane?
- I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at involverte elevar blir høyrde og at eleven sine meiningar blir vektlagt i arbeidet med å finne eigna tiltak for å sikre at eleven får det trygt og godt på skulen?
- I kva grad blir saker der ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, følgt opp i samsvar med krav i opplæringslova, mellom anna med utarbeiding av aktivitetsplan?
- I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at skulane informerer elevane og foreldra om rettane til eit trygt og godt skulemiljø, om tilsette si aktivitetsplikt og om elevane og foreldra sitt høve til å melde saka til Fylkesmannen dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?

### 4.2 Revisjonskriterium

Handtering og oppfølging av tilfelle der skulemiljøet ikkje er trygt og godt

Opplæringslova § 9 A-4 omhandlar aktivitetsplikta til skulane og til dei som arbeider på skulane. Aktivitetsplikta skal bidra til å sikre at elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. oppl. § 9 A-2, blir ivareteke.

Opplæringslova § 9 A-4 første til femte ledd definerer aktivitetsplikta:

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

I Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv *Skulemiljø Udir-3-2017*<sup>40</sup> blir kvar av handlingspliktene i aktivitetsplikta nærare utdjupa, og det blir presisert at dei tre første pliktene er lagt til *alle som arbeider* ved skulen, medan pliktene til å undersøkje og eventuelt setje inn tiltak kvilar på *skulen*.

Skjerpa aktivitetsplikt når ein som arbeider ved skulen krenkjer ein elev

§ 9 A-5 i opplæringslova pålegg dei som arbeider på skulen ei skjerpa aktivitetsplikt i tilfelle der ein som arbeider ved skulen krenkjer ein elev:

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle

---

<sup>40</sup> Sist endra 06.07.2020

skoleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

Frå forarbeida går det fram at dei fem delpliktene som gjeld for § 9 A-4, også gjeld for § 9 A-5.

### Eleven sin rett til å bli høyrte

Opplæringslova lovfestar gjennom § 9 A-4 femte ledd eleven sin rett til å bli høyrte og eleven sitt beste som grunnleggjande omsyn i alle skulen sine vurderingar og handlingar for å oppfylle aktivitetsplikta:

Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrte. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Ifølgje Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv er desse rettane også forankra i Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 3 og 12.<sup>41</sup>

Ifølgje forarbeida til opplæringslova skal skulen utføre aktivitetane for å oppfylle aktivitetsplikta i samråd med elevane som blir påverka av desse. Dette gjeld plikta til å følgje med, varsle, undersøke og eventuelt setje inn tiltak. Skulen skal sørge for alle involverte elevar blir høyrte, og forarbeida understrekar at dette omfattar både elevar som skulen mistenkjer eller kjenner til at ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, og andre elevar som er direkte påverka eller involvert i saka. Forarbeida presiserer at ein elev som krenkjer, eller er mistenkt for å krenkje andre elevar, skal ha same rett til å bli høyrte i saka som den eleven som kjenner seg krenkt.<sup>42</sup>

I rundskrivet frå Utdanningsdirektoratet går det vidare fram at omsyn til barnets beste vurderast og må at ein også må hugse på barnet sin rett til å bli høyrte og at ein skal legge vekt på kva barnet sjølv meiner om saka. Aktivitetsplikta inneberer at skulen skal sørge for eleven sin medverknad og at når skulen skal ta stilling til kva tiltak som burde setjast inn, må dei vurdere det opp mot kva slags tiltak som tek seg av eleven sine interesser best mogleg. Det blir understreka at det er viktig at eleven blir gitt anledning til å bli høyrte i denne prosessen. Skulen skal også dokumentere korleis dei høyrer på involverte elevar.

### Utarbeiding av skriftleg plan

I opplæringslova § 9 A-4 sjette og sjuande ledd går følgjande fram:

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skolen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

Plikta til å setje i verk tiltak og lage ein skriftleg plan (aktivitetsplan) i ei enkeltsak blir utløyst når skulen får kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, anten gjennom undersøkingar på eige initiativ eller etter at ein elev sjølv seier ifrå.<sup>43</sup> Det blir presisert i forarbeida til kap. 9 A at bokstav a) til e) er minimumskrav.<sup>44</sup>

I prop. 57 L (2016-2017) går det fram at det ikkje er stilt formkrav til planen utover at den skal vere skriftleg. Planen skal ikkje reknast som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Skulane er derfor ikkje forplikta til å følge forvaltningslova sine reglar om form og prosess for enkeltvedtak når dei lagar ein aktivitetsplan. Vidare går det fram at ein aktivitetsplan ikkje treng å knytte seg til éin bestemt elev, men kan ta føre seg en situasjon eller ei utfordring som omfattar fleire elevar.

Dokumentasjonskrava til skulen er todelt; i tilfelle der det må setjast inn tiltak i enkeltsaker skal det utarbeidast ein skriftleg aktivitetsplan. I tillegg er det krav om at skulen må dokumentere meir overordna kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta. Kravet til dokumentasjon er at den skal sørge for tydeleg informasjon til elevar og foreldre, samt at saka og kva som er gjort er mogleg å etterprøve (jf. rundskriv *Skolemiljø UDIR-3-2017*).

<sup>41</sup> Utdanningsdirektoratet: *Skolemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 06.07.2020.

<sup>42</sup> Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skolemiljø)*. Side 29.

<sup>43</sup> Utdanningsdirektoratet: *Skolemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 06.07.2020. Side 26.

<sup>44</sup> Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skolemiljø)*.

## Informasjonsplikt til elevar og foreldre

Opplæringslova § 9 A-9 omhandlar informasjonsplikt og rett til å uttale seg. Første ledd stiller krav om at skulane skal informere elevar og foreldre om rettane etter kapittel 9 A:

Skolen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitelet. Skolene skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6.

Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.

### 4.3 Rutinar og kjennskap til oppfølging av aktivitetsplikta<sup>45</sup>

#### 4.3.1 Datagrunnlag

I plan for trygt og godt skulemiljø er handlingspliktene som inngår i aktivitetsplikta kort omtala. Det går vidare fram at skulen har eit skjerpa ansvar for å ivareta sårbare elevar. Dette kan til dømes vere knytt til religion, seksuell orientering, funksjonsevne, eller forhold knytt til familien til eleven. I plan for trygt og godt skulemiljø går det også fram at skulen ved skulestart skal drøfte og dokumentere skulen sitt syn på kva som er eit trygt og godt læringsmiljø, kva som er å rekne som krenkjande åtferd, kva som er terskelen for å gripe inn og når tilsette skal varsle skuleleiinga og kommunen. Den ansvarlege for å gjennomføre dette er rektor.

Det har også blitt utarbeidd eit dokument som tek føre seg regelendringane frå 2017. Dokumentet har overskrifta *Ny § 9a – eit trygt og godt skulemiljø*. Dokumentet er utarbeidd på kommunenivå. Det går ikkje fram i dokumentet når det blei utarbeidd. Her går det fram at alle som oppheld seg jamleg på skulane har plikt til å følgje med, varsle og gripe inn og at skuleleiinga har ansvar for å organisere/leggje til rette for og følgje med på at arbeidet skjer. Det går også fram at skuleleiinga skal informere kommunenivået når det blir sett i gang ein tiltaksplan og at tiltaka skal diskuterast med skuleeigar. Vidare skal «skuleleiinga dokumentere arbeidet som har blitt gjort, frå varslings av ei sak til tiltaka er gjennomførte og eleven sitt skulemiljø er trygt og godt. Dokumenta skal arkiverast digitalt i elevane sine elevmapper i websak.»<sup>46</sup> *Ny §9a – eit trygt og godt skulemiljø* tek også føre seg kjennskap til rettar og rutinar: «dei nye rettane og rutinane skal vera kjende i heile organisasjonen av både tilsette og elevar/føresette. Det tilsette har rett på opplæring og informasjon.» Utover dette føreligg det ikkje skriftlege rutinar som seier noko om jamleg informasjon om aktivitetsplikta til *alle* som arbeider på skulane.

Vidare i ny § 9a – eit trygt og godt skulemiljø er det utarbeidd eit flytskjema. I dette flytskjemaet går det fram at alle saker som varslar om avvik i skulemiljø skal undersøkast, før det skal opprettast sak i ein dokumentasjonssmal. Det går ikkje fram kvar ein kan finne denne malen. Vidare skal ein undersøkje saka tilstrekkeleg der alle skal bli høyrde. Det er presisert at dette også gjeld saker utanfor skuletid. Det fjerde steget i flytskjemaet er å dokumentere kva som er gjort og opprette tiltaksplan. Saka kan lukkast når eleven kjenner at miljøet er trygt og godt. Sist i flytskjemaet går det fram at ein skal følgje med. Det går ikkje fram i flytskjema kva ein skal være særleg merksame på eller døme på situasjonar ein skal vere særleg merksame i. Her blir det presisert at dei vaksne alltid skal følgje med aktivt.

#### Rutinar og kjennskap til rutinane ved skulane

Ved Enge skule blir det vist til at tilsette har fått informasjon om aktivitetsplikta gjennom ein powerpoint-presentasjon med overskrifta «nye reglar om elevane sitt skulemiljø - §9a 'elevanes arbeidsmiljølov'». Frå leiinga ved skulen blir det opplyst at same presentasjon blir nytta ein gong kvart skuleår for å informere dei tilsette om kapittel 9 A. I presentasjonen går det mellom anna fram kva som er dei viktigaste endringane i lova, kva som er føremålet med lovendringane<sup>47</sup>, kva som ligg i dei ulike paragrafane i lova og når aktivitetsplikta inntreffer. Det blir informert om at det ikkje lengre skal fattast vedtak. Det går vidare fram i presentasjonen at det er fem delplikter som gjeld: følgje med – gripe inn – varsle – undersøke - tiltak. Kvar av dei fem pliktene har eit eige ark i presentasjonen der ein går inn på kva plikta inneber. Til dømes skal ein følgje med ved hjelp av inspeksjonsordningar og tilsyn i garderobar og at ein kan bruke samtalar, observasjon og kartlegging som t.d. sosiogram for å undersøke. I presentasjonen går det fram at ein skal varsle rektor om all mistanke eller kunnskap om at ein elev ikkje har det trygt og godt. I tillegg skal kommunalsjef varslast ved svært alvorlege krenkingar. Vidare

<sup>45</sup> I dette kapittelet svarer vi på følgjande underproblemstillingar: 1) Er det etablert tilfredsstillande rutinar som skildrar korleis den enkelte tilsette og skulen skal følgje opp aktivitetsplikta i opplæringslova § 9 A-4 og dei handlingspliktene som følgjer av denne? Og 2) I kva grad er tilsette på skulane kjend med eventuelle rutinar for å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og handtere saker der dette ikkje er tilfelle?

<sup>46</sup> WebSak er et dokumenthåndteringssystem som blir nytta av Etne kommune.

<sup>47</sup> Noverande kapittel 9 A i opplæringslova var nytt med verknad frå 1. august 2017, og presentasjonen siktar difor til endringane i kapittel 9 A som var gjeldande høvesvis før og etter 1. august 2017.

er det laga egne lysark om skjerpa aktivitetsplikt der lovteksten er sitert og eit eige lysark som tek for seg informasjon om at eleven og foreldra kan melde saka til fylkesmannen etter at saka er tatt opp med rektor.

I intervju med rektor på Enge skule går det fram at det blir gjennomført faste møte («stegmøte») kvar torsdag der ein tek opp tema som omhandlar tema i kap. 9 A. I intervju går det fram at lærarane ved skulen opplever at rutineane for korleis dei skal praktisere handlingspliktene i opplæringslova kap. 9 A er lett tilgjengelege og at alle lærarar og assistentane er kjende med handlingspliktene. Lærarane opplever også at assistentane tek kontakt med dei dersom det oppstår hendingar knytt til det psykososiale skulemiljøet, sjølv om assistentane ikkje deltek på trinnmøta på skulen. Vidare får revisjonen opplyst at alle vaksne på skulen, inkludert vaktmeister, reingjeringspersonell og liknande skal ha blitt informert om aktivitetsplikta. Leiarane for desse aktuelle seksjonane har blitt informert om rettar og plikter og skal ha formidla dette vidare til sine tilsette. Revisjonen får også opplyst i intervju at ein har arbeidd aktivt med å få alle tilsette på og ved skulane i tettare kontakt med lærargruppa, då ein veit at andre tilsette ofte observerer elevane i andre situasjonar enn lærarane. Gjennom IBS-prosjektet blei det på Enge skule avdekt behov for å i større grad inkludere skulevegen i det psykososiale arbeidet. Etter å ha oppretta dialog med skulebus sjåførane fann skulen ut at det var behov for at dei tilsette hadde lengre vakter ved busshaldeplassen.

I intervju får revisjonen opplyst at dersom ein avdekkjer krenking av ein elev og saka utviklar seg vidare er etablert praksis på skulen at kontaktlærar for aktuell elev kontaktar avdelingsleiar og fortel om observasjonane dei har gjort. Vidare blir aktuell(e) elev(ar), føresette og andre tilsette som arbeider i klassen kontakta. Vidare set skulen ofte inn ekstra ressursar for å observere og for å kartlegge saka og om det eventuelt er behov for tiltak. Undersøkinga bidrar også til å ei betre forståing for kva tiltak som vil vere aktuelle. Deretter blir det vurdert å opprette ein aktivitetsplan. Denne prosessen skal bli dokumentert i ein tiltakslogg. I intervju går det fram at rektor, i tråd med rutineane, ikkje alltid er til stades i møte med elevar i saker som gjeld mindre alvorlege situasjonar knytt til trygt og godt skulemiljø, då det er kontaktlærarane ved skulen som handterer dette. Dersom det skal opprettast aktivitetsplan er det rektor som formelt sett i gong utarbeidinga av aktivitetsplanar, men kontaktlærar til aktuell elev er også tett involvert i prosessen. Ved Enge skule er det ikkje utarbeidd ytterlegare rutinar for arbeidet med oppfølging av enkeltsaker som gjeld trygt og godt skulemiljø ut over ovannemnde presentasjon.

Ved Skånevik skule er det utarbeidd eit flytskjema for når ein uroar seg for ein elev, som inngår i skulen si handbok.<sup>48</sup> Det er også utarbeidd ei forklaring til flytskjemaet. Første steg er å dokumenter meldinga om krenking/mobbing og melde frå til rektor. Vidare skal kontaktlærar undersøke saka innan tre dagar og vurdere om ein skal fortsette saka. Dersom krenkinga/mobbinga fortsett skal ein sette inn tiltak. Ein skal samtidig involvere dei føresette. Dersom krenkinga/mobbinga ikkje stoppar skal ein gå vidare med evaluering. Evalueringa skal skje på eit møte mellom kontaktlærar, involverte partar og føresette. Her skal ein også vurdere om ein skal involvere rektor eller sosiallærar. Dersom rektor/sosiallærar blir involvert og ein ikkje klarar å løyse saka innan to veker etter meldinga, skal ein melde saka til ein anna instans enn skulen. Det går ikkje fram kva instans det skal meldast til. Vidare er det også vedlagt ei sjekkliste ved mistanke om mobbing/krenkande handlingar som til dømes at eleven kjem heim med øydelagde klede, har få vener og er ofte åleine, klagar over vondt i magen eller hovudet og dårlege skuleprestasjonar. Det går ikkje fram kva denne sjekklista skal brukast til og det blir ikkje vist til denne i flytskjema. I tillegg er det utarbeidd ein «rutine for når du bekymrar deg for ein elev» ved Skånevik skule. Her går det fram at dersom du har ei alvorleg bekymring for ein elev kan ein drøfte saka med kontaktlærar eller rektor. Ved sterk bekymring skal saka meldast til barnevernet.<sup>49</sup> Ved Skånevik skule er det ikkje utarbeidd rutinar eller malar for arbeidet med oppfølging av enkeltsaker som gjeld trygt og godt skulemiljø ut over ovannemnde presentasjon og flytskjema.

På Skånevik skule har ein så langt ikkje hatt ein gjennomgang av dei skriftlege rutineane for aktivitetsplikta i personalgruppa. Alle tilsette på skulen har fått utdelt handboka i papirform og skal gjere seg kjend med den på eiga hand. Rektor fortel at ein har brukt inneverande skuleår på å utarbeide og «teste ut» skulen si handbok som skal evaluerast i slutten av skuleåret 2020/2021. Rektor opplyser at ein gjennomgang av handlingspliktene som går fram i handboka er planlagt ved oppstart av skuleåret 2021/2022. Lærarar ved skulen fortel i intervju at dei har blitt oppmuntra til å lese over dei skriftlege rutineane i skulen si handbok dette året. Lærarane gi også uttrykk for at både lærarar og assistentar på skulen er informert om handlingspliktene som inngår i aktivitetsplikta.

Ved begge skulane blir det peikt på at alle tilsette på skulane er tett på elevane og at dei tilsette kjenner elevane godt. Ved begge skulane blir det også gjennomført ulike møte mellom dei tilsette der dei deler erfaringar knytt til ulike elevar og diskuterer om det eventuelt er behov for å setje inn konkrete tiltak. Revisjonen får opplyst at eit


<sup>48</sup> Etne kommune. Vedlegg til handbok for Skånevik skule – Flytskjema når ein uroar seg for ein elev. Ikkje datert.

<sup>49</sup> Etne kommune. Ruiner – når du bekymrar deg for ein elev. Vedlegg til handboka 2020. Revidert 30.05.2020.

konkret tiltak kan vere å gjere vaktene i friminutta meir merksame på enkeltelevar. Det går vidare fram at både leiinga og lærarar ved begge skulane opplever at dei tilsette har låg terskel for å dele med andre tilsette dersom dei har observert noko som tydar på at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Dette blir vurdert av leiinga å være ein styrke i det psykososiale arbeidet, då dei tilsette kan dele erfaringar og bistå kvarandre i vurderingar av situasjonar. Ved den eine skulen har ein også tatt i bruk ei fotobok der alle elevane er avbilda med namn. På den måten vil det vere lettare for dei tilsette å identifisere kva elev ein snakkar om på stegmøtet og i utviklingstida. Dette gjer det lettare for dei tilsette å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø og gripe inn mot krenking, blir det kommentert.

I spørjeundersøkinga fekk respondentane spørsmål om kor ofte dei tilsette ved skulen får ein gjennomgang av rutinar knytt til aktivitetsplikta i opplæringslova § 9A-4. Her svarar 17,6 prosent *halvårleg eller oftare*, 44,1 prosent svarar *årleg* og 16,2 prosent svarar *ved behov*. Vidare svarar 2,9 prosent *aldri* og 19,1 prosent svarar *veit ikkje*.

Figur 9 gjennomgang av rutinar knytt til aktivitetsplikta i opplæringslova § 9A-4. Alle respondentane.




Nærare analyse av svara viser at ved Skånevik skule svarar 35,71 prosent av respondentane *veit ikkje* på spørsmålet om kor ofte dei tilsette ved skulen vanlegvis får ein gjennomgang av rutinar knytt til aktivitetsplikta. 14,29 prosent av respondentane ved skulen svarar *aldri*.<sup>50</sup> Såleis stadfestar respondentane informasjonen frå intervju om at rutine som er utarbeidd ved skulen enno ikkje er gjennomgått i personalgruppa.

Vidare i spørjeundersøkinga fekk tilsette spørsmål om kor einige eller ueinige dei er i påstandar knytt til om dei er trygge på når dei skal gripe inn, når dei skal varsle og korleis dei skal følgje med på om elevane har det trygt og godt. Som figuren viser er dei fleste anten einige eller delvis einige i påstandane. Flest respondentar har svar at dei er *einige* i påstanden «eg er trygg på i kva tilfelle eg skal gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering» (71,4 prosent) og færrest respondentar er *einige* i påstanden «eg er trygg på kva eg skal «sjå etter» når eg skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø» (54,5 prosent).


<sup>50</sup> 21,34 prosent svarar *ved behov* og 28,57 prosent svarar *årleg* ved same skule

Figur 10 Påstandar om å gripe inn, varsle og følgje med. Andre leiarar, lærar og assistentar/miljøarbeidar.



Videre blei tilsette bedt å ta stilling til om dei er trygge på at skulen fangar opp elevar som ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Som figuren under viser svarar 24,2 prosent at dei er *einige* og 60,6 prosent *delvis einige* i påstanden «eg er trygg på at skulen fangar opp alle elevar som ikkje har eit trygt og godt skulemiljø». 7,6 prosent svarar at dei er *delvis ueinige* og 7,6 prosent svarar at dei er *ueinige* i påstanden.

Figur 11 Om tilsette kjenner seg trygge på at skulen fangar opp alle elevar som ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Andre leiarar, lærar og assistentar/miljøarbeidarar.



### 4.3.1 Vurdering

Plan for trygt og godt skulemiljø legg etter revisjonen si vurdering gode føringar for korleis skulane skal arbeide for å sikre ei felles tilnærming til dei delane av aktivitetsplikta som gjeld for alle som arbeider ved skulen (følgje med, gripe inn, varsle), mellom anna gjennom eit årshjul som legg opp til drøftingar av kva pliktene betyr og korleis praksisen skal vere på den enkelte skule. Denne planen er pr. juni 2021 ikkje implementert ved skulane i kommunen, og revisjonen vil presisere viktigheita av at skulane etablerer eigne planar for oppfølging av den felles kommunale planen, og der aktivitetane i det felles årshjulet inngår. Dette vil framover kunne bidra til å sikre at den enkelte tilsette er godt kjent med aktivitetsplikta, og at det på den enkelte skule er ei felles tilnærming til korleis handlingspliktene som følgjer av aktivitetsplikta blir forstått og ivareteke.

Revisjonen merkar seg også som positivt at det er utarbeidd ein felles rutine i kommunen som skildrar krava i kapittel 9A. Rutinen er dels retta mot å skildre forskjellar mellom gammalt og nytt kapittel 9 A, noko som etter revisjonen si vurdering var meir relevant den første tida rundt og etter lovendringa i 2017 enn det er no – om lag fire år etter at loven blei endra. Rutinen er også ganske overordna, og føreset etter revisjonen si vurdering at den enkelte skule i tillegg etablerer eigne rutinar for oppfølging av aktivitetsplikta og handtering av situasjonar der ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Når det gjeld system og rutinar på den enkelte skule, viser samtidig undersøkinga til dels store forskjellar mellom dei to skulane per juni 2021, noko som etter revisjonen si vurdering stadfestar behovet for vidareutvikling av planar og rutinar ved skulane, slik det også er lagt opp til i kommunen sin nye plan for trygt og godt skulemiljø.

Det er etter revisjonen si vurdering positivt at Enge skule har ein presentasjon som kvart skuleår blir nytta for å sikre at tilsette ved skulen er informert om krava i kapittel 9 A, aktivitetsplikta og kva som ligg i dei ulike handlingspliktene. Samtidig stiller revisjonen spørsmål ved at presentasjonen rettar ein del merksemd mot forskjellane mellom nytt og gammalt kapittel 9 A. Dette var relevant i tida rundt og rett etter lovendringa, men i 2021, fire år etter at nye lovkrav blei innført, meiner revisjonen at dette fokuset kan verke meir forvirrande enn oppklarande for dei tilsette. Det kan etter revisjonen si vurdering difor vere føremålstenleg å gjere justeringar i presentasjonen for å sikre at merksemda blir retta mot *gjeldande* lovkrav, ikkje mot endringane i forhold til det som var lovkrava tidlegare. Vidare stiller revisjonen spørsmål ved om denne presentasjonen er tilstrekkeleg som rutine for å sikre at tilsette har ei felles forståing for kva som ligg i lovkrava, og at enkeltsaker som handlar om å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø blir følgt opp på ein god måte og i samsvar med lovkrava.

Ved Skånevik skule er det som del av skulen si handbok etablert rutinar som konkret skildrar saksgangen i saker der ein har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Rutinane bidrar til tydelege prosessar i enkeltsaker, men revisjonen meiner det på nokre punkt er uklårt om rutinane bidrar til å sikre at regelverket blir etterlevd. Revisjonen vil presisere at rektor ifølgje lova skal varslast både ved *mistanke om* og ved kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Dette er etter revisjonen si vurdering ikkje tilstrekkeleg tydeleg i flytskjemaet. Vidare blir plikta til å setje i verk tiltak og utarbeide ein skriftleg plan utløyrt når ein elev seier at han/ho ikkje har det trygt og godt (eller når eleven skildrar ein situasjon som må kunne forståast som at eleven ikkje har det trygt og godt). Heller ikkje dette er etter revisjonen si vurdering tilstrekkeleg tydeleg i flytskjemaet. Dette medfører risiko for at det ikkje alltid blir iverksett tiltak og utarbeidd ein skriftleg plan i dei tilfella der lova krev det. Revisjonen merkar seg også at det i flytskjema er vist til at andre instansar skal kontaktast i alvorlege tilfelle, utan at det går fram kva instansar dette er, samt at det føreligg ei sjekkliste ved mistanke om mobbing og krenkande handlingar utan at det går fram korleis denne skal nyttast. Også på desse punkta meiner revisjonen at det er behov for å tydeleggjere rutinane. Revisjonen stiller også spørsmål ved om rutinane som er utarbeidd ved Skånevik skule i tilstrekkeleg grad sikrar at dei tilsette på skulen er godt kjent med og har ei felles forståing av kva som ligg i alle dei ulike delpliktene i aktivitetsplikta. Undersøkinga viser at det per i dag ikkje er etablert eit system på skulen som sikrar at dei tilsette jamleg får ein gjennomgang av aktivitetsplikta og kva ansvar dei har som følgje av denne, samt ein gjennomgang av skulen sine rutinar. Dette er ikkje tilfredsstillande, men revisjonen merkar seg at det er planar om å sikre slike gjennomgangar ved skulen framover.

Basert på det som kjem fram i undersøkinga er det revisjonen si vurdering at det er behov for å gjennomgå og vidareutvikle rutinane ved begge skulane, og at skulane mellom anna må sikre at det er tydeleg for alle tilsette kva som ligg i plikta til å følgje med, korleis skulen sikrar at dei tilsette følgjer ekstra godt med på sårbare elevar, kva elevar dette kan gjelde, kva som er å rekne som ei krenking og i kva tilfelle og korleis tilsette eventuelt skal gripe inn ved krenkingar. Det er også viktig at det går tydeleg fram kva som utløyser plikta til å varsle rektor og til å setje i verk tiltak. Dette arbeidet vil etter revisjonen si vurdering naturleg kunne inngå som ein del av implementeringa av kommunen sin plan for eit trygt og godt skulemiljø, og utarbeidinga av eigne planar ved kvar av skulane. Aktivitetane som går fram av årshjulet i den felles planen vil også kunne vere viktige for å sikre at alle tilsette er godt kjende med relevante planar og rutinar både i kommunen og ved den enkelte skule.



## 4.4 Skjerpa aktivitetsplikt


### 4.4.1 Datagrunnlag

Ingen av planane, rutine mv. som revisjonen har fått tilsendt frå Etne kommune eller skulane i kommunen inneheld konkret informasjon om skjerpa aktivitetsplikt. Frå intervju med rektorane går det fram at ingen av skulane i kommunen har gjennomført spesifikk opplæring i skjerpa aktivitetsplikt eller kva dei tilsette skal gjere dersom ein situasjon knytt til skjerpa aktivitetsplikt oppstår på nokon av skulane i kommunen. Samtidig opplever både rektorar og lærarar frå ein av skulane som er intervjuet av revisjonen at tilsette er kjend med kva skjerpa aktivitetsplikt inneber. På den andre skulen oppgjer lærarane at dei er delvis kjende med lovgivinga knytt til skjerpa aktivitetsplikt.

I intervju med kommunalsjef går det fram at kommunen har hatt ei sak knytt til skjerpa aktivitetsplikt dette skuleåret og at kommunalsjef har blitt orientert og vore involvert i denne saka.

I spørjeundersøkinga stilte revisjonen spørsmål til tilsette om dei kjenner seg trygg på korleis dei skal handtere tilfelle det dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev. Som Figur 12 viser svarar 58,8 prosent *ja* på dette spørsmålet. 30,9 prosent svarar *delvis* og 10,3 prosent svarar *nei*.

Figur 12 Kjennskap til skjerpa aktivitetsplikt. Alle respondentar.



### 4.4.2 Vurdering

Etter revisjonen si vurdering er det ikkje sannsynleggjort i tilstrekkeleg grad at kommunen har sørga for at tilsette ved skulane er kjende med den skjerpa aktivitetsplikta, og at det er tydeleg for alle tilsette korleis ein skal gå fram dersom ein blir kjend med eller får mistanke om at ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev. Sjølv om eit fleirtal av lærarane som har svart på undersøkinga seier at dei er trygge på korleis dei skal handtere slike tilfelle, så er det også til saman litt meir enn 40 prosent av dei tilsette som anten svarer *nei* eller berre *delvis* føler seg trygg på kva dei skal gjere i ein slik situasjon. Dette medfører etter revisjonen si vurdering risiko for at den skjerpa aktivitetsplikta ikkje blir følgt opp. Revisjonen meiner det er viktig at skjerpa aktivitetsplikt er omtala i rutinar og retningslinjer som omtalar krav i opplæringslova kapittel 9 A, og at kommunen og skulane har tydelege prosedyrar for korleis situasjonar som er omhandla av den skjerpa aktivitetsplikta skal handterast av både tilsette og leiarar ved skulane. Dette er pr. i dag ikkje tilfelle i rutine som føreligg i Etne kommune. Det å melde frå om ein mistanke om at ein kollega eller leiar har krenka ein elev, kan vere særskild utfordrande for tilsette ved skulane, og det er difor viktig at det er tydelege prosedyrar for korleis tilsette skal gå fram i slike situasjonar.

## 4.5 Rutinar for å sikre at elevane blir høyrde og får høve til å medverke


### 4.5.1 Datagrunnlag

I plan for trygt og godt skulemiljø er det utarbeidd eit skjema med oppgåver som skal utførast ved melding eller mistanke om eit ikkje trygt og godt skulemiljø. Her er «samtalar med eleven som opplever seg krenka» og «samtalar med eleven som krenkjer» eit eige punkt. Det går ikkje fram i planen eller andre skriftlege rutinar kva som burde leggjast vekt på i samtalan med elevane, men det blir presisert i plan for trygt og godt skulemiljø at ein skal sikre at eleven si stemme og subjektive oppleving blir høyrd.

I stikkprøvekontrollen som er gjennomført, går det fram at elevane som ikkje har det trygt og godt blir høyrde gjennom samtalar undervegs i perioden der tiltaka blir utarbeidde og gjennomførte. Det er også gjennomført samtalar med elevar som krenkjer i sakene. Det går i varierende grad fram korleis eleven som har blitt krenkja sine meiningar har blitt *vektlagd* når ein avgjort kva tiltak som skal setjast i verk, sjølv om det er dokumentert at det har blitt gjennomført samtale med eleven. I eit fleirtal av sakene har dokumentert dialog i hovudsak vore med føresette, ikkje eleven. I alle sakene er det dokumentert at det har blitt gjennomført samtale med dei aktuelle elevane. I nokre saker er dette dokumentert som ein del av fylldige referat. I andre saker er det notert ei setning om at det gjennomført samtale med elev.

I spørjeundersøkinga fekk rektorar, andre leiarar med og utan undervisning og kontaktlærarar spørsmål om i kva grad eleven sjølv blir høyrd i arbeidet med å finne eigna tiltak for å sikre at eleven får det trygt og godt på skulen, og i kva grad eleven sine meiningar blir vektlagt i arbeidet med å finne eigne tiltak for å sikre at eleven får det trygt og godt på skulen. Svarfordelinga på dei to spørsmåla er heilt lik. 70,4 prosent svarer *i stor grad* og 22,2 prosent svarer *i nokon grad*. Vidare svarer 3,7 prosent *liten grad* og 3,7 prosent svarer *veit ikkje*. Ingen svarer *ikkje i det heile tatt* på nokre av dei to spørsmåla.

Figur 13 Medverknad av elevar ved utarbeiding av aktivitetsplan. Rektor, andre leiarar og kontaktlærarar.



### 4.5.2 Vurdering

Revisjonen vurderer det som positivt at den overordna planen til kommunen legg opp til at det blir gjennomført samtalar med både eleven som kjenner seg krenkja og eleven/elevane som gjennomfører krenkinga. Stikkprøvekontrollen syner at involverte elevar blir snakka med ved utarbeiding av aktivitetsplan og undervegs når tiltak blir gjennomførte, men i fleire av aktivitetsplanane er det utydeleg i kva grad meiningane til elevane er vektlagde. Det blir også i større grad vist til samtalar med føresette enn til elevane sjølv i dokumentasjonen revisjonen har fått tilsendt. Revisjonen vil derfor presisere viktigheita av elevane sin rett til medverknad, og viktigheita av at deira synspunkt blir vektlagde også i utarbeidinga av tiltak i aktivitetsplanane. Revisjonen vil i den samanhengen vise til Utdanningsdirektoratet sin rettleiar der det blir peika på at aktivitetsplikt inneber at skulen skal sørge for eleven sin medverknad og at når skulen skal ta stilling til kva tiltak som bør setjast inn, må dei vurdere

det opp mot kva slags tiltak som tek seg av eleven sine interesser best mogleg. Det blir understreka at det er viktig at eleven blir gitt anledning til å bli høyrte i denne prosessen. Skulen skal også dokumentere korleis eleven blir høyrde. Sjølv om leiarar og tilsette som har svart på spørjeundersøkinga i hovudsak meiner både at elevane blir høyrde og at elevane sine meiningar blir vektlagde, noko som etter revisjonen si vurdering er positivt, meiner revisjonen at retningslinjer for involvering av eleven/elevane med fordel kan tydeleggjerast ytterlegare. For å sikre etterprøvnarheita i saka, er det også viktig å dokumentere elevane sine meiningar både om kva tiltak som kan vere aktuelle og andre relevante forhold, slik at det er tydeleg om og eventuelt på kva vis eleven sjølv har medverka.

## 4.6 Oppfølging av saker der ein elev ikkje har det trygt og godt

### 4.6.1 Datagrunnlag

I plan for trygt og godt skulemiljø går det fram at rektor, avdelingsleiar og kontaktlærar er ansvarlege for å setje i gong undersøking snarast og at undersøkingane blir dokumentert når ein får kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt. Lovteksten er gjeve att i planen:

«Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka. Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.»

Videre går det mellom anna fram at ein skal ha samtale med elev som føler seg krenka, sikre at eleven si stemme blir høyrte, samtalar med føresette til den som opplever seg krenka og samtale med eleven som krenkjer.

Vidare går det fram av plan for trygt og godt skulemiljø at skulane skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I denne planen skal det stå: a) kva problem tiltaka skal løyse, b) kva tiltak skulen har planlagt c) når tiltaka skal gjennomførast d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka e) når tiltaka skal evaluerast. Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å følgje opp aktivitetsplikta etter fyrste til femte ledd.

Lengre nede i planen går det fram at det skal setjast i verk tiltak med skriftleg dokumentasjon. Utover dette er det ikkje forklart korleis tilsette skal gå fram for å opprette den skriftlege tiltaksplanen og korleis arbeidet med tiltaksplanen elles skal føregå. Det går fram at rektor, avdelingsleiar og kontaktlærar er ansvarleg for å setje i verk tiltak med skriftleg plan og dokumentasjon.

I intervju med kommunalsjef og rådgjevar for skule går det fram at skulane i kommunen har hatt ein høg terskel for å utarbeide aktivitetsplanar i saker der elevar ikkje har det trygt og godt og at det derfor har blitt utarbeidd få aktivitetsplanar samanlikna med talet på elevar. Det blir i intervju understreka at det blir gjort mykje godt arbeide og sett i verk mange gode tiltak på skulane, sjølv om det ikkje alltid har blitt dokumentert eller utarbeidd ein aktivitetsplan.

I dokumentet *Ny § 9a – eit trygt og godt skulemiljø* går det fram at «det skal ikkje lengre fattast einskildvedtak». Samtidig blir det i intervju vist til vedtaksplikt i samband med iverksetting av tiltak og aktivitetsplan. Revisjonen får i intervju opplyst av kommunalsjef at når ei sak er ferdig undersøkt og skulane har avgjort at det skal setjast i verk tiltak er det etablert praksis på skulane i Etne at det skal fattast enkeltvedtak om kva tiltak som skal setjast i verk. Dette har tidlegare vore rektor på kvar skule sitt ansvar, men det blir opplyst i intervju med kommunalsjef at det også kan delegerast til avdelingsleiarane. Tiltaka blir utforma i samarbeid med foreldra til eleven og vedtaket blir arkivert i elevmappa i kommunen sitt sak- og arkivsystem ACOS WEBSAK. I enkeltvedtaket blir det mellom anna opplyst om klagerett etter forvaltningslova.

I revisjonsperioden er Etne kommune i ein overgangsfase der skulane skal ta i bruk det digitale verktøyet «Stafettlogg» som plattform for kommunikasjon mellom lærarar, elev og eventuelle andre involverte aktørar som til dømes PPT. I intervju med kommunalsjef får revisjonen opplyst at overgangen til bruk av Stafettloggen har tatt lengre tid enn ønskt og at det er sett i verk tiltak for å få fortgang i bruken av dette systemet. Det blir opplyst at Stafettloggen skal vere med på å synleggjere steg for steg kva skulen gjer i ulike saker og at dei føresette (og eventuelt andre) kan følgje med på prosessen. Det er ikkje meininga at aktivitetsplanane til elevane skal lagrast i Stafettloggen. Aktivitetsplanane skal bli lagra i elevmappa til eleven.


Den kommunale skuleadministrasjonen har i dag tilgang til ei oversikt over saker ein nyttar Stafettloggen i, men ikkje tilgang til innhaldet i pågåande saker. Samtidig har den kommunale skuleadministrasjonen tilgang til alle enkeltvedtaka som blir fatta i saker som gjeld trygt og godt skulemiljø. Revisjonen får opplyst at det ikkje blir tatt stikkprøver av desse vedtaka, men kommunalsjef vurderer å etablere dette som ein fast praksis. Då både kommunalsjef og rådgjevar har tilgang til elevmappene vil dei også ha tilgang til arkivert aktivitetsplan, samt opplysningane frå Stafettloggen etter at saka er avslutta.

Det er pr. i dag utarbeidd ein kommunal mal som begge skulane nyttar i saker som gjeld opplæringslova § 9 A. På den eine skulen er malen ein del av handboka til skulen. Malen etterspør informasjon om varslings, kva førebyggjande arbeid som er gjort, handlingar, tiltak og oppsummering. I intervju med revisjonen går det fram at ein av skulane også har utarbeidd ein eigen mal for aktivitetsplan.<sup>51</sup> I malen er det lagt inn stikkord for å hjelpe til med utfyllinga. Mellom anna går det fram korleis ein skal undersøke og kartlegge ei sak og at rektor skal varslast. Vidare skal ein fylle inn mål, tiltak, ansvar og korleis ein skal gjennomføre tiltak, samt informasjon om tid, stad og dato for evaluering. Denne malen har i liten grad blitt brukt på skulen så langt. På intervjutidspunktet hadde skulen brukt malen i arbeidet med *ei* 9 A- sak.

Lærarane ved ein av skulane fortel i intervju at dei pr. i dag opplever at det er for mange ulike system i bruk i arbeidskvarden. Dei brukar no Visma for å kommunisere mellom skule og heim. I dette systemet ligg vurdering, merknadar og fråvær. Vidare brukar ein Conexus for å evaluere elevane fagleg gjennom vurderingar og prøver. Desse systema kjem i tillegg til «Stafettloggen». Det er også ulikt korleis lærarane oppfyller dokumentasjonsplikta. Nokre lærarar brukar OneNote, medan andre brukar penn og papir. Lærarar etterlyser ei «sikker sone» der ein kan lagre notat om elevar. Lærarane ved begge skulane peikar på at Stafettloggen ikkje er egna til å logge hendingar og notat som saker som ein ikkje ynskjer at føresette eller andre skal ha full innsikt i.

I spørjeundersøkinga blei rektorar, avdelingsleiarar og kontaktlærarar bedt om å ta stilling til påstandane i figuren under.

Figur 14 Påstandar om aktivitetsplanar og tiltak. Rektor, andre leiarar og kontaktlærarar



Som Figur 14 viser, svarar 48,1 prosent av respondentane *ja* på spørsmålet om det i alle tilfelle dei kjenner til der ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, er utarbeidd ein aktivitetsplan/skriftleg plan. Dei respondentane som svarte *delvis* eller *nei* blei vidare spurde om å forklare kvifor det ikkje er utarbeidd aktivitetsplan i alle saker ein kjenner til der ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Respondentane skriv her at «*ein del*» av desse sakene

<sup>51</sup> Etne kommune. Skånevik skule – aktivitetsplan. Datert 14.04.2021.

blir løyst/avslutta gjennom samtale med dei ulike partar og foreldra før det har blitt ei sak med aktivitetsplan. Det er ikkje klart for revisjonen om «*ein del*» omfattar alle sakene dei kjenner til, eller om det er typiske trendar og at ein ikkje er kjent med kvifor det ikkje er igangsett aktivitetsplan på resten. Det blir òg trekt fram at det førekjem at foreldre ikkje ønsker at ein utarbeider ein aktivitetsplan.

Stikkprøvekontrollen viser at fem av dei seks utvalde sakene inneheld skriftleg dokumentasjon. I fire av sakene er den kommunale malen brukt. I desse sakene framstår aktivitetsplanen meir som ein logg enn ein aktivitetsplan. Det går fram i dokumentet kva som har blitt gjort, når hendingar har oppstått og når samtalar har blitt gjennomført. I dei fire planane varierer det om tidspunkt for evaluering går fram. Det blir til dels vist til møtereferat som ikkje går fram i sjølve planen.

I to av sakene på ein av skulane er det ikkje oppretta aktivitetsplan. Saka involverer to elevar på skulen og det er førebudd Stafettlogg for begge dei involverte elevane. Desse er begge heilt utan innhald. Revisjonen har i samband med stikkprøvekontrollen mottatt ei skriftleg forklaring frå rektor der det går fram at saka blei løyst etter éin samtale og at Stafettloggen difor ikkje blei brukt. I denne saka er kommunikasjon med føresette dokumentert gjennom eit kort referat. Motteke dokumentasjon viser at det gjekk om lag to månader frå melding om mobbing til samtale med føresett som førte til saka blei lukka. Det går ikkje fram av dokumentasjonen i saka om rektor blei varsla når lærar fekk informasjon om at ein elev ikkje hadde det trygt og godt. Det går heller ikkje fram kva som var eleven si eiga oppleving av situasjonen, eller om det blei vurdert å setje i verk tiltak/lage ein skriftleg plan basert på meldinga frå føresett.

I den siste saka frå denne skulen er den kommunale malen brukt for å logge hendingane i saka. Vidare er det utarbeidd fylldige referat frå alle evalueringsmøte i saka der det går fram kva problem ein skal løyse og kva som er tidspunkt for neste evaluering. Eleven er til stades i (deler av) alle evalueringsmøte i saka, men det går ikkje alltid fram kva som er eleven sitt syn og om eleven sitt syn er vektlagt.

I tillegg til dei seks sakene fekk revisjonen opplyst at ein av skulane har utarbeidd ein eigen mal for kap.9 A- saker og at denne har blitt tatt i bruk i ytterlegare ei sak i revisjonsperioden. I denne saka er problemet skildra grundig i malen. Utfylt mal inneheld ei skildring av korleis ein skal følgje med, undersøkje, gripe inn, varsle til rektor, setje i verk eigna tiltak og kven som er ansvarleg for dei ulike stega i saken. Ulike aktivitetar knytt til undersøkinga er også skildra. Vidare er det utarbeidd ein mål- og tiltaksplan i same dokument. Her går det fram kva som er målet, kva som er tiltaket, kven som er ansvarleg og korleis ein skal gjennomføre tiltaket. Det har også blitt gjennomført evaluering av tiltaksplanen ved fleire høve der det delvis har blitt kryssa av for om målet er nådd eller ikkje nådd. Det går fram i planen at eleven har blitt høyrd i dei innleiande samtalane. Det går fram av aktivitetsplanen korleis eleven og lærar skal ha dialog om situasjonen.

#### 4.6.2 Vurdering

Revisjonen merkar seg at litt under halvparten av respondentane i spørjeundersøkinga stadfestar at det har blitt utarbeidd aktivitetsplan/skriftleg plan i alle tilfelle dei kjenner til der ein elev ikkje har hatt det trygt og godt på skulen. Dette samsvarer etter revisjonen si vurdering med det at det i undersøkinga også blir opplyst at terskelen for å opprette aktivitetsplan på skulane i Etne er for høg. Revisjonen vil påpeika at det er brot på opplæringslova § 9 A-4 fjerde og sjette ledd dersom det ikkje blir sett i verk tiltak og utarbeidd ein skriftleg plan når det er konstatert at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Revisjonen vil vidare presisere at plikta til å setje i verk tiltak og utarbeide ein skriftleg plan blir utløynt når ein elev seier at han/ho ikkje har det trygt og godt, når eleven skildrar ein situasjon som må kunne forståast som at eleven ikkje har det trygt og godt, og i situasjonar der skulen etter å ha gjort ei undersøking konkluderer med at ein elev ikkje har det trygt og godt. Eleven si subjektive oppleving skal leggjast til grunn. Kva som utløyser plikta til å setje i verk tiltak og utarbeide ein skriftleg plan er etter revisjonen si vurdering ikkje tilstrekkeleg tydeleg skildra i rutineane som er utarbeidd i kommunen eller på den enkelte skule. Dette medfører risiko for at det ikkje alltid blir iverksett tiltak og utarbeidd ein skriftleg plan i dei tilfella der lova krev det. Etter revisjonen si vurdering visar stikkprøvekontrollen døme på saker der det burde blitt sett i verk tiltak og utarbeidd ein skriftleg plan, men der dette ikkje er gjort.

Revisjonen merkar seg vidare at det i intervju blir forklart at det framleis skal fattast enkeltvedtak når tiltak skal setjast i verk i ei 9 A-sak. Revisjonen vil presisere at aktivitetsplan etter opplæringslova § 9 A-4 sjette ledd ikkje er eit enkeltvedtak, og at tiltak berre unntaksvis krev enkeltvedtak. Dette gjeld tiltak som grip inn i rettane til ein elev. I forarbeida til gjeldande kap. 9 A i opplæringslova blei det understreka at noko av føremålet med lovendinga var å bidra til ei forenkling ved at skulane ikkje lengre skulle måtte fatte enkeltvedtak i saker som gjeld trygt og godt skulemiljø. Vidare blei retten til å klage på enkeltvedtaket erstatta av handhevsingsordninga der statsforvaltaren kan overprøve saka og fatte vedtak som førsteinstans. Revisjonen vil understreke viktigheita av alle relevante nivå i kommunen er kjende med gjeldande lovkrav, slik at gjeldande regelverk og intensjonen med dette blir følgt.

Revisjonen meiner også at det er behov for å gjennomgå skulane sine system og rutinar for dokumentasjon i samband med aktivitetsplikta, samt ulike malar for aktivitetsplan som er utarbeidd. Mellom anna synast det å vere noko usikkerheit knytt til korleis Stafettloggen skal nyttast, og frå lærarar blir det peika på at for mange ulike system er i bruk. Revisjonen merkar seg vidare at det i stikkprøvekontrollen går fram at det er til dels svært ulike praksisar for dokumentasjon i 9 A-saker, og det er etter revisjonen si vurdering døme på at dokumentasjonen er så knapp at den ikkje sikrar etterprøvarheit i saka. Revisjonen merkar seg vidare at ein av skulane i kommunen har utarbeidd ein eigen mal for aktivitetsplan, samtidig som det også er utarbeidd ein felles mal. Etter revisjonen si vurdering blir den kommunale malen brukt meir som ein logg enn som ein aktivitetsplan, og det kan vere føremålstenleg å evaluere bruken av dei ulike malane og vurdere eventuelle behov for justeringar for å sikre at dei ivaretek krav i regelverket på ein god måte samtidig som ein sikrar at malane er mest mogleg brukarvenlege.

#### 4.7 Rutinar for informasjon om kap. 9 A til elevar og føresette

##### 4.7.1 Datagrunnlag

I plan for trygt og godt skulemiljø blir det presisert at samarbeid mellom heim og skule er spesielt viktig for å utvikle eit trygt og godt skulemiljø. Skulane sine planar og informasjon skal takast ut til foreldre/føresette på foreldremøte kvar haust. Det går ikkje fram korleis skulane skal sikre at informasjon blir formidla til foreldre som ikkje deltar på foreldremøte. I samband med verifisering av datagrunnlaget blir det frå kommunen opplyst at dette no er lagt inn eit punkt under kvalitetssjekken på den kommunale planen for trygt og godt skulemiljø, for å sikre at føresette som ikkje kan møte på foreldremøte også får informasjon. Det blir opplyst at referat skal bli skrive etter møta, og blir sendt ut og lagt tilgjengelege på klassen sin Showbie.

Frå kommunen si side er det utarbeidd ei informasjonsbrosjyre<sup>52</sup> som skal delast ut på foreldremøte kvar haust ved skulestart. I informasjonsbrosjyren blir det vist til dei tre pliktane som alle som arbeider på skulen har til å følgje med, varsle og gripe inn. Det går ikkje fram at skulen også skal undersøkje og sette i verk tiltak. I tillegg blir det gjenteke at skuleeigar si plikt og ansvar er å sørge for at dei tilsette har rett kompetanse til å følgje med, varsle og gripe inn dersom det skjer krenkingar mot elevar. I tillegg skal skuleeigar også sjå til at føresette og elevar har god informasjon om rettane sine og at skuleeigar skal vere informert om tiltaksplanar som skulane set i verk. Vidare går det fram at «Fylkesmannen i Hordaland er handhevingsorgan for retten elevar har til eit trygt og godt skulemiljø». Det er også lagt ved lenkje til informasjon om «ein trygg skuledag utan mobbing» på Statsforvaltaren i Vestland sine nettsider.<sup>53</sup> I brosjyra går det ikkje fram ytterlegare informasjon om kva det vil seie at statsforvaltaren er handhevingsorgan, og kva dette betyr for elevane og deira foreldre.

I intervju går det fram at begge skulane har signalisert til kommunalsjef at dei ynskjer å bli betre på informasjon til dei føresette om opplæringslova kap. 9 A og at dette har fått auka merksemd det siste året.

I intervju stadfester også begge skulane i Etne at dei informerer alle føresette om rettar og plikter knytt til opplæringslova kap. 9 A på foreldremøte kvart år. I intervju med rektor ved Skånevik skule går det fram at føresette ved skulen ikkje får utdelt heftet som er utarbeidd i kommunen. Ved skulen er det i staden utarbeidd ein presentasjon for føresette til nye førsteklasse ved skulen.<sup>54</sup> Presentasjonen er datert juni 2016 inneheld generell informasjon om korleis ein sikrar eit godt skulemiljø, informasjon om FAU, SU og skulemiljøutvalet. Vidare er ei side i presentasjonen informasjon om at kapittel 9 A i opplæringslova regulerer elevane sitt skulemiljø og at *alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring*. Det er her lagt ved ei lenkje til lova. Nettsida som kjem opp når ein trykkjer på lenkja omhandlar ikkje informasjon om opplæringslova eller trygt og godt skulemiljø. Rektor opplever at ein med denne presentasjonen sikrar at føresette er oppdatert på rettar og plikter knytt til opplæringslova 9 A. Det blir samtidig peika på at rutineane for dette ikkje har vore gode nok tidlegare og at dei føresette for dei eldre elevane truleg ikkje er godt nok informerte då presentasjonen berre blir gitt til foreldra til dei nye førsteklasingane. Revisjonen har også fått tilsendt ein presentasjon<sup>55</sup> frå Enge skule som blir halde for alle føresette på foreldremøte kvart år. Presentasjonen inneheld informasjon om kva elevane har krav på og kva plikter elevane har etter forskrifta for ordensreglement i kommunen. Det går ikkje fram i presentasjonen kva plikter som følgjer med aktivitetsplikta. Ingen av presentasjonane frå dei to skulane inneheld informasjon om retten til å melde saka til Statsforvaltaren i Vestland (handhevingsordninga) og presentasjonane opplyser berre delvis om aktivitetsplikta som følger av opplæringslova kap. 9 A.

<sup>52</sup> Etne kommune. Eit trygt og godt skulemiljø-. Kvar elev sin rett. Ikkje datert.

<sup>53</sup> Fylkesmannen i Vestland endra frå 1.1.2021 namn til Statsforvaltaren i Vestland. Nettsida det er lenkja til er tilgjengeleg frå: [Ein trygg skuledag utan mobbing | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)


<sup>54</sup> Etne kommune. Velkommen til foreldremøte. Datert 08.06.2016.

<sup>55</sup> Etne kommune. Foreldremøte 1.-10. klasse. Enge skule haust 2020. PowerPoint-presentasjon.

Det går ikkje fram i plan for trygt og godt skulemiljø eller andre skriftlege dokument at elevane skal få informasjon om sine rettar og skulen sine plikter etter opplæringslova kap. 9 A. I intervju får revisjonen opplyst at trygt og godt skulemiljø alltid er tema i elevsamtalar og i utviklingssamtalar ved begge skular. Det blir peika på at sjølv om elevane ikkje er kjend med kapittelet i opplæringslova, veit elevane at dei tilsette etterspør elevane sin trivsel og korleis dei har det. Dette blir også gjentatt i undervisningsøkter der dette er tema og via samtalar/økter om sosial kompetanse i klassane.

I spørjeundersøkinga blei rektor, andre leiarar med eller utan undervisning og kontaktlærarar spurt om skulen har rutinar for å sikre at elevar og foreldre jamleg blir informerte om retten til eit trygt og godt skulemiljø, tilsette si aktivitetsplikt og elevane og foreldre sitt høve til å melde saka til Statsforvaltaren (tidlegare Fylkesmannen). Svara går fram i Figur 15 under. Eit fleirtal av respondentane svarar *ja* på spørsmål om skulen har rutinar for at foreldre og elevar blir jamleg informerte om retten til eit trygt og godt skulemiljø, tilsette til aktivitetsplikt og elevane og foreldre sitt høve til å melde saka til statsforvaltaren (tidlegare fylkesmannen). Vidare svarar høvesvis 25,9 prosent, 18,5 prosent og 26,9 prosent delvis på spørsmåla. Nokre få (3,7 prosent og 3,8 prosent) svarar også veit ikkje på spørsmålet om tilsette si aktivitetsplikt og elevane og foreldre sitt høve til å melde saka til statsforvaltaren (tidlegare fylkesmannen).

Figur 15 Informasjon til elevar og foreldre om rettar etter kap. 9 A. Rektor, andre leiarar og kontaktlærarar.



#### 4.7.2 Vurdering

Undersøkinga viser at Etne kommune har utarbeidd informasjonsmaterieil som skal nyttast til å informere foreldre om elevane sine rettar og om skulen sine plikter som går fram av opplæringslova kapittel 9 A, men at informasjonsmateriellet i varierende grad blir brukt. I staden blir til dels egne presentasjonar utarbeidd ved skulane nytta. Undersøkinga viser etter revisjonen si vurdering at det ikkje er etablert ein praksis ved skulane som sikrar at alle foreldre får den informasjonen som opplæringslova § 9 A-9 krev. Både fordi det ikkje er alle foreldre som får informasjon, og fordi informasjonen som blir nytta ikkje dekkjer alle momenta som lova krev at det skal informerast om. Verken det kommunalt utarbeidd informasjonsmateriellet eller skulane sine presentasjonar omtalar handhevsingsordninga og retten til å melde saka til Statsforvaltaren i Vestland, sjølv om dette er eit krav i opplæringslova. Vidare blir det gjennom skulane sine presentasjonar i liten grad informert om aktivitetsplikta som følgjer av opplæringslova kap. 9 A. Heller ikkje informasjonsbrosjyra som er utarbeidd av kommunen inneheld informasjon om alle delane av aktivitetsplikta. Dette er etter revisjonen si vurdering ikkje tilfredsstillande, og kommunen og skulane bør sørge for at rutine for informasjon blir gjennomgått slik at ein sikrar at krav i opplæringslova blir følgt, og at alle foreldre får den informasjonen lova krev. Det at foreldre i tilstrekkeleg grad er gjort kjende med handhevsingsordninga, er ein føresetnad for at denne ordninga skal kunne fungere i samsvar med lovgevar sin intensjon.

Revisjonen merkar seg også at det ikkje føreligg skriftlege retningsliner eller rutinar som omtalar korleis *elevane* skal få informasjon i samsvar med krava i opplæringslova § 9 A-9. Kravet om informasjon til elevar er heller ikkje omtala i kommunen sin plan for eit trygt og godt skulemiljø. Sjølv om det i undersøkinga blir vist til ulike vis å formidle informasjon til elevane på, medfører manglande retningsliner og rutinar etter revisjonen si vurdering ein risiko for at informasjonen blir personavhengig, og at elevane ikkje alltid får den informasjonen som lova krev. For ein del tilsette kan det nok også opplevast som utfordrande å formidle informasjon i samsvar med lovkrava til elevar i ulike aldersgrupper, og revisjonen meiner at tydelegare rutinar for formidling av slik informasjon kan vere til god hjelp for lærarar som har ansvar for å sikre at elevane får påkravd informasjon.



# 5 Internkontroll

## 5.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

*I kva grad har kommunen som skuleeigar etablert internkontroll som er eigna til å avdekke avvik og risiko for avvik når det gjeld reglane som går fram av opplæringslova kapittel 9 A, og ved behov følgje opp med risikoreduserande tiltak?*

Under dette:

- I kva grad innhentar kommunen tilstrekkeleg og oppdatert informasjon om skulane sin praksis knytt til oppfølging av aktivitetsplikta og andre sentrale krav i opplæringslova kapittel 9 A til å kunne avdekke avvik eller risiko for avvik?
- I kva grad gjer kommunen ei vurdering av om praksisen til skulane er i samsvar med regelverket, og eventuelt sikrar at det blir satt i gang naudsynte og eigna tiltak for å sikre at praksisen til skulane er i samsvar med regelverket?

## 5.2 Revisjonskriterium

Ansvaret til skuleeigar for å følgje opp skulane og sikre at krav i regelverket blir oppfylt går fram av opplæringslova § 13-10:

Kommunen og fylkeskommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, også å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.

Elles gjeld kommunelova sine føresegn om internkontroll også for skulane. Av kommunelova § 25-1 går følgjande fram:

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal kommunedirektøren

- a) utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll

Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.

### 5.2.1 Datagrunnlag

Plan for trygt og godt skulemiljø inneheld ingen retningslinjer om korleis og kor ofte kommunal administrasjon skal hente inn informasjon om skulane sin praksis. Planen inneheld ein tabell med tittel «kommunen sin kvalitetsjekk på trygt og godt skulemiljø». Tabellen har tre kollar: oppgave, sjekk og kommentar. I kolona for oppgave inngår ei rekke aktivitetar og krav knytt opp mot kap. 9 A i opplæringslova og det felles årshjulet som ligg i plan for trygt og godt skulemiljø. Det går ikkje fram korleis tabellen skal nyttast og kven som eventuelt skal fylle ut dei to andre kolonnane. I intervju med kommunalsjef går det fram at kvalitetsjekken skal inngå i eit system som skal takast i bruk frå skuleåret 2021/2022. Det blir peikt på at rapporteringa vil skje i møte med den enkelte eining.

I tillegg går det i kvalitetsplanen for Etne kommune 2020-2024 fram at skuleeigar ynskjer å følgje opp måla og tiltaka som er skildra i kvalitetsplanen som ein del av kommunen sitt internkontrollsystem og at einingane, inkludert skulane, skal rapportere til skuleeigar på det som er innhaldet i kvalitetsplanen. Kommunalsjef ser føre seg at dette kan bli eit fast punkt på oppsummeringsskulemøtet på slutten av året. I kvalitetsplanen er det vidare utarbeidd ein sirkel som forklarar at alle einingane skal ha ein handlingsplan i eininga, at einingane skal legge ein plan for utviklingstid, at det skal gjerast ei kvalitetsvurdering og at ein skal rapportere på kvalitetsplanen. Eitt av

resultatmåla det skal rapporterast på i perioden 2020-2024 er trivsel, mobbing, støtte frå lærarane, meistring, arbeidsro og motivasjon frå Elevundersøkinga. Indikatorane for dette er mobbing, venner og arbeidsro frå Spekter.<sup>56</sup> Revisjonen har ikkje motteke skriftleg rapportering på kvalitetsplanar frå nokre av skulane.

Som nemnd i kap. 2 har Etne kommune nyleg omorganisert den kommunale leiinga. Tidlegare kommunalsjef for skulesektoren i Etne kommune hadde ansvar for både oppvekstsektoren og helsesektoren i kommunen. Det blir opplyst at før 2019 var der derfor mindre direkte oppfølging av einingsleiarane på skulane enn det er no. Revisjonen får i intervju opplyst at skulane opplever at noverande kommunalsjef i større grad er involvert i oppfølginga av skulane enn det som var vanleg tidlegare.

Det kommunale nivået og leiinga på skulane møtast jamleg i leiarmøte for barnehage og skulen (LBS). Det blir sett av ein heil dag til dette med tre ulike bolkar og møta blir haldne ca. tre gonger i halvåret. Første bolk er eit møte for berre leiarane på skulane eller barnehagane, følgd av eit fellesmøte der alle aktørane i oppvekstsektoren (som til dømes PPT, kulturskulen og barnevernet) samlast midt på dagen, og ein siste del berre for skule eller barnehage. Det varierer om det er skule eller barnehage som har møte i første eller siste bolk. Den første eller siste delen blir omtala som «skulemøte» når det er skulane som har møte. Kommunalsjef fortel at målet med LBS-møta er at skulen (og barnehagen) får eit meir heilskapleg bilde av oppvekst-sektoren og kva rolle dei som leiarar har i å forme eit godt oppvekstmiljø. Dei åtskilte bolkanane er for å dekke driftsrelaterte saker ved einingane. Alle avdelingsleiarane i oppvekstsektoren er med på LBS-møta i tillegg til einingsleiarane. Det føreligg ingen fast agenda for møta. Revisjonen får opplyst at kapittel 9 A i opplæringslova på eit vis er overskrifta for arbeidet då trygt og godt skulemiljø er det ein skal levere. Ein har også vore innom konkrete tiltak som skal vere til hjelp for å få til eit betre system rundt arbeidet med kap. 9 A. LBS – møta blir også brukt til å diskutere alt frå generelle situasjonar til korleis vedtak om spesialundervisning blir fatta og utforma. Skulemøta i forkant/etterkant av LBS-møta er meir detaljerte der ein går inn i statusen på kvar enkelt skule.

Revisjonen har fått tilsendt ei rekke Power-point-presentasjonar frå LBS-møta. Fleire av desse omhandlar rolla som leiar i oppvekstsektoren. Ein av presentasjonane frå november 2019 har overskrifta «null mobbing»<sup>57</sup> og omhandlar korleis einingane skal arbeide for å redusere talet på elevar i 10. klasse som melder at dei blir mobba. Ein presentasjon frå februar 2021 har tittelen «inkludering» og tek føre seg inkluderande læringsmiljø.<sup>58</sup>

Revisjonen får også opplyst i intervju at kommunalsjef under normale omstende vil gjennomføre faste fysiske skule- og barnehagebesøk. Rutinar og praksis for dette besøket er ikkje skildra i kommunale dokument. Kommunalsjef rakk å gjennomføre eitt skulebesøk på ein av skulane i kommunen før pandemien braut ut mars 2020. Det blei planlagt skulebesøk på skulane skuleåret 2020/2021, og ein av rektorane opplyser om at trygt og godt skulemiljø var eit av sju tema på agendaen for dette møtet. Mellom anna skulle rektor vise kommunalsjef ulike tiltaksplanar som var utarbeidd det siste året samt oppretta staffetloggar, ein skulle gjennomgå rutinen samt korleis ein arbeider for å samarbeide med heimane. Det blei ikkje gjennomført skulebesøk skuleåret 2020/2021 på grunn av pandemien.

I dokumentet *ny 9a- eit trygt og godt skulemiljø* går det fram at skuleleiinga skal informera kommunenivået når det blir sett i gang tiltaksplan. I intervju med rektor går det fram at dei fleste saker som dreier seg om at ein elev ikkje har det trygt og godt blir arbeidd med lokalt på skulen utan at kommunalsjef blir informert. Rektor ved ein av skulane fortel at dersom sakene fører til utarbeiding av ein aktivitetsplan blir kommunalsjef informert om dette, men at dei fleste saker blir løyst lokalt på skulen utan aktivitetsplan. Det blir også peika på at kommunalt nivå etterspør aktivitetsplanar på skulen ved jamne mellomrom.

I intervju ved skulane går det fram at rektorane opplever at kommunal administrasjon gir nyttige tilbakemeldingar på korleis skulen kan forberede arbeidet sitt og at den kommunale administrasjonen er tilgjengeleg for skulen både når det gjeld generell rettleiing og involvering i enkeltsaker. Det går også fram at leiinga ved skulane opplever at kommunalsjef stiller tydelege krav til skulane ved at saker som er relevante for trygt og godt skulemiljø blir tatt opp i møte med leiinga ved skulen og rektorane blir bede om å ta dette vidare med dei tilsette på skulane.

Som tidlegare nemnd i kap. 4.6 blir det mellom anna vist til at skulane har fått tilbakemelding frå kommunalsjef om at det er utarbeidd for få aktivitetsplanar sett opp mot talet på elevar på skulen, sjølv om det ikkje er etablert fast system for rapportering frå skulane. I den samanheng blir det opplyst at kommunalsjef også har hatt dialog med ein av skulane for å bidra til å sikre ei felles forståing for kva krenking inneber og korleis ein som tilsett på skulen skal ta tak i det. Kommunalsjef har også formidla at skulen sjølv har eit ansvar for følgje opp dei tilsette på

<sup>56</sup> Som det går fram av kap. 3 blir ikkje Spekter nytta på skulane på noverande tidspunkt på grunn av omsyn til personvern

<sup>57</sup> Etne kommune. Null mobbing! November 2019

<sup>58</sup> Etne kommune. Inkludering. Februar 2021

stegmøtet og identifisere kvifor det blir utarbeidd så få aktivitetsplanar. I intervju med kommunalsjef går det fram at skular og barnehagar skal vere informert om at målet er å auke talet på aktivitetsplanar og det dette er ein del av planane for året.

### 5.2.2 Vurdering

Kommunen har ifølgje opplæringslova § 13-10 ansvar for at krav i opplæringslova med forskrifter blir følgd, og det er difor viktig at det blir etablert eit internkontrollsystem som sikrar at kommunen har tilstrekkeleg innsikt i praksisen ved skulane til å kunne fange opp ev. manglande regeletterleving og risikoar for manglande regeletterleving ved skulane. Undersøkinga viser at praksisen ved skulane på enkelte område ikkje er eller har vore i samsvar med lovkrav, mellom anna når det gjeld etablering av organ for brukarmedverknad, terskel for iverksetting av tiltak og utarbeiding av ein skriftleg plan etter oppl. § 9 A-4, samt informasjon til elevar og foreldre jf. krav i oppl. § 9 A-9. Desse manglane indikerer at internkontrollen i kommunen på dette området ikkje har vore tilstrekkeleg. Samtidig er dette dels forhold som det den seinare tida har blitt retta merksemd mot frå kommunen si side og revisjonen merkar seg som positivt at kommunalsjef viser til at årshjul, sjekklister knytt til arbeidet med trygt og godt skulemiljø og nærare føringar knytt til rapportering frå skulane er under utarbeiding og implementering. Revisjonen finn imidlertid at det bør etablerast tydlegare rutinar knytt til internkontrollen der faste møtetidspunkt, eventuelle faste tema på agendaen samt rapporteringskrav og bruk av kvalitetsjekken er nærare skildra. Dette vil kunne bidra til å sikre systematikk og føreseielegheit i internkontrollarbeidet.

## 6 Konklusjon og tilrådingar

Undersøkinga viser at Etne kommune har utarbeidd mål og planar for det førebyggjande arbeidet knytt til psykososialt skulemiljø. Den kommunale planen for trygt og godt skulemiljø er datert mars 2021 og var derfor ikkje implementert på skulane på revisjonstidspunktet. Revisjonen meiner at planen synast å leggje eit godt grunnlag for eit planmessig arbeid for det psykososiale skulemiljøet, dersom den blir implementert og følgt opp som føresett. På revisjonstidspunktet hadde dei to skulane ulike planar som i varierende grad var oppdaterte. Revisjonen vil i den samanheng presisere viktigheita av evalueringar av skulemiljøarbeidet for å sikre at mål og planar er relevante og tilstrekkeleg oppdaterte, og for å vurdere om iverksette tiltak fungerer i samsvar med intensjonen. For å sikre at evalueringane er tilstrekkeleg systematiske og målretta, meiner revisjonen det bør føreligge tydelege og skriftlege rutinar for desse prosessane på skulane. Vidare er det viktig at evalueringane blir dokumenterte og at det blir etablert planar for oppfølging av eventuelle forbedringspunkt.

Det er etter revisjonen si vurdering positivt at det ved skulane er etablert system og/eller praksis for gjennomføring og oppfølging av resultata frå Elevundersøkinga, og at resultata blir drøfta og nytta som grunnlag for å vurdere behov for konkrete tiltak. Samtidig meiner revisjonen at det for å sikre tydelege prosessar, og sikre tilstrekkeleg informasjon til og involvering av ulike partar, i større grad enn det som er tilfelle i dag bør etablerast skriftlege rutinar for desse prosessane ved begge skulane. Revisjonen meiner også at kommunen og skulane bør vurdere å rette meir merksemd mot arbeidet med å førebyggje digitale krenkingar, og at dette er eit tema som i auka grad bør omtalast i planar og rutinar for å sikre tilstrekkeleg systematikk i det førebyggjande arbeidet som er retta mot digitale krenkingar.

Det er ikkje tilfredsstillande at det ikkje har vore etablert og/eller vore fungerande samarbeidsutval og skulemiljøutval ved skulane i Etne kommune. Dette er lovpålagt organ for alle grunnskular jf. opplæringslova §§ 11-1 og 11-2, og manglande etablering av desse organa for brukarmedverknad er dermed brot på opplæringslova. Revisjonen merkar seg i den samanheng at det er sett i verk prosessar for å etablere desse organa ved skulane.

Den nyleg utarbeidd plan for trygt og godt skulemiljø legg etter revisjonen si vurdering gode føringar for korleis skulane framover skal arbeide for å sikre ei felles tilnærming til dei delane av aktivitetsplikta som gjeld alle som arbeider på skulen (følgje med, gripe inn og varsle). Revisjonen vil samtidig presisere at undersøkinga viser at det pr. juni 2021 framleis var til dels store forskjellar mellom dei to skulane i kommunen når det gjeld system og rutinar for å sikre at aktivitetsplikta blir oppfylt, og revisjonen finn grunn til å presisere viktigheita av at det blir arbeidd systematisk med dette framover for å sikre at krav i regelverket blir følgt og at alle tilsette er kjende med gjeldande krav og rutinar. Mellom anna meiner revisjonen at det per i dag ikkje føreligg tilstrekkelege system og rutinar for å sikre at tilsette ved skulane er kjende med den skjerpa aktivitetsplikta. Dette medfører etter revisjonen si vurdering risiko for at den skjerpa aktivitetsplikta ikkje blir følgt opp i samsvar med lovkrava.

Undersøkinga viser vidare at terskelen for å opprette skriftlege aktivitetsplanar i saker der elevar ikkje har det trygt og godt har vore for høg ved skulane i Etne. Revisjonen vil påpeika at det er brot på opplæringslova § 9 A-4 fjerde og sjette ledd dersom det ikkje blir sett i verk tiltak og utarbeidd ein skriftleg plan når det er konstatert at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Kva som utløyser plikta til å setje i verk tiltak og utarbeide ein skriftleg plan er etter revisjonen si vurdering ikkje tilstrekkeleg tydeleg skildra i rutinane som er utarbeidd i kommunen eller på den enkelte skule. Dette medfører risiko for at det ikkje alltid blir iverksett tiltak og utarbeidd ein skriftleg plan i dei tilfella der lova krev det. Etter revisjonen si vurdering viser stikkprøvekontrollen døme på saker der det burde blitt sett i verk tiltak og utarbeidd ein skriftleg plan, men der dette ikkje er gjort. Revisjonen meiner også at det ikkje alltid er tilstrekkeleg tydeleg i kva grad elevane sine synspunkt blir vektlagde i utarbeidinga av tiltak som er skildra i aktivitetsplanane.

Det er etter revisjonen si vurdering ikkje etablert tilfredsstillande retningslinjer og rutinar for å sikre at elevar og foreldre får den informasjonen som opplæringslova § 9 A-9 krev. Undersøkinga viser også at det i praksis ikkje er alle foreldre som har fått den informasjonen dei skal ha. Manglande informasjon til foreldre og/eller elevar er brot på krava i opplæringslova, og revisjonen vil presisere viktigheita av at rutinane blir gjennomgått og oppdaterte slik at ein sikrar at praksisen er i samsvar med lovkrava.

Manglane revisjonen har funne i undersøkinga indikerer at internkontrollen i kommunen knytt til trygt og godt skulemiljø ikkje har vore tilstrekkeleg. Samtidig er dette dels forhold som det den seinare tida har blitt retta merksemd mot frå kommunen si side, og revisjonen merkar seg som positivt at årshjul, sjekklister knytt til arbeidet

med trygt og godt skulemiljø og nærare føringar knytt til rapportering frå skulane er under utarbeiding og implementering. Dette vil kunne bidra til å sikre systematikk og føreseielegheit i internkontrollarbeidet, som er viktig for å sikre etterleving av krav i regelverket.

Basert på det som kjem fram i undersøkinga vil revisjonen tilrå at Etne kommune set i verk følgjande tiltak:

- 1) Sikrar at plan for eit trygt og godt skulemiljø blir implementert på skulane i kommunen. Implementeringa bør sjåast i samanheng med allereie eksisterande planar og andre styringsdokument.
- 2) Etablerer system og rutinar for jamleg evaluering av planar, mål og tiltak på skulane i kommunen, samt sikrar at alle relevante aktørar blir involverte i dette arbeidet.
- 3) Vurderer å inkludere mål og tiltak for å førebyggje digitale krenkingar i relevante planar i kommunen og ved skulane, for å systematisere og tydeleggjere dette arbeidet ytterlegare.
- 4) Sørger for at skulane etablerer organ for brukarmedverknad (samarbeidsutval og skulemiljøutval), gjennomfører jamlege møte, samt arbeider for å synleggjere og tydeleggjere kva som skal vere skulemiljøutvalet si rolle ved skulane.
- 5) Gjennomgår og vidareutviklar rutinane for ivaretaking av aktivitetsplikta ved begge skulane, mellom anna for å sikre ei felles forståing av delpliktene som inngår i aktivitetsplikta, og sikre at alle tilsette er kjende med krav i regelverket og gjeldande rutinar ved skulane.
- 6) Sørger for at det føreligg tydelege skriftlege rutinar og føringar knytt til ivaretaking av den skjerpa aktivitetsplikta.
- 7) Sikrar at det alltid blir oppretta aktivitetsplan i dei tilfella lova krev det.
- 8) Tydeleggjer overfor skulane korleis ein kan sikre eleven sin rett til medverknad i samband med iverksetting av tiltak og utarbeiding av aktivitetsplan, og sikrar at det blir dokumentert i kva grad eleven sine synspunkt blir vektlagde.
- 9) Sikre at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon til elevane og foreldra om rettar og plikter i samsvar med opplæringslova § 9 A-9.
- 10) Sikrar at planlagde tiltak for å betre internkontrollen knytt til kapittel 9 A i opplæringslova blir evaluerte etter noko tid, for å vurdere om dei fungerer etter intensjonen og om det ev. er behov for fleire eller andre tiltak for å sikre ein tilstrekkeleg internkontroll på området.

# Vedlegg 1: Høyringsuttale

Deloitte mottok 13.08.2021 følgjande høyringsuttale frå kommunedirektøren i Etne kommune: :

Uttale frå kommunedirektøren på forvaltningsrevisjon av trygt og godt i skulane i Etne:

Kommunedirektøren takkar for ein grundig og god rapport. Rapporten som er tilsendt for uttale gir oss eit godt bilete på at skulane er i gang, men at det framleis er ein del som må på plass før ein kan seia at dette er noko ein er god på.

Noko av det som rapporten viser oss er enkelt å få på plass, noko krev at me jobbar endå meir med forståing av det heile. Det er for få aktivitetsplanar, og det ser ut til at det er ein for høg terskel for å setja i gang ei sak. Kommuneeigar skal i lag med skulane arbeida med sine planar og synleggjera desse, få på plass dokumentasjon etter gjennomgang av ulike undersøkinga, større involvering av FAU/elevråd/SU/SMU, det skal arbeidast meir med innhaldet i planar, rutinar og tiltak og ein skal arbeida meir med trygging av tilsette slik at ein er sikker på at alle veit kva dei skal gjera.

Kommunalsjef for oppvekst har gått gjennom kommunen sin plan for trygt og godt og har tatt med dei innspela som rapporten etter forvaltningsrevisjon viste. Denne blir presentert igjen for skuleleiinga i haust.

Noko av det som er kome fram i rapporten er altså alt retta opp, og ein er i gang med arbeidet.

MVH

Bjørn Tollefsen

Kommunedirektør

Etne Kommune

Mob.: +47 905 19 025

# Vedlegg 2: Revisjonskriterium

## Innleiing

Kapittel 9 A i opplæringslova omhandlar skulemiljøet til elevane. Kapittelet tar for seg både fysisk og psykososialt skulemiljø. Heile kapittel 9 A var nytt med verknad frå 1. august 2017. Fleire krav som var gjeldande før 1. august 2017 blei vidareført, men i ein del tilfelle med noko endra ordlyd og gjennom andre paragrafar enn tidlegare. I tillegg blei det gjort ein del vesentlege endringar.

## Retten til eit trygt og godt skulemiljø og nulltoleranse mot krenkingar

Kapittel 9 A i opplæringslova omhandlar skulemiljøet til elevane. Av § 9 A-2 går det fram følgjande overordna krav til skulemiljøet: «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring».<sup>59</sup> Vidare går følgjande krav om nulltoleranse og førebyggjande arbeid fram av § 9 A-3 :

Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skolen skal førebyggje brot på retten til eit trygt og godt skulemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen og læringa til elevane.

Av forarbeida til kapittel 9 A<sup>60</sup>, går det fram at omgrepet «skulemiljø» omfattar både det fysiske og det psykososiale miljøet. Vidare går følgjande fram av forarbeida:

Å ha et trygt og godt skulemiljø omfatter mer enn frihet fra krenkelser. Elevene har rett til et skulemiljø som fremmer helse, trivsel og læring. Uttrykket og rettigheten avgrensess dessuten ikke av årsaken til at eleven opplever at skulemiljøet ikke er trygt og godt.

Av forarbeida går følgjande fram om kva som er å rekne for «krenking»:

Begrepet krenkelser skal tolkes vidt. Begrepet kan omfatte direkte handlinger og verbale uttrykk rettet mot eleven, men også mer indirekte krenkelser som utestenging, isolering og baksnakking. Det er likevel ikke slik at enhver kritisk ytring eller uenighet mellom elevene er ment å omfattes.<sup>61</sup>

Også i Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv *Skulemiljø Udir-3 2017*<sup>62</sup> er det presisert at skulane skal ha nulltoleranse også for mindre alvorlege krenkingar enn dei som er spesifikt nemnde i lova.

*Rundskriv Udir-3 2017* presiserer vidare at det er den subjektive oppfatninga til eleven som avgjer om skulemiljøet er trygt og godt.<sup>63</sup>

## Digitale krenking

Forarbeida til kapittel 9 A stadfestar at korleis eleven opplever å ha det medan han eller ho er på skulen, SFO eller leksehjelptilbodet, er avgjerande for vurderinga av om skulemiljøet er trygt og godt.<sup>64</sup> Vidare blir det framheva at det at årsaka til eleven sin mistrivsel skuldast forhold utanom skuletida, ikkje avgrensar skulen si aktivitetsplikt så lenge eleven si oppleving av skulemiljøet blir negativt påverka av det. Dette er til dømes relevant for digitale krenkingar.

Utdanningsdirektoratet (Udir) peikar på at mange skulemiljøsaker har digitale spor og at ei enkelt digital hending kan få store konsekvensar for elevar.<sup>65</sup> Udir viser vidare til at kommunikasjon i digitale rom kan opplevast og tolkast annleis enn kommunikasjon ansikt til ansikt. Elevundersøkinga frå 2018 viser at 48,5 prosent at dei elevane som blir mobba digitalt også opplever tradisjonell mobbing. Ifølgje Udir bør skulen derfor vere særleg merksame på korleis elevane har det i det digitale rom. Vidare skriv Udir at ein skal vere bevisste på at eit eventuelt mobilforbod kan signalisere at digitale hendingar ikkje er noko dei vaksne vil ha ansvar for. Vaksne kan dermed risikere at det opplevast som mindre relevant for elevane å be om hjelp når dei opplever noko negativt på nett.

<sup>59</sup> Kunnskapsdepartementet. *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa* av 17. juli 1998 nr. 61 (opplæringslova).

<sup>60</sup> Prop. 57 L (2016–2017): Endringer i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø).

<sup>61</sup> Prop. 57 L (2016–2017): [Endringer i opplæringslova og friskolelova \(skulemiljø\)](#). 17.02.2017.

<sup>62</sup> Utdanningsdirektoratet. Skulemiljø Udir-3-2017. Sist endra 06.07.2020

<sup>63</sup> Utdanningsdirektoratet: Skulemiljø UDIR-3-2017. Sist endra 10.05.2019.

<sup>64</sup> Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø)*.

<sup>65</sup> Utdanningsdirektoratet – elevenes digitale liv. Sist endra 29.01.2019. Tilgjengeleg frå: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skulemiljo/tiltak-skulemiljo/skulemiljotiltak-elevenes-digitale-liv/>

Utdanningsdirektoratet har også tidlegare understreka at skulen har eit ansvar for å forhalde seg til mobbing som skjer på nett og i sosiale media, sjølv om det skjer utanom skuletida, dersom det gjer at eleven ikkje har det bra på skulen. Skulen skal vidare ta tak i digitale krenkingar på same måte som andre mobbesaker, ved å følgje med, gripe inn, varsle, undersøke saka og setje inn eigna tiltak. Utdanningsdirektoratet tipsar skulane mellom anna om å lære elevane digital dømekraft, og ha oppdaterte planar med etiske spelereglar, nettvetsreglar og førebygging mot digital mobbing.<sup>66</sup>

Skuleeigar kan regulere mobilbruken i ordensreglementa sine, og også fastsetje kva tiltak skulen skal kunne bruke mot elevar som bryt reglane. Ifølgje opplæringslova § 9 A-10 tredje ledd kan skulen berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Skulen kan til dømes inndra mobiltelefonen dersom den forstyrrar undervisninga, men skulen kan ikkje behalde mobiltelefonen utover skuletida.<sup>67</sup>

### Kunnskap om elevane sin trivsel som grunnlag for planar, mål og tiltak

Elevundersøkinga er ei årleg undersøking som det er obligatorisk for skulane å gjennomføre på 7. og 10. trinn. Det er opp til skulane sjølv om dei vil gjennomføre undersøkinga på fleire trinn.<sup>68</sup> Gjennomføring av eventuelle andre trivselsundersøkingar er ikkje pålagde frå nasjonalt hald, men mellom anna Læringsmiljøsenderet anbefaler å nytte trivselsundersøkingar for å gjere jamlege kartleggingar av læringsmiljø og trivsel, og avdekke mobbing.<sup>69</sup>

### Involvering av elevar og føresette i skulemiljøarbeidet

I § 9 A-8 i opplæringslova går mellom anna krav til elevdeltaking i skulemiljøarbeidet fram:

Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø.

Kapittel 11 i opplæringslova omhandlar brukarmedverknad i skulen. Her blir det mellom anna stilt krav om skulemiljøutval ved alle grunnskular (§11-1 A), og det blir gitt nærmare føringar for samansetninga av utvalet og kva rolle det skal ha.

Opplæringslova § 9 A-9 omhandlar informasjonsplikt og rett til å uttale seg. Tredje ledd stiller omhandlar mellom anna involvering av ulike organ for brukarmedverknad i skulemiljøarbeidet:

Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skulemiljøutvalet, elevrådet og foreldra skal haldast informerte om alt som er viktig for skulemiljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med skulemiljøtiltak. Dei har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som er viktige for skulemiljøet.

### Handtering og oppfølging av konkrete tilfelle der skulemiljøet ikkje er trygt og godt

Opplæringslova § 9 A-4 omhandlar aktivitetsplikta til skulane og til dei som arbeider på skulane. Første til femte ledd i lova definerer aktivitetsplikta:

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skuleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

I Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv *Skulemiljø Udir-3-2017*<sup>70</sup> blir kvar av handlingspliktene i aktivitetsplikta nærare utdypa, og det blir presisert at dei tre første pliktene er lagt til *alle som arbeider* ved skulen, medan pliktene til å undersøkje og eventuelt setje inn tiltak kvilar på *skulen*.

*Plikta til å følgje med* er naudsynt for at alle som jobbar på skulen lettare skal kunne fange opp mistanke om og få kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rundskrivet presiserer at ein slik mistanke utløyser andre delplikter i aktivitetsplikta, til dømes plikta til å undersøke saka og eventuelt setje inn eigne tiltak. Vidare er

<sup>66</sup> Utdanningsdirektoratet. *Hva skal skolen gjøre med digital mobbing?* Sist endra 27.06.2017.

<sup>67</sup> Utdanningsdirektoratet. *Mobilbruk og ordensreglement*. Tolkningssuttalelse 12.12.2014.

<sup>68</sup> Utdanningsdirektoratet. *Elevundersøkelsen*. Sist endra: 05.06.2018

<sup>69</sup> Læringsmiljøsenderet. *Hvordan kan lærere jobbe med å avdekke mobbing?* Publisert 02.06.2017

<sup>70</sup> Sist endra 06.07.2020



plikta til å følgje med ein føresetnad for at skulen skal kunne drive systematisk arbeid for å førebyggje og avdekke om elevar har eit trygt og godt skulemiljø.<sup>71</sup>

*Plikta til å gripe inn* er kjenneteikna av at handlinga skjer med det same og at den rettar seg mot å stoppe ein situasjon som pågår og er forholdsvis akutt. Slike situasjonar vil til dømes vere slåsskampar eller andre fysiske krenkingar, men det kan også innebere å stanse ein utfrysingssituasjon og irettesetje elevar som krenkjer andre verbalt. Plikta til å gripe inn kan i nokre tilfelle innebere bruk av fysisk makt og tvang. Rundskrivet presiserer at skulen ikkje har heimel til bruk av fysisk makt og tvang i opplæringslova. Plikta til å gripe inn kan òg vere avgrensa av straffelova.<sup>72</sup>

*Plikta til å varsle* går ut på at alle som jobbar på skulen skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. I alvorlege tilfelle skal rektor varsle skuleeigaren. Vidare slår rundskrivet til Utdanningsdirektoratet fast at det er låg terskel for kva som skapar «mistanke om» eller «kjennskap til» at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Det er ulike måtar ein som jobbar på skulen kan få mistanke om eller kjennskap til korleis elevane opplever skulemiljøet sitt. Rundskrivet nemner observasjon av elevane, tilbagemelding i undersøkingar, beskjed frå foreldre eller medelevar eller aktivitet i sosiale media. At ein elev seier ifrå at vedkomande ikkje har det bra på skulen, oppfyller kravet til at den som jobbar på skulen har «kjennskap». Rundskrivet presiserer at ein ikkje kan forvente at eleven skal nytta ordlyden i lova eller omgrepa til vaksne.<sup>73</sup>

*Plikta til å undersøke* blir utløyst av mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. I slike tilfelle skal skulen snarast undersøke saka nærare. Ettersom elevane har rett på eit skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, gjeld skulen si undersøkingsplikt meir enn dei tilfella der ein elev er utsett for mobbing og krenkingar. Plikta til å undersøke er heller ikkje avgrensa av årsaka til at eleven ikkje har det trygt og godt på skulen. Skulen har undersøkingsplikt så lenge skulemiljøet til eleven blir påverka negativt, sjølv i dei tilfella der årsaka til mistrivsel er forhold utanom skuletid og utanfor området til skulen.<sup>74</sup>

*Plikta til å setje inn tiltak* blir utløyst av at ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, eller når ei undersøking viser dette. Skulen skal i slike tilfelle så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Ifølgje forarbeida skal tiltaksplikta tolkast utvidande. Som ein del av tiltaksplikta skal skulen difor også følgje opp tiltaka sine, evaluere verknadane og eventuelt leggje til eller endre tiltak dersom det er naudsynt. Plikta til å setje inn eigna tiltak gjeld så lenge ein elev ikkje opplever å ha det trygt og godt på skulen.<sup>75</sup>

### Skjerpa aktivitetsplikt når ein som arbeider ved skulen krenkjer ein elev

§ 9 A-5 i opplæringslova pålegg dei som arbeider på skulen ei skjerpa aktivitetsplikt i tilfelle der ein som arbeider ved skulen krenkjer ein elev:

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

Frå forarbeida går det fram at dei fem delpliktene som gjeld for § 9 A-4, også gjeld for § 9 A-5.

### Eleven sin rett til å bli høyrte

Opplæringslova lovfestar gjennom § 9 A-4 femte ledd eleven sin rett til å bli høyrte og eleven sitt beste som grunnleggjande omsyn i alle skulen sine vurderingar og handlingar for å oppfylle aktivitetsplikta:

Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Ifølgje Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv er desse rettane også forankra i Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 3 og 12.<sup>76</sup>

Ifølgje forarbeida til opplæringslova skal skulen utføre aktivitetane for å oppfylle aktivitetsplikta i samråd med elevane som blir påverka av desse. Dette gjeld plikta til å følgje med, varsle, undersøke og eventuelt setje inn tiltak.

<sup>71</sup> Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 06.07.2020.

<sup>72</sup> Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 06.07.2020.

<sup>73</sup> Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 06.07.2020.

<sup>74</sup> Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 06.07.2020.

<sup>75</sup> Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 06.07.2020.

<sup>76</sup> Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 06.07.2020.

Skulen skal sørgje for alle involverte elevar blir høyrte, og forarbeida understrekar at dette omfattar både elevar som skulen mistenkjer eller kjenner til at ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, og andre elevar som er direkte påverka eller involvert i saka. Forarbeida presiserer at ein elev som krenkjer, eller er mistenkt for å krenkje andre elevar, skal ha same rett til å bli høyrte i saka som den eleven som kjenner seg krenkt.<sup>77</sup>

I rundskrivet frå Utdanningsdirektoratet går det vidare fram at omsyn til barnets beste vurderast og må at ein også må hugse på barnet sin rett til å bli høyrte og at ein skal legge vekt på kva barnet sjølv meiner om saka. Aktivitetsplikta inneberer at skulen skal sørge for eleven sin medverknad og at når skulen skal ta stilling til kva tiltak som burde setjast inn, må dei vurdere det opp mot kva slags tiltak som tek seg av eleven sine interesser best mogleg. Det blir understreka at det er viktig at eleven blir gitt anledning til å bli høyrte i denne prosessen. Skulen skal også dokumentere korleis dei høyrer på involverte elevar.

### Dokumentasjonskrav

I opplæringslova § 9 A-4 sjette og sjuande ledd går følgjande fram:

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skolen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

Plikta til å setje i verk tiltak og lage ein skriftleg plan (aktivitetsplan) i ei enkeltsak blir utløyst når skulen får kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, anten gjennom undersøkingar på eige initiativ eller etter at ein elev sjølv seier ifrå.<sup>78</sup> Det blir presisert i forarbeida til kap. 9 A at bokstav a) til e) er minimumskrav.<sup>79</sup>

I prop. 57 L (2016-2017) går det fram at det ikkje er stilt formkrav til planen utover at den skal vere skriftleg. Planen skal ikkje reknast som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Skulane er derfor ikkje forplikta til å følge forvaltningslova sine reglar om form og prosess for enkeltvedtak når dei lagar ein aktivitetsplan. Vidare går det fram at ein aktivitetsplan ikkje treng å knytte seg til éin bestemt elev, men kan ta føre seg en situasjon eller ei utfordring som omfattar fleire elevar.

Dokumentasjonskrava til skulen er todelt; i tilfelle der det må setjast inn tiltak i enkeltsaker skal det utarbeidast ein skriftleg aktivitetsplan. I tillegg er det krav om at skulen må dokumentere meir overordna kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta. Kravet til dokumentasjon er at den skal sørgje for tydeleg informasjon til elevar og foreldre, samt at saka og kva som er gjort er mogleg å etterprøve (jf. rundskriv *Skolemiljø UDIR-3-2017*).

### Informasjonsplikt til elevar og foreldre

Opplæringslova § 9 A-9 omhandlar informasjonsplikt og rett til å uttale seg. Første ledd stiller krav om at skulane skal informere elevar og foreldre om rettane etter kapittel 9 A:

Skolen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitlet. Skulane skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til statsforvaltaren etter § 9 A-6.

Dersom skolen finn ut at noko ved skolemiljøet kan skade helsa til elevane, skal elevane og foreldra snarast mogleg varslast om det.

Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skolemiljøutvalet, elevrådet og foreldra skal haldast informerte om alt som er viktig for skolemiljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med skolemiljøtiltak. Dei har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som er viktige for skolemiljøet.

### Statsforvaltaren si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker

Opplæringslova § 9 A-6 omtalar Statsforvaltaren si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker. Det går mellom anna fram at dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Statsforvaltaren etter at saka er teken opp med rektor. Statsforvaltaren skal avgjere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 er oppfylt, og dersom Statsforvaltaren kjem til at skulen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta, kan

<sup>77</sup> Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skolemiljø)*. Side 29.

<sup>78</sup> Utdanningsdirektoratet: *Skolemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 06.07.2020. Side 26.

<sup>79</sup> Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skolemiljø)*.

Statsforvaltaren gjennom enkeltvedtak vedta kva skulen skal gjere for å sikre eleven sin rett til eit trygt og godt skulemiljø.

### Internkontroll

Ansaret til skuleeigar for å følgje opp skulane og sikre at krav i regelverket blir oppfylt går fram av opplæringslova § 13-10:

Kommunen og fylkeskommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, også å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.

Elles gjeld kommunelova sine føresegn om internkontroll også for skulane. Av kommunelova § 25-1 går følgjande fram:

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal kommunedirektøren

- a) utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll

Internkontrollkrava i kommunelova inneber krav til systematisk arbeid for å avdekke avvik og risikoar for avvik, slik at det ved behov kan setjast i verk tiltak for å sikre at krav i regelverket blir etterlevd.

# Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur

## Lov og forskrift

- Kunnskapsdepartementet. Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa av 17. juli 1998 nr. 61 (opplæringslova). Sist endra 1. juli 2021.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet: Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova). LOV-1992-09-25-107

## Førearbeider, rundskriv, rettleiarar mv.

- Kunnskapsdepartementet. Prop. 57 L (2016–2017). Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak): Endringar i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø). 17.02.2017.
- Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Rundskriv. Sist endra 06.07.2020
- Utdanningsdirektoratet. *Hva skal skolen gjøre med digital mobbing?* Sist endra 27.06.2017.
- Utdanningsdirektoratet: *Elevenes digitale liv*. Sist endra 29.01.2019.

## Dokument frå kommunen

- Etne kommune: *Eit trygt og godt skulemiljø – ein plan for å sikre elevane i Etne eit trygt og godt skulemiljø*. Gjeldande frå 1. mars 2021.
- Etne kommune: *Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 tekstdel* K-sak 059/18.
- Etne kommune/Utdanningsdirektoratet. *Kommunal plan Etne kommune – Inkluderande barnehage – og skulemiljø 2018-2019*
- Etne kommune: *Inkluderande barnehage- og skulemiljø IBS – utviklingsplan for Enge skule*. Ikkje datert.
- Etne kommune: *Handbok for Skånevik skule – sosial handlingsplan*. Revidert 18.06.2020.
- Etne kommune: *Kvalitetsplan for oppvekst i Etne kommune 2020-2024 - Steg for steg*. Ikkje datert.
- Etne kommune: *Handbok for Skånevik skule - Aktivitetsleiar*. Revidert 18.06.2020
- Etne kommune: *Handbok for Skånevik skule. Trivselsleiarprogrammet*. Revidert 18.06.2020
- Etne kommune: *Problematiske skulefråvær – ein rettleiar i arbeid med førebygging og oppfølging*. Vedteken i komité Drift 04.06.2015
- Etne kommune: *Skånevik skule – rutine elevundersøking*. Revidert 25.10.2020.
- Etne kommune: *Trivselsundersøking Skånevik skule – lærarversjon 5.-10. klasse*. Ikkje datert.
- Etne kommune: *Trivselsundersøking Skånevik skule – lærarversjon 1.-4. klasse*. Ikkje datert.
- Etne kommune: Forskrift for ordens- og åtferdsreglementet for grunnskolen i Etne kommune. Vedtatt i kommunestyret 09.04.2015. Gjeldande frå 01.08.2015.
- Etne kommune: *Mal for bruk av Ipad*. Ikkje datert.
- Etne kommune: *Individuell vurdering for elevar på Enge skule*. Ikkje datert.
- Etne kommune. *Individuell vurdering for elevar på Skånevik skule*. Ikkje datert.
- Etne kommune. *Vedlegg til handbok for Skånevik skule – Flytskjema når ein uroar seg for ein elev*. Ikkje datert.
- Etne kommune. *Skånevik skule. Ruiner – når du bekymrar deg for ein elev*. Vedlegg til handboka 2020. Revidert 30.05.2020.
- Etne kommune. *Skånevik skule – aktivitetsplan*. Datert 14.04.2021.
- Etne kommune. *Eit trygt og godt skulemiljø-. Kvar elev sin rett*. Ikkje datert.
- Etne kommune. *Velkommen til foreldremøte*. Datert 08.06.2016.

- Etne kommune. *Foreldremøte 1.-10. klasse. Enge skule haust 2020*. PowerPoint-presentasjon.
- Etne kommune. Tilstandsrapport for grunnskulen i Etne 2019/2020
- Etne kommune. Tilstandsrapport for grunnskulen i Etne 2018
- Etne kommune. Tilstandsrapport for grunnskulen 2017
- Etne kommune. *Null mobbing!* PowerPoint- presentasjon. November 2019.
- Etne kommune. *Inkludering*. PowerPoint – presentasjon. Februar 2021.

#### Andre kjelder

- Utdanningsdirektoratet: Grunnskolens informasjonssystem (GSI): <https://gsi.udir.no/>
- Psykologisk førstehjelp: [https://ungsinn.no/post\\_tiltak/psykologisk-forstehjelp/](https://ungsinn.no/post_tiltak/psykologisk-forstehjelp/)
- Trivselsleiarprogrammet: <https://trivselsleder.no/>
- Spekter: <https://laringsmiljosenteret.uis.no/skole/mobbing/filmer-boker-og-verktoy/spekter-kartleggingsverktoy/>



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no).

© 2021 Deloitte AS

| SAKSGANG        |          |            |
|-----------------|----------|------------|
| Utval           | Møtedato | Saksnummer |
| Kontrollutvalet | 27.09.21 | 16/21      |
| Kommunestyret   |          |            |

| Saksansvarleg:  | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 216        |           |

## ROGALAND REVISJON IKS OM REVISOR SI ROLLE OG ANSVARSOMRÅDE

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval tek informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde til orientering i engasjementsbrevet av 07.07.21 til orientering.

**Vedlegg:** Engasjementsbrev dagsett 07.07.21

### Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal halde seg informert om revisjonsarbeidet og sjå til at rekneskapen blir revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet må difor ha kunnskap om revisor sine oppgåver og ansvar.

### Saksorientering

Rogaland Revisjon IKS tok over som revisor frå 01.07.21 og dei har utarbeida eit engasjementsbrev til kontrollutvalet. Brevet klargjer føremål og innhald i revisjonen slik at utvalet får ei forståing av rolledeling og kva som kan forventas av revisor.

### Saksopplysningar

Revisor har i sitt engasjementsbrev omtala si forståing av revisjonsoppdraget og innhaldet i revisjonsarbeidet med utgangspunkt i revisjonsvedtektene som gjeld for kommunar og fylkeskommunar. Brevet omtalar revisor sine oppgåver og plikter og kva revisor ventar at leiinga og administrasjonen gjer i samanheng med at dei legg fram rekneskapen. Eit av hovudpunkta i brevet omtalar rapportering frå revisor og dialog med kontrollutvalet og administrasjonen. Den/dei som utfører revisjon eller annen kontroll for kommunen skal jamleg vurdere sin sjølvstendige status. Oppdragsansvarleg revisor skal kvart år, og elles ved behov, gje ein skriftleg eigenvurdering av sin sjølvstendige status til kontrollutvalet.

Eigenerklæring følger som vedlegg til sak 17/21. Det er éin erklæring frå oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor og ein frå oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor.

**Sekretariatet sine vurderingar**

Engasjementsbrevet frå revisor gir kontrollutvalet kunnskap om revisor si rolle og ansvarsområde. Det blir gitt informasjon om lov, forskrifter og faglege standarder som ligg til grunn for revisor sitt arbeid. Informasjonen er grunnleggjande for kontrollutvalget sine oppgåver, mellom anna med å sjå til at rekneskapen blir revidert på trygt vis.

**Sekretariatet sin konklusjon**

Informasjonen frå revisor blir tatt til orientering.

Aksdal, 20.09.20

Odd Gunnar Høie  
*Seniorrådgjevar/utvalssekretær*



Til kontrollutvalget i Etne kommune

## ENGASJEMENTSBREV – ETNE KOMMUNE

### 1. Innledning

Rogaland Revisjon IKS ble gjennom selskapsavtale sist justert 01.07.2021, valgt til revisor for Etne kommune. Revisjonen består av forvaltningsrevisjon og regnskapsrevisjon, særattestasjoner og eierskapskontroller og omfatter revisjonen av kommuneregnskapet kommunale foretak, kirkeregnskap, stiftelser og andre virksomheter som inngår i den kommunale tjenesteproduksjon, jf. selskapsavtale, samarbeidsavtale og kommunens eierstrategi. Med utgangspunkt i de revisjonsbestemmelsene som gjelder for kommuner og fylkeskommuner, herunder standarder for god kommunal revisjonsskikk, vil vi i dette brevet beskrive vår forståelse av revisjonsoppdraget, slik at utvalget får en oppfatning av rollefordeling og hva som kan forventes av oss.

### 2. Revisjonen – formål og innhold

Kommuneloven har blant annet følgende bestemmelser om revisjonen i § 24-2:  
Revisor skal utføre regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eierskapskontroll og annen kontroll som er bestemt i lov eller i medhold av lov.

Vi vil gjennomføre og rapportere resultatene av vår revisjon i henhold til god kommunal revisjonsskikk, som er en rettslig standard. Innholdet i dette begrepet er normert av kommunelovens bestemmelser om revisjon, tilhørende forskrifter og etablerte og anerkjente standarder på området. Som medlem av Norges kommunerevisorforbund (NKRF) er vi underlagt jevnlig eksterne kvalitetskontroller.

Revisor har plikt til løpende å foreta en vurdering av egen uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor vil hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget i samsvar med forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 19.

#### *Ledelsenes ansvar*

I henhold til kommuneloven er det kommunedirektøren som er ansvarlig for at kommunens interne administrative kontroll og økonomiforvaltning er ordnet på en betryggende måte og er gjenstand for betryggende kontroll. Det er også kommunedirektørens ansvar å utarbeide og fremme kommunens årsberetning og avlegge årsregnskapet i samsvar med bestemmelsene i kommuneloven, forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. og god kommunal regnskapsskikk.

Kommunens ledelse har også ansvaret for at vi som revisor har ubegrenset tilgang til registrerte opplysninger, dokumentasjon og annen informasjon vi finner nødvendig for å kunne utføre vårt arbeid, herunder korrespondanse, kontrakter, protokoller m.v. Dette inkluderer også tilgang til systembeskrivelser og nødvendig veiledning.

#### *Kommunestyret og kontrollutvalgets ansvar*

Kommunestyret er kommunens øverste organ, og har det øverste tilsyn med den kommunale og fylkeskommunale forvaltning. Kommunestyret velger selv et kontrollutvalg til å forestå det løpende tilsyn med den kommunale forvaltning på sine vegne. Kontrollutvalget skal påse at kommunen og forvaltningen blir forsvarlig revidert. Kontrollutvalget bestiller forvaltningsrevisjoner basert blant annet på plan for forvaltningsrevisjon og den overordnede risiko- og vesentlighetsanalysen.

#### ***Forvaltningsrevisjon***

I henhold til KommuneLOven § 23-3 innebærer forvaltningsrevisjon å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standarder på området. Vi utarbeider også risiko- og vesentlighetsvurderinger av den kommunale virksomheten, til nytte for kontrollutvalget ved bestilling av forvaltningsprosjekter.

Innenfor forvaltningsrevisjon av kommuner er det NKRF som er det standardsettende organ. Grunnlaget og bakgrunnen for den enkelte forvaltningsrevisjon vil være beskrevet ved rapporteringen av den enkelte revisjon, slik at denne oppgaven ikke blir beskrevet ytterligere i dette brevet. Se for øvrig nærmere om rapportering under eget avsnitt.

Oppdrags- og fagansvarlig for forvaltningsrevisjon er leder for forvaltningsrevisjon Silje Nygård.

#### ***Regnskapsrevisjon***

Når det gjelder regnskapsrevisjon vil grunnlaget for vårt arbeid i mindre grad være omtalt ved avrapportering, slik at vi her bruker noe mer plass på å beskrive vårt arbeid og grunnlaget for dette.

Oppdragsansvarlig regnskapsrevisor er undertegnede.

#### *Årsregnskapet og de aktuelle delene av årsberetningen*

I regnskapsrevisjonen er vår hovedoppgave som revisor for kommunen å vurdere og avgi en uavhengig uttalelse (revisjonsberetning) om hvorvidt årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter.

Vi kontrollerer også om årsberetningen inneholder de opplysningene som lov og forskrift krever, og om opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet. Vi ser også etter om årsberetningen gir dekkende opplysninger om vesentlige beløpsmessige avvik fra årsbudsjettet og om vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene. I tillegg kontrollerer vi om den revisjonspliktiges ledelse har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.

Videre er det vår oppgave å vurdere om kommunen har ordnet den økonomiske internkontrollen på en betryggende måte og med forsvarlig kontroll.

Årsregnskap skal iht. kommuneloven § 14-6 være avlagt av kommunedirektøren innen 22. februar i året etter regnskapsåret. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Kommunedirektørens ansvar omfatter også ansvar for at registrering, dokumentasjon og oppbevaring av regnskapsopplysninger er innrettet på en ordentlig og oversiktlig måte.

#### *Revisjonens utførelse og forholdet til intern kontroll*

God kommunal revisjonsskikk innebærer blant annet at vi kontrollerer utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, foretar analytiske vurderinger og andre revisjonshandlinger som vi etter forholdene finner hensiktsmessige.

På grunn av en revisjons iboende begrensninger, sammen med den interne kontrollens iboende begrensninger, er det alltid risiko for at ikke all vesentlig feilinformasjon i regnskapet avdekkes, selv om revisjonen er planlagt og utført i samsvar med god kommunal revisjonsskikk. Ved vår risikovurdering vurderer vi de interne kontrollene som er relevant for årsregnskapet med det formål å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for effektiviteten av enhetens interne kontroll. Slike revisjoner eller gjennomganger vil eventuelt kunne avtales.

Generelt vil en effektiv intern kontroll (kommunens egen) redusere risikoen for at misligheter og feil vil oppstå uten å bli avdekket, men vil aldri kunne eliminere denne risikoen. Omfanget av vårt revisjonsarbeid vil for en stor del være avhengig av kvaliteten på og effektiviteten av foretakets interne kontroll, samt regnskaps- og rapporteringsrutiner. Vi vil rapportere skriftlig om eventuelle vesentlige mangler i den interne kontrollen som er relevante for revisjonen av årsregnskapet og som vi har identifisert under revisjonen, se nærmere om dette under avsnittet rapportering.

### *Registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger*

Når vi konkluderer om registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i revisjonsberetningen, vil revisjonen være utført i samsvar med den internasjonale standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon». Denne standarden krever at vi etterlever etiske krav, planlegger og gjennomfører vårt arbeid for å oppnå betryggende sikkerhet for at det ikke er vesentlige formelle mangler knyttet til registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger. Slike vurderinger innebærer gjennomføring av kontrollhandlinger for å innhente bevis om disse forholdene. De valgte kontrollhandlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for vesentlige mangler.

Ved vurderingen av ledelsens plikter med hensyn til registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger, innhenter revisor informasjon om kommunens interne rutiner for å vurdere samsvaret med lov, forskrift og god bokføringsskikk, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll.

### *Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen*

I samsvar med kommuneloven § 24-9 er det vår oppgave å se etter om kommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak. Denne kontrollen baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering som legges fram for kontrollutvalget. Resultatet av kontrollen skal rapporteres i en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget senest 30. juni.

### *Andre uttalelser og kontrollhandlinger*

Vår revisjon vil også omfatte de kontrollhandlinger som er nødvendige for å attestere de terminvise krav etter den kommunale ordningen for momskompensasjon. Vi utfører også kontroll av tilskudd som er gitt for å finansiere særskilte oppgaver (særattestasjoner), der det er krav eller ønske om revisors attestasjon, eksempelvis bekreftelse av antall psykisk utviklingshemmede og tilskudd for ressurskrevende tjenester. Våre kontroller utføres i tråd med oppdragsgivers anvisninger og aktuell standard for attestasjonsoppdrag.

## **3. Innsynsrett og taushetsplikt**

Revisor kan kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument hos kommunen og foreta de undersøkelser som revisor finner nødvendige for å gjennomføre oppgavene.

Både oppdragsansvarlig revisor og revisjonsmedarbeiderne har taushetsplikt etter forvaltningsloven §§ 13 til 13e. Dette følger av kommuneloven § 24-2 5.ledd.

Taushetsplikten er dog ikke til hinder for at kontrollutvalget får den informasjon om resultater av revisjonen som er nødvendige.

## **4. Rapportering og dialog**

Engasjementsbrev for revisjonsoppdraget utarbeides for hver valgperiode eller oftere dersom det er forhold som tilsier det. I tillegg utarbeides oppstartbrev i forbindelse med oppstart av den enkelte forvaltningsrevisjon, som sendes administrasjonen.

Utkast til budsjett fremmes til kontrollutvalget, som iht. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2 legger frem eget budsjett for kommunestyret for godkjenning. Rogaland Revisjon IKS legger frem tertialrapport over tidsforbruk sammenholdt mot rammen. Tilleggstjenester avtales spesielt.

Kontrollutvalget skal sørge for at plan for forvaltningsrevisjon blir utarbeidet og innstille til kommunestyret, som vedtar planen. Forvaltningsrevisjoner rapporteres til kontrollutvalget i form av egne rapporter.

Regnskapsrevisjonens innhold avhenger av revisjonsstandarder, intern kontroll og revisors skjønn. Kontrollutvalgets oppgave er å påse at kommunen har en tilstrekkelig revisjon.

Regnskapsrevisjonen rapporteres slik til kontrollutvalget:

1. Presentasjon av revisjonsstrategi ved inngangen til nytt revisjonsår
2. Orientering om vesentlige funn gjennom året
3. Oppsummering av årets revisjon og revisjonsresultater ved avslutning av revisjonen
4. Revisjonsberetning
5. Nummererte brev (se nedenfor)
6. Skriftlig uttalelse om forenklet etterlevelseskontroll etter kommunelovens § 24-9

Vi legger vekt på å ha en god dialog med kontrollutvalget.

### *Misligheter*

Revisor skal iht. kommunelovens § 24-5 gjennom revisjonen bidra til å forebygge og avdekke misligheter og feil. Konstateres det misligheter ved revisjon eller på annen måte, skal revisor straks melde fra om det i nummerert brev til kontrollutvalget.

Når saksforholdet er nærmere klarlagt skal revisor sende nytt nummerert brev til kontrollutvalget. Revisor skal sende kopi av innberetningen til kommunedirektøren eller kommune-/fylkesrådet.

### *Nummererte brev*

Vi kan gjennom regnskapsrevisjonen finne forhold som ikke blir påpekt i revisjonsberetningen, men vi finner det nødvendig å påpeke i nummerert brev. Slike nummererte brev vil bli sendt til kontrollutvalget med kopi til kommunedirektøren. Nummererte brev som gjelder kommunale foretak sendes med kopi til styret, daglig leder og eventuelt kommunedirektøren. Kontrollutvalget har et ansvar for å påse forhold som er påpekt av revisor blir fulgt opp.

I henhold til kommunelovens § 24-7 skal revisor påpeke følgende forhold i nummererte brev, med kopi til kommunedirektøren:

- a) vesentlige feil som kan føre til at årsregnskapet ikke gir riktig informasjon
- b) vesentlige mangler ved registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger
- c) vesentlige mangler ved den økonomiske internkontrollen
- d) manglende eller mangelfull redegjørelse i årsberetningen for vesentlige budsjettavvik
- e) enhver mislighet

- f) hvorfor han eller hun ikke har skrevet under på oppgaver som kommunen eller fylkeskommunen skal sende til offentlige myndigheter, og som revisor etter lov eller forskrift skal bekrefte
- g) hvorfor han eller hun sier fra seg revisjonsoppdraget.

Revisor skal årlig gi en skriftlig oppsummering til kontrollutvalget om forhold som er tatt opp etter første ledd, men som ikke er rettet opp eller som ikke er tilstrekkelig fulgt opp.

Brev med påpekning av mindre vesentlige feil eller mangler vil bli sendt direkte til administrasjonen.

#### *Uttalelser fra kommunens ledelse*

I forbindelse med årsavslutningen vil vi i henhold til god kommunal revisjonsskikk innhente en skriftlig uttalelse fra ledelsen om fullstendigheten og riktigheten av de opplysninger som gis i årsregnskapet. På samme måte er vi pålagt å innhente skriftlige uttalelser fra ledelsen om kjennskap til eller mistanke om misligheter mv. Disse uttalelsene vil innhentes fra administrasjonen.

### **5. Andre tjenester**

Vår organisasjon har medarbeidere med betydelig kompetanse og praksis innenfor mange fagområder. Dette gjør oss i stand til å yte kompetent veiledning til dere, og som medlem av NKRF og KS Bedrift kan vi også trekke på kompetansen i et stort fagmiljø. Vi bistår gjerne med veiledning innenfor intern kontroll, merverdiavgift, regnskapsføring, budsjetter, lov og forskrifter osv., så langt det lar seg gjøre innenfor vår oppgave som revisor.

Vi håper innholdet i dette brevet samsvarer med kontrollutvalgets forståelse av revisors rolle og ansvarsområder, og vi ser frem til et godt og konstruktivt samarbeid. Hvis noe er uklart eller utvalget har spørsmål, er det bare å ta kontakt.

Stavanger, 07.07.2021

Rogaland Revisjon IKS



Tore Kristensen

Leder regnskapsrevisjon /  
Statsautorisert revisor

| SAKSGANG        |          |            |
|-----------------|----------|------------|
| Utval           | Møtedato | Saksnummer |
| Kontrollutvalet | 27.09.21 | 17/21      |
|                 |          |            |

| Saksansvarleg:  | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 216        |           |

## REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2021

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval tar den framlagde eigenerklæringa dagsett 07.07.21 frå oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen og Silje Nygård, Rogaland Revisjon IKS til orientering.

**Vedlegg:** Revisor si eigenerklæring, dagsett 07.07.21 – Tore Kristensen - rekneskapsrevisjon  
Revisor si eigenerklæring, dagsett 07.07.21 – Silje Nygård - forvaltningsrevisjon

### Saksorientering:

Kommunelova § 24-4 og forskrift om kontrollutval og revisjon kap. 3. §§ 16-21 slår fast at oppdragsansvarleg revisor for kommunar skal være uavhengig til den reviderte verksemd. Forskrifta slår også fast at oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet, jamfør § 3 – «påse.... at regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kap. 2 og 3».

I følge § 24-4 skal den som foreter revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ein slik tilknytning til kommunen at den kan svekke revisor si sjølvstende og objektivitet. I tillegg seier forskrifta §§ 16-21 noko om dei krav som vert stilt for at revisor skal være uavhengig, og dei avgrensingar som gjeld for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

### Vurdering:

I følge forskrifta § 19 skal oppdragsansvarleg revisor **årleg**, og elles ved behov, gje ein skriftleg eigenerklæring av si sjølvstende til kontrollutvalet. Krav til sjølvstende og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som pliktar å leggje fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Revisor gjer i vedlegget greie for si sjølvstende overfor kommunen i samsvar med krava i kommunelova og i forskrifta. Det går fram at det ikkje ligg føre noko som tilseier at valde revisorar frå Rogaland Revisjon IKS ikkje er uavhengig når det gjeld forholdet til Etne kommune. Fråseigna vert gjeve på revisor sitt eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men bli tatt til orientering.

Aksdal, 20.09.21

Odd Gunnar Høie  
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Til kontrollutvalget i Etne kommune

## VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLIG REVISORS UAVHENGIGHET OVERFOR ETNE KOMMUNE

### Innledning

Ifølge kommuneloven § 24-4 skal revisor være uavhengig og ha godandel. Nærmere krav til revisors uavhengighet ogandel følger av forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16-19. Kravene til uavhengighet og objektivitet gjelder for alle som utfører revisjon for kommunen, herunder regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Dette omfatter både oppdragsansvarlig revisor, medarbeidere på oppdraget og eventuelt andre som er engasjert på oppdraget.

Rogaland Revisjon IKS har et kvalitetskontrollsystem i samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1). Kvalitetskontrollsystemet omfatter dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering. Som en del av kvalitetskontrollsystemet har vi rutiner for å følge opp og sikre at revisjonsteamet har tilstrekkelig uavhengighet.

Ifølge kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften § 19 skal oppdragsansvarlig revisor hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. Denne egenvurderingen følger nedenfor.

### OPPDRAGSANSVARLIG REVISORS VURDERING AV UAVHENGIGHET

